



Møteinnkalling

Utval: Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 07.05.2019
Tid: 14:00

ORIENTERING:

- Det vert orientering om utbygging ved Ulsteinvik barneskule

Vi ber om at fråfall vert melde snarast råd til møtesekretæren.

Medlemmer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Varamedlemmer som får saksdokumenta til orientering, får ei særskilt melding når dei skal møte.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte under «Politikk, påverknad og val» på www.ulstein.kommune.no.
Dei kan lesast i servicetorget på rådhuset.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 19/15	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 19/16	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 19/17	MELDINGSSAKER	
RS 19/7	FORVENTNINGSBREV 2019	2019/494
PS 19/18	GNR. 7, BNR. 741. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ HEISKRAV, SÆTRA BARNEHAGE	2018/1398
PS 19/19	ÅRSRAPPORT FOR ULSTEIN KOMMUNE 2018	2019/711

Eventuelt

Ulsteinvik, 30.04.2019

Ottar Kaldhol
leiar

Kari Marie Øvrebø
utvalssekretær

PS 19/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

PS 19/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

PS 19/17 MELDINGSSAKER



Ulstein kommune
Pb. 143
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Forventningsbrev 2019 til kommunane i Møre og Romsdal

På Nyttårskonferansen i januar informerte eg om viktige styringssignal og oppdrag frå nasjonale myndigheiter i 2019. I samband med denne informasjonen sa eg at vi ville sende ut eit forventningsbrev til kommunane for inneverande år, sjå vedlegg.

Målet med forventningsbrevet er å informere om sentrale forventningar og oppdrag frå nasjonale myndigheiter. Vi ønsker med dette å bidra til at Fylkesmannen og kommunane er best mogleg samordna omkring nasjonale føringar og oppdrag.

Forventningsbrevet erstattar ikkje statens fortløpande styringskommunikasjon med kommunane, men er eit bidrag til å ha fortløpande strategisk oversikt over forventningane frå Fylkesmannen og nasjonale myndigheiter. Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa.

Det er etablert fleire møtearenaer for dialog mellom den regionale statsforvaltninga og kommunane. Fylkesmannen møter kommunane gjennom året på slike arenaer, både på politisk og administrativt nivå – og på faglege/tverrfaglege arenaer. Det er viktig for Fylkesmannen å følge opp tett samarbeid og dialog med kommunane.

Fylkesmannen har ei sentral rolle som samordningsorgan for staten på regionalt nivå, er sektormyndigheit på vegne av fleire departement, og utøver forvaltningsoppgåver for fagdepartementa. Fylkesmannen er rettstryggleiksinnsans for innbyggjarane, og er tildelt ei særleg rolle som samordningsmyndigheit overfor kommunane. Det er ut i frå Fylkesmannen si rolle som samordningsmyndigheit at eg har eit særleg ansvar med å formidle nasjonale forventningar til kommunane.

Forventningsbrevet er ikkje uttømmende. Vi viser også til meir informasjon på våre [heimesider](#).

Med helsing

Rigmor Brøste
kst. Fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Forventningsbrev 2019



Mottakere:

Midsund kommune	Kommunehuset, Utsidevegen 131	6475	MIDSUND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Skodje kommune	Rådhuset, Niusvegen 1	6260	SKODJE
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Sandøy kommune	Steinshamnvegen 112	6487	HARØY
Stordal kommune	Kommunehuset	6250	STORDAL
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ørskog kommune	Rådhuset	6240	ØRSKOG
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Fræna kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Nesset kommune	Kråkholmvegen 2	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Haram kommune	Storgata 19	6270	BRATTVÅG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Eide kommune	Rådhuset	6490	EIDE
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Halsa kommune	Rådhuset, Glåmsmyrvegen 23	6683	VÅGLAND
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA



FORVENTNINGSBREV 2019

til kommunane i Møre og Romsdal

Innhald

1	Utfordringsbildet	2
2	Overordna prioriteringar	4
2.1	Overordna samfunnsutvikling	4
2.2	Klima	4
2.3	Berekraftige kommunar	4
2.4	Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge	4
2.5	Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde	4
2.6	Samfunnstryggleik – Innbyggjarane sin eigenberedskap	5
2.7	Møre og Romsdal 2025	5
3	Konkrete oppdrag	5
3.1	Oppvekst og utdanning	5
3.2	Rettstryggleik og beredskap	6
3.3	Klima og miljø	7
3.4	Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel	8
3.5	Plansamordning og kommunal planlegging	8
3.6	Landbruk	9
3.7	Helse og omsorg	10
3.8	Barn og unge	11
4	Oppsummering	12



1 Utfordringsbildet

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Dette gir store utfordringar på ulike samfunnsområde både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Demografi. I åra framover blir det nødvendig å bygge eit velferdssamfunn som kan bære ei aldrende befolkning. Talet på personar i arbeidsfør alder per person over 80 år vil bli redusert frå 15 i 2017 til 10 i 2030. Dei siste fem åra har den demografiske utviklinga gjort at det i snitt har kosta i underkant av 2,5 mrd. kroner ekstra i året å oppretthalde same standard og dekningsgrad i tenestetilbodet frå det eine året til det neste. Berekningar for 10 år fram i tid viser at det årleg vil koste rundt det dobbelte. Det er då for eksempel lagt til grunn at ein 90-åring er like pleietrengande om ti år som i dag. Endringane i demografi og befolkningsammansetning vil slå ulikt ut i kommune-Noreg.

Levekår. Trass gode levekår i Norge i dag, har kommunane likevel utfordringar i å gi alle gode oppvekst- og levekår. Folkehelsearbeidet er grunnmuren i ein kommune for å gi alle barn og unge ein god start i livet gjennom barnehage, læring, utdanning, fritidstilbod og meistring. Det er eit mål at kommunane skal legge til rette for gode leveår for innbyggjarane sine og å utjamne sosial ulikskap. Regjeringa legg i 2019 fram ei ny stortingsmelding om folkehelsepolitikken som del av det systematiske folkehelsearbeidet, samt ein ny opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse.

Sentralisering/urbanisering. Til tross for ein aktiv distriktpolitikk har det i dei seinare åra vore ei sterk sentralisering i Norge. Livet i byane og på landsbygda er forskjellig, og mange unge ønsker ein urban livsstil. Dei større sentra/byane veks mest – og mange mindre kommunar får ei stadig eldre befolkning, dette gjeld også i Møre og Romsdal.

Omstilling og endring. Fleire kommunar og offentlege verksemder tenker nytt og arbeider godt med innovasjon. Samstundes peikar Meld. St. 29 (2016–2017) [Perspektivmeldinga 2017](#) på behov for ei meir effektivisering av offentleg sektor. Arbeidet med innovasjon og spreining av innovasjon må derfor prioriterast, og ein må arbeide systematisk for å få til den omstillingstakta som det offentlege treng framover.

Reformer i offentleg sektor. Regjeringa har gjennomført fleire reformer, blant anna kommune- og regionreforma. Frå 1.1. 2020 vil 119 kommunar bli slått saman til 47 nye kommunar. Kommunereforma har så langt gitt færre kommunar, men likevel vil om lag halvparten av kommunane ha færre enn 5 000 innbyggjarar, og fleire enn 120 kommunar vil ha færre enn 3 000 innbyggjarar. Mange av desse kommunane vil vere sårbare i møtet med dei utfordringane sektoren står framfor. I Møre og Romsdal har vi etter kommunereforma fått redusert talet på kommunar frå 36 til 26.

Kapasitet og kompetanse. Det er store forskjellar mellom kommunane når det gjeld kapasitet og kompetanse til å levere gode velferdstenester, og desse forskjellane vil stadig bli større. Rekruttering av arbeidskraft vil vere ei utfordring for mange kommunar. Andre kommunar vil få ei sterk befolkningsvekst og må kunne handtere store investeringskostnader og krav om rask utbygging av det kommunale tenestetilbodet.



Heilskapleg samfunnsutvikling, berekraftig utvikling og strategisk planlegging.

Mangelen på kapasitet og kompetanse og oppdaterte planar er uheldig fordi samfunns- og arealplanlegging er nødvendig som grunnlag for nærings- og samfunnsutvikling.

Samfunnsplanlegginga blir meir heilskapleg og berekraftig når ein ser større areal og fleire innbyggjarar i samanheng. I vekstkommunar rundt byane vil tettstadsgrenser og pendlingssonar i aukande grad gå på tvers av kommunegrenser. Dette gjer det utfordrande å planlegge og gjennomføre tiltak for betre kommunikasjon, infrastruktur, næringsområde og tenestetilbod.

Digitalisering. Digital deltaking og kompetanse blant innbyggjarane er ein viktig føresetnad for å oppnå verdiskaping og vekst i samfunnet generelt. Norge er langt framme når det gjeld innbyggjarane sin tilgang til og bruk av IKT. Det økonomisk handlingsrommet vil presse fram meire effektive løysningar i kommunesektoren. Offentleg sektor må forenklast og effektiviserast, og arbeidet med innovasjon er viktig. Ny teknologi kan bidra til ein enklare kvardag for folk flest, næringsdrivande og offentleg tilsette, og er avgjerande for å sikre velferd i åra framover.

Samfunnstryggleik og beredskap. Dei to hendingane DSB meiner utgjør størst risiko blant befolkninga er pandemi og legemiddelmangel. Digitale angrep mot kritisk infrastruktur er ei anna type hending med svært alvorlege konsekvensar, eksempelvis angrep mot tele- og datanett og mot finanssektoren. Naturhendingar som jordskjelv, kvikkleireskred, fjellskred, flaum og storm er også analysert i Krisescenarier 2019. Den mest nærliggande utfordringa er auka nedbør og nedbørintensitet, og dermed auka fare for flaum og skred. Mange lokalsamfunn, også i Møre og Romsdal, har dei siste åra fått omfattande skader på grunn av styrtregn og plutsleg flaum i mindre vassdrag. I framtida må vi rekne med at flaum kjem oftare og med større styrke enn i dag. DSB tilrår at kommunane i større grad enn i dag tar omsyn til auka nedbør, og fare for flaum og skred i arealplanlegginga.

Klimatilpassing, grønt skifte. Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturen si eiga tålegrense. Det må skje ein overgang til produkt og tenester som gir mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Samfunnet må igjennom eit grønt skifte. I sum er målet ein endra økonomisk dynamikk eller vekstkraft, ein "ny økonomi", som i seg sjølv er innretta på løysingar som gir låge klimagassutslepp, og reduserer behovet for etterfølgande avbøtande miljøtiltak.

Økonomiske utfordringar. Lågare vekst i bruken av oljeinntektene vil gi mindre økonomisk handlingsrom. Redusert inntektsvekst og auka utgifter som følge av aldring i befolkninga vil sette kommunesektoren sitt handlingsrom under press. Kommunane sine utgifter til velferdstenester aukar som følge av fleire tenestemottakarar, betre tilbod og nye krav frå innbyggjarane. Handlingsrommet i økonomien framover er forventa å bli klart mindre enn det som har vært tilfelle dei siste tiåra.

Samordning, samhandling, samskaping. For å løyse utfordringar knytt til ulike samfunnsområde vil det i sterkare grad enn tidlegare krevje samordning og samarbeid mellom fleire sektorar og på tvers av fagområde. Også i [Fylkesmannens strategiplan 2017-2020](#) er samordningsperspektivet vektlagt gjennom eigne tverrfagleg satsingsområde.



2 Overordna prioriteringar

Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsats og tiltak på ulike samfunnsområde, for å understøtte kommunane sitt arbeid. God måloppnåing på fleire av områda i Fylkesmannen sin oppgåveportefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom fleire sektorar.

2.1 Overordna samfunnsutvikling

Samfunnsutviklinga og arealbruken må bli meir berekraftig, samtidig som verdiskapinga skal auke. Det er ei utfordring å oppnå ei balansert utvikling med attraktive og velfungerande byar og distrikt. Det er viktig å ivareta heilskap og effektivitet i samfunnsplanlegginga gjennom å sjå fleire sektorar i samanheng. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral og skal i 2019 bidra til å identifisere tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet.

2.2 Klima

Klimaendringane truar vårt eksistensgrunnlag og er ei av de største utfordringane vi står overfor.

Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket, skal prioriterast. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir forbetra på, og blir tilpassa eit klima i endring.

2.3 Berekraftige kommunar

Å oppfylle nasjonale krav og forventningar er avhengig av at kommunar har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Mange av fylket sine kommunar har små organisasjonar og store utfordringar med å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å dekke opp alle fagområda. Større kommunar og ein meir einsarta og framtidretta kommunestruktur er ein føresetnad for sterke velferdskommunar som kan gi gode og likeverdige tenester og drive aktiv og heilskapleg samfunnsutvikling no og i framtida. Stortinget har slått fast at det også vidare framover er behov for endringar i kommunestrukturen.

2.4 Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge

Fylkesmannen skal vere pådrivar for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral i dette arbeidet. Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsatsar og tiltak som er retta mot denne målgruppa, for å understøtte kommunane sitt arbeid. Gjennom støtte og rettleiing til kommunane, skal Fylkesmannen bidra til eit samordna tenestetilbod innan fagområda barnehage, grunnopplæring, barnevern, helse, sosiale tenester og arbeidsliv i kommunane. Fylkesmannen vil i 2019 ha eit særskilt fokus på vald i nære relasjonar.

2.5 Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde

Etter valet hausten 2019 er det særleg viktig for Fylkesmannen å ha ein god dialog med dei nye kommunestyra om Fylkesmannen sitt forhold til kommunane, samhandlinga mellom kommunane og Fylkesmannen, og utfordringsbildet for den enkelte kommune. Dette vil kunne legge til rette for gjensidig å forstå kvarandre sitt arbeid, og halde god kontakt og oppfølging gjennom heile valperioden. Ny [kommunelov](#) blei vedtatt i Stortinget i juni 2018.



2.6 Samfunnstryggleik – Innbyggerane sin eigenberedskap

Fylkesmannen skal samordne og legge til rette for gode arenaer for samarbeid om samfunnstryggleik i fylket. Dette blir gjort gjennom informasjonsutveksling, felles plan- og kunnskapsgrunnlag om risiko og sårbarheitsutfordringar i fylket, og samarbeid om tiltak for å forebygge, styrke beredskap og krisehandteringsevna. I dette ligg også ei vidareutvikling av totalforsvaret, og det sivil-militære samarbeidet regionalt.

2.7 Møre og Romsdal 2025

Møre og Romsdal fylkeskommune er prosjekteigar og Fylkesmannen deltek i prosjektet Møre og Romsdal 2025, og ønsker at kommunane aktivt deltek i å operasjonalisera målsettingane i prosjektet i 2019 og framover. Det overordna målet er at Møre og Romsdal skal vere ein tydelegare og sterkare region i det nye regionlandskapet. Målsettinga er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal blir betre samordna og bidreg til vekst og utvikling

Prosjekt Møre og Romsdal 2025 vil også inngå i det pågåande arbeidet med [regional planstrategi](#) og Fylkesplan 2020-2024. Regional planstrategi og fylkesplanen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag, samt vere grunnlag for god samhandling og samvirke mellom desse.

3 Konkrete oppdrag

Her kjem nærare omtale av Fylkesmannen sine forventningar knytt til ulike fagområde.

3.1 Oppvekst og utdanning

Desentralisert kompetanseutvikling i skule og barnehage. Det er viktig at kommunane har gode planar for kompetanseutvikling slik at tiltaka dekkjer det reelle behovet som skulane har. Vi har etablert eit samarbeidsforum i fylket som består av representantar frå dei ulike regionane der tiltak blir drøfta - og midlar blir fordelt.

Det er ei tilsvarande ordning for barnehage – men den ordninga omfattar både formell vidareutdanning og etterutdanning. Det betyr at barnehageeigarane må kartlegge kompetansebehovet i barnehagane slik at samarbeidsforumet kan tildele midlar til slik utdanning.

Barnehageeigarane og skuleeigarane har ansvaret for at det blir utarbeidd langsiktige utviklingsplanar på kvalitets- og kompetanseutviklingsområdet basert på det lokale kunnskapsbehovet i dei regionale samarbeidsfora for barnehage og skule/opplæring.

Tidleg samordna innsats. Tidleg samordna innsats er eit hovudmål for å gi barn og unge best mogleg teneste - det gjeld særleg barn og unge som er sårbare. Vi ser at det er stadig fleire elevar som har skulevegring fordi skulen ikkje har klart å tilpassa opplæringa, og dei har gjerne fått støtte og hjelp for seint. Innsatsen må setjast inn tidleg, ofte i barnehagen og dei må få meistringserfaring og tru på seg sjølve. Ei særleg utsett gruppe er barn og unge som er under tiltak frå barnevernet.

Fagfornynging i skule /rammeplan i barnehagen. Frå august 2020 får vi nytt læreplanverk for grunnskulen. Å implementere eit heilt nytt læreplanverk er ei utfordring for skuleverket for det



tar tid så det er viktig at skuleeigarane legg til rette for å begynne arbeidet no. Barnehagane har fått ny rammeplan og ein er i full gang med å implementere den.

Formell utdanning for lærarar. Nye krav til kompetanse for lærarar blir lovfesta i 2025. Staten har gode vikar- og stipendordningar for lærarar slik at dei kan ta formell utdanning i åra som kjem. Kommunane må ha oversikt og planar over lærarkompetansen slik at skuleeigar sikrar at lærarane får den nødvendige kompetansehevinga og får utnytta desse gunstige vikar- og stipendordningane.

Skulemiljø. Opplæringslovas kap. 9a slår fast at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». I 2018 fekk Fylkesmannen i Møre og Romsdal 44 meldingar om elevar som ikkje hadde det trygt og godt på skolen. Vi behandla 39 saker. Av desse konkluderte vi med brot på aktivitetsplikta i 25 saker. Det er viktig at skuleeigarane legg til rette for kompetanseheving i skulemiljø for å gi elevane eit trygt og godt skulemiljø. Skulane bør arbeide førebyggjande og systematisk for å sikre barn og unge eit trygt og godt skulemiljø. Det finst ei rekke kompetanse utviklingstiltak som kan gjennomførast.

Barnevernsområdet. Barn i barnevernet er ei sårbar gruppe i samfunnet vårt, og det er klare krav om at kommunane skal behandle sakene innan dei fristane som er fastsett i barnevernlova. Fosterbarn har lovfesta rett til oppfølging frå barnevernet og kommunen skal føre tilsyn med fosterheimen. Rapporteringa frå kommunane viser ei positiv utvikling dei siste åra, men mange kommunar prioriterer enno ikkje dette arbeidet høgt nok. I år vil Fylkesmannen ha ein særleg tett dialog med desse kommunane. Alle fosterbarn skal få den oppfølginga dei har krav på frå barnevernet i 2019.

Alle kommunane skal sikre innbyggjarane tilgang til akuttberedskap i barnevernet alle dagar heile året. Ved årskiftet var det sju kommunar i fylket som ikkje hadde etablert eit slik tilbod. Fylkesmannen veit at desse kommunane er inne i ein prosess for å etablere akuttberedskap, og ser fram til at dette blir eit tilbod i alle kommunane i løpet av 2019.

Barnevernfeltet er fagleg utfordrande og det blir utvikla stadig ny kunnskap. Nettverka planlegg og gjennomføre utviklingsprosjekt som skal vidareutvikle både tenestene og tiltaka retta mot utsette barn i fylket. Fylkesmannen forventar at læringsnettverka bidrar til styrka kvalitet og kompetanse i det kommunale barnevernet.

3.2 Rettstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik. Fylkesmannen har ei forventning om at kommunane arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap innanfor alle sektorar i kommunen. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal ligge til grunn for alt arbeid med samfunnstryggleik, og Fylkesmannen forventar at kommunen nyttar sine planar og prosessar til å integrere relevante funn avdekka i ROS-analysen. Kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er alle døme på planar der samfunnstryggleiksarbeidet bør integrerast. Ved å integrere samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen sine planar og prosessar sikrar kommunen god forankring og oppfølging av ROS-analysen. Dette gjer at naudsynte tiltak for å redusere at avdekt risiko kan prioriterast, og at det blir etablert beredskapsplanar for risikoområder der det ikkje er mogleg å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå gjennom førebyggjande tiltak.



Klagebehandling etter plan- og bygningslova. I klagebehandlinga etter plan- og bygningslova ser vi ofte at det ikkje er samsvar mellom reguleringsføresegnene, og plankartet. Dette skaper utfordringar når reguleringsplanen skal nyttast som grunnlag i byggesaksbehandlinga. Det er ei forventning frå Fylkesmannen at byggesakskompetansen i kommunane blir kopla på tidleg i planprosessen slik at ein sikrar at reguleringsplanane blir praktiske verktøy i byggesaksbehandlinga.

3.3 Klima og miljø

Klima – utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. Det er ei klar forventning om at kommunane skal prioritere arbeidet med klima. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, samt effektivisere og legge om sin energibruk. Kommunane skal planlegge tiltak for eigen drift og verksemd.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing gir retningslinjer for kommunane sitt arbeid med klima. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved:

- planlegging etter plan- og bygningslova
- ved enkeltvedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovgiving

Spreiing av miljøgifter - forureina grunn i byggje- og gravesaker. Eit terrenginngrep i forureina grunn aukar risikoen for at menneske blir eksponert for forureining, og aukar risikoen for at ureininga spreier seg i miljøet. Det er naudsynt å rydde i forureininga før utfylling og utbygging på ei tomt, for å unngå problem seinare. Kommunen er styresmakt i bygge- og gravesaker i ureina grunn. Regelverket skal sørge for at bygging og graving i forureina grunn ikkje fører til forureining, og at det blir rydda opp slik at eigedomen kan brukast til det planlagde føremålet.

Forureiningsforskrifta kapittel 2 om bygging og graving i forureina grunn gjeld der det skal gjerast terrenginngrep i forureina grunn:

- Hovudregelen er at ein reknar grunn der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff er over normverdien som forureina, jamfør vedlegg 1, kapittel 2 av forureiningsforskrifta.
- Grunn der konsentrasjonen av uorganiske helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overstig det lokale bakgrunnsnivået, reknar ein likevel ikkje som forureina. Unntak gjeld der jorda eller berggrunnen dannar syre i kontakt med vatn og luft, som til dømes alunskifer.
- Merk at regelverket òg gjeld for gravearbeid og terrenginngrep der ein ikkje har søknadsplikt i følgje plan- og bygningslova.

Stader der det kan vere naturleg å undersøke for grunnforureining

- Eigedomar som har blitt brukt til industriverksemd eller avfallshandtering
- Eigedomar der har blitt utført fleire rivingsarbeid og rehabilitering av bygningar
- Branntomter
- Eigedomar med restforureining frå tidlegare oppryddingstiltak
- Eigedomar som ligg inntil eller nedstraums for eigedomar som er forureina
- Eigedomar med alunskifer i grunnen
- I eldre og sentrale delar av byar

Naturmangfaldlova i planprosessar. Når kommunen utarbeider og vedtar arealplanar som kan omfatte naturmangfald, skal ein bruke reglane om berekraftig bruk i naturmangfaldlova kapittel II. Dette gjeld også i behandling av planforslag frå private aktørar. Vurderingane om berekraftig bruk skal ein gjere på alle plannivå. Dette gjeld regionale planar, kommune(del)planar,



reguleringsplanar og enkeltsaker. Omfanget av vurderingane varierer, avhengig av plannivå. Dette må sjåast i samanheng med kor sterke føringar planen vil gi for framtidig disponering av areal som har konsekvens for naturmangfaldet.

Kunnskap om økosystem, naturtypar og artar, faktorar for påverknader av planane på naturmangfaldet, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak er noko som skal vere vurdert.

E-læringskurs for bruk av naturmangfaldlova. Det er utarbeidd et eige e-læringskurset spesielt for tilsette i kommunane. Kurset er gratis og tar omlag 1,5 time å gjennomføre.

3.4 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel

Kommuneøkonomi. I 2019 vil tal på Robek-kommunar i Møre og Romsdal vere rekordlågt, med mest sannsynleg berre ein kommune på lista. I ny kommunelov, som er gjeldande frå hausten 2019, er det viktig at kommunestyret vedtar finansielle måltal som eit verktøy for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Fylkesmannen tilrår at kommunane set seg mål om eit netto driftsresultat av brutto driftsinntekter på minimum 1,75 prosent (jf. tilråding frå Teknisk Berekningsutval), bygger seg opp eit disposisjonsfond over tid på minst 5-10 prosent av brutto driftsinntekter som ein buffer for uførutsette hendingar, samt har eit forsvarleg gjeldsnivå. Fleire av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet i lånegjeld, og vi har kommunar som ligg heilt i landstoppen når gjelda blir samanlikna med driftsinntektene (brutto gjeldsgrad). Det er viktig å legge til rette for berekraftige kommunar som er økonomisk robuste for framtida.

KOSTRA I 2019 vil det vere fokus på at kommunane i Møre og Romsdal rapporterer korrekte tall i KOSTRA, slik at tala er pålitelege og samanliknbare.

Skjønnsmidlar Skjønnsmidlane frå Fylkesmannen hadde ei total ramme på 64,7 millionar for 2019. Om lag 61,5 millionar av desse er fordelt og vi har igjen ein krisepott på 3,2 millionar. Vi veit ikkje endeleg ramme for 2020 før i august. I tillegg blir det sett av ein pott på om lag 5 millionar til innovasjon og utvikling gjennom prosjektskjønnet. Søknadsfristen vil vere den 1. juni 2019, og det vil bli sendt ut søknadsbrev i løpet av mars 2019.

- **Skjønnsmiddel - prioriterte område**

Dette omfattar *Ressurskrevjande tenestemottakarar, Barnevern, Språkdeling, Kompensasjon differensiert arbeidsgivaravgift*

- **Prosjektskjønn - prioriterte område**

Dette omfattar *Velferdsteknologi, Nye kommunar, Barnevernsvakt, Helseplattforma, Kommunal planstrategi og samfunnsplan, Ny modell for kompetanseutvikling for barnehage og skole, Folkevaldopplæring*

3.5 Plansamordning og kommunal planlegging

Viktige styringssignal Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Fylkesmannen er høyringsinstans for alle kommunale plansaker etter plan- og bygningslova. Alle fagavdelingane hos Fylkesmannen bidrar her med innspel til våre samordna høyringsbrev til kommunane. Dette opnar vidare for dialog og samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunane.



Kommunale plansaker hos Fylkesmannen gir grunnlag for nærare vurderingar av utfordringar og prioriteringar i lys av Fylkesmannen sitt samla [embetsoppdrag](#); sjå henvisningar. Dette er vidare utdjupa gjennom [Virksomhets- og økonomiinstruksen](#) (VØI 2019) og [Tildelingsbrevet](#) (TB 2019), sjå henvisningar.

I kapitlet om overordna og tverrsektorielle prioriteringar i TB 2019 blir det m.a. peika på at: «*God måloppnåelse på flere av områdene i fylkesmannsembetenes portefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom flere sektorer. Det gjelder blant annet for området arealforvaltning og by- og samfunnsutvikling. Samfunnsutviklingen og arealbruken må bli mer berekraftig, samtidig som verdiskapingen skal øke. Det er en utfordring å oppnå en balansert utvikling med attraktive og velfungerende byer og distrikter. Det er viktig å ivareta helhet og effektivitet i samfunnsplanleggingen gjennom å se flere sektorer i sammenheng. Fylkesmannen sin samordningsrolle er sentral. Fylkesmannen skal i 2019 fortsatt bidra til å identifisere tiltak for mer effektive planprosesser og bedre plankvalitet.*»

Nasjonale forventningar og ny runde med kommunale planstrategiar Regjeringa utarbeider kvart fjerde år nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging knytt til inneverande kommunestyreperiode; jf. plan- og bygningslova § 6-1. Nye nasjonale forventningar vil bli sendt ut i løpet av våren 2019. Formålet med dei nasjonale forventningane er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden.
- det skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir viktige rammer og føringar for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2024. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre hausten 2019. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane gir kommunane nyttig oversikt over eigen planportefølje sett i forhold til status, utviklingstrekk og utfordringar på viktige samfunnsområde. Vi ser vidare at kommuneplanen som strategisk styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel

Alle kommunane i fylket er tildelt skjønnsmidlar for 2019 knytt til arbeidet med kommunale planstrategiar og til påfølgjande arbeid med oppstart av ny hovudrullering av kommuneplanens samfunnsdel. Fylkesmannen vil i 2019 prioritere tett oppfølging av dette arbeidet i samarbeid med fylkeskommunen og dei einskilde kommunane.

3.6 Landbruk

Generelt om landbruksoppdraget. Fylkesmannen er statleg sektormyndigheit regionalt på landbruks- og matområdet, og eit viktig bindeledd mellom stat og kommune i gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken. Fylkesmannen legg derfor vekt på å ha god kontakt med kommunane i fylket. Kommunane er ein særskilt viktig aktør når den nasjonale landbrukspolitikken



skal setjast ut i livet. Kommunane er førsteinstans for mange av tilskotsordningane, og for særlovene i landbruket. Det er derfor viktig at kommunane har landbruksfagleg kompetanse.

Effektiv tilskotsforvaltning. Kvart år blir det utbetalt store tilskotsbeløp til landbruket i fylket (jordbruk og skogbruk). Her er produksjonstilskotet det klart viktigaste. Produksjonstilskotet består egentleg av fleire tilskotsordningar, i sum utgjør desse utbetalingar årleg om lag 690 millionar kroner i Møre og Romsdal. Kommunane har viktige oppgåver som både kunnskapsformidlar, sakshandsamar og kontrollinstans. Vi minner vidare om at nytt regionalt bygdeutviklingsprogram trer i kraft frå 1. januar 2019.

Areal og jordvern. Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 daa per år. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjennom vedtak av landbruksmeldinga (juni 2017) vedtatt ei målsetjing om at omdisponering av dyrka jord skal vere under 200 daa årleg. Landbruks og matministeren har i brev av 1. oktober 2018 klargjort jordvern som nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunane si planlegging. Det er viktig at kommunane tar omsyn til desse styringssignala når arealsaker blir behandla.

Eigarar av jordbruksareal har plikt til å drive jorda (jordlova § 8), og kommunen har ansvar for at driveplikta blir følgt opp. Driveplikta kan ivaretakast ved at eigaren driv jorda sjølv eller ved å leige bort arealet til ein aktiv bonde, i sist nemnde tilfelle er det i utgangspunktet krav om ein leigekontrakt på 10 år. Driveplikta tar omsyn til fleire viktige samfunnsomsyn, jordbruket sitt behov for ein føreseieleg tilgang på arealressursar, beredskap (ta vare på jorda sin produksjonsevne) og kulturlandskapsomsyn.

Skog. Møre og Romsdal er blitt eit fylke med betydeleg skogproduksjon. Skogreisinga på 1950 og -60 talet gjer at det er store mengder gran som er klar til avvirking. Etter hogsten har skogeigar ei plikt til å få opp ny skog (skogloven). Kommunane skal etter skogloven sjå til at skogeigaren oppfyller plikta dei har til å fornye skogen.

3.7 Helse og omsorg

Bustad og oppfølging i bustad. Bustadsosiale omsyn skal vere med i kommunal planlegging. Handlingsplanen [Bustad for velferd 2018-2020](#) presiserer to viktige tiltak: 1) heilskaplege tilbod av bustadar og oppfølgingstenester for rusavhengige og menneske med psykisk lidning og 2) at vanskelegstilte barnefamiliar bur i eigna bustad. I tillegg til desse to, vil vi også vise til 3) behovet for planlegging av bustadar for ein stadig større prosentdel eldre i befolkninga.

Dei sosiale tenestene i NAV. Vi vil minne spesielt om aktivitetsplikten for personar under 30 år og retten til kvalifiseringsprogram. Vi viser også til brev til kommunane frå Arbeids- og velferdsdirektoratet 11.02.19: [Nasjonale mål og forventningar for de sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga 2019](#).

Velferdsteknologi og elektroniske meldingssystem. Alle kommunane i fylket har signert intensjonsavtale om innføring av den nye [Helseplattforma](#), som vil bli ei stor endring og forbetring av kommunikasjon mellom ulike nivå i helsetenestene.

Dagaktivitetstilbod for personar med demens. Alle kommunar skal ha tilrettelagte dagtilbod for personar med demens innan utgangen av 2019. Slike tilbod er avgjerande for at personar med



Akuttmedisinforskrifta. Kompetansekrava for legar i vakt skal vere oppfylt frå 1.1.2020. Overgangsordningane er forlenga. Kommunane skal planlegge opplæring for alle legar i vakt som skal ha grunnkompetanse etter §7 første ledd i akuttmedisinforskrifta. Overgangsordninga for krav til gjennomført kurs i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering er forlenga til 1. mai 2021. Krav til grunnkompetanse for personell som bemannar legevaktsentralane etter § 13 bokstav f skal uendra vere oppfylt innan 1. mai 2018. Krav til utstyr for lydopptak i legevaktsentralar som fastslått i § 13 bokstav e gjeld frå det tidspunktet innføringa av naudnett er slutført i alle kommunar.

LIS1-legar. Det er regjeringa sitt mål å auke talet på LIS1-stillingar for å imøtekomme rekrutteringsutfordringane. I dag er det underskot på kommunale LIS1-stillingar i fylket. Fylkesmannen ber difor kommunane jobbe aktivt med å opprette nye stillingar.

Leve heile livet – i kommunal planlegging. Dette er ei kvalitetsreform for eldre i aldersgruppa 65+ jf. *Meld. St. 15 (2017-2018)*. Planperioden er 2019-2023 og hovudmålet er å legge til rette for aldersvenlege lokalsamfunn. Det er ei klar forventning om at kommunane vurderer status i eigen kommune, prioriterer aktuelle tiltak og integrerer desse i planverket i løpet av 2019/2020. Det regionale støtteapparatet; Fylkesmannen, KS og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester, vil tilby støtte i form av nettverk, kurs og samlingar. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert innan etablerte og nye tilskotsordningar.

Ny varselordning. Det er vedteke utviding av varslingsplikta til Statens Helsetilsyn til å gjelde alle helse- og omsorgstenester. I tillegg får pasientar og pårørande også rett til å varsle. For kommunale og private helse- og omsorgstenester blir denne plikta sett i verk hausten 2019.

Vald i nære relasjonar. Kommunane er etter Helse- og omsorgstenestelova forplikta til å ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal leggje til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebyggje og avverje vald og seksuelle overgrep.

Kommunale eller interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar skal bidra til at kommunane har fokus på vald og overgrep og at involverte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod.

3.8 Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har valt barn og unge som satsingsområde, og ønsker at dette skal gjenspeglast i kommunane. Fylkesmannen har ansvar for heilskapleg samhandling om barn og unge sin oppvekst, utvikling og læring og forventar at kommunane arbeider målretta for meir tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for utsette barn og unge og familiane deira. Kommunal samhandling er også nødvendig i arbeidet med helsefremming og førebygging for alle barn og unge. Fylkesmannen vil støtte opp under tverrfagleg samarbeid på ulike måtar gjennom tilskot eller fagleg kompetanse.

Barnekonvensjonen fyller 30 år i 2019. Fylkesmannen oppmodar alle kommunar til å finne sin måte å markere dette på. Retten til medverknad er ein av grunnpilarane i barnekonvensjonen. Kommunane må legge til rette for at barn og unge skal kunne få ein aktiv og reell stemme i avgjersler som angår dei, både som enkeltindivid og generelt.

Dei fleste kommunane i fylket har ungdomsråd. I ny kommunelov er desse lovfesta på lik linje med eldreråd og råd for menneske med funksjonsnedsetting. Fylkesmannen forventar at



kommunane som ikkje har dette legg til rette for at det skal kome i gang i eigen kommune. Vidare forventar vi at kommunen gir ungdomsråda den oppfølging dei treng for å fylle den funksjonen dei er tiltenkt.

Nær alle kommunar tok i 2015 del i kartlegging av oppvekstvilkår for barn og unge i regi av Fylkesmannen og Fylkesmannen. Resultat får kartlegginga «[Barnebyks](#)» saman med [UngData](#)-undersøkinga og [folkehelseprofilane](#) som i år omhandlar barn og unge, gir til saman eit god bilde av situasjonen og sårbare område i eigen kommune. Fylkesmannen forventar at slike oversikter blir lagt til grunn i arbeidet med kommunane sine planar og strategiar.

4 Oppsummering

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Samordning og samarbeid mellom fleire nivå, sektorar og fagområde vil vere ein viktig føresetnad for å løyse dei utfordringane kommunane står overfor.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Viktige nasjonale styringssignal blir her formidla til kommunane gjennom dialog og samarbeid på ei rekke ulike arenaer.

Det er ei utfordring i fylket å oppnå ei balansert utvikling i både byane og distrikta, difor må samfunnsutviklinga og arealbruken bli meir berekraftig og verdiskapinga auke. I dette bildet må ein ta omsyn til klimaendringane, og som følge av det ei bevisst satsing på klimatilpassingar.

Arbeidet med å styrke barn og unge sine oppvekstvilkår er særst viktig, og det må leggest til rette for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse for utsette barn og unge.

Mange av kommunane i fylket slit med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på fleire fagområde. Ut i frå utfordringsbildet er det viktig at kommunane ser på sine sterke og svake sider, og tar reelle diskusjonar om behovet for strukturendringar – og der det ligg til rette for det – kommunesamanslåingar.

I utfordringsbildet er det også viktig å legge til rette for gode arenaer for samfunnstryggleik i fylket gjennom god informasjonsutveksling og ei felles plan- og kunnskapsgrunnlag omkring risiko- og sårbarheitsutfordringane i fylket.

FN sine [berekraftmål](#) ei felles erklæring for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og motverke klimaendringane innan år 2030. Erklæringa inneheld 17 mål for å oppnå ei berekraftig framtid. Berekraftmåla blir i aukande grad brukt som rammeverk for både kommunale og regionale planar. Berekraftomgrepet blir ofte sortert etter tre dimensjonar; miljø og klima, samfunn og økonomi.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arild Støylen

Arkivsak: 2018/1398

Løpenr.: 6950/2019

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
19/18	Fellestrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne Teknisk utval	07.05.2019

GNR. 7, BNR. 741. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ HEISKRAV, SÆTRA BARNEHAGE

Saka gjeld:

I samband med at Sætra barnehage ønskjer å ta i bruk delar av 2. etasje som barnehageareal, er det søkt om dispensasjon frå heiskravet i byggteknisk forskrift (TEK17) § 12-3. Då eit unntak frå krav om heis vil kunne verke ekskluderande og diskriminerande av både born og tilsette i barnehagen i høve funksjonsnivå, tilrår kommunalsjef teknisk å avslå søknaden.

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

Teknisk utval finn ikkje grunnlag for å dispensere frå heiskravet i byggteknisk forskrift (TEK17) § 12-3 i høve bruksendring av 2. etasje i Sætra barnehage, jf. søknad frå Conplan AS datert 06.02.2019.

Utvalet vurderer saka slik at eit unntak frå krav om heis i denne bygningen vil kunne verke ekskluderande og diskriminerande i høve dei ulike funksjonsnivå som både born og tilsette i barnehagen kan ha. Ein dispensasjon vil difor kunne vesentleg tilsidesette omsyna som ligg til grunn for heiskravet. Fordelane ved å gje dispensasjon vert dermed ikkje klart større enn ulempene, jf. dispensasjonsreglane i plan- og bygningslova § 19-2. Eit avslag på søknaden er også i samsvar med uttalanane frå fylkesmannen, fylkeskommunen og Norges Handikapforbund.

Saksfakta:

Conplan AS har på vegne av Sætra barnehage søkt om dispensasjon frå heiskravet i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 12-3 i samband med søknad om bruksendring for delar av 2. etasje frå kontor til tilleggsareal barnehage. Det er i søknaden opplyst at bruksendringa vil gje barnehagen 57,5 m² meir leike- og opphaldsareal.

I 2002 vart bygningen godkjent og det vart då gjeve mellombels dispensasjon frå kravet om universell utforming slik at orienterings- og rørslehemma kan arbeide i heile bygningen, jf. TEK97 § 10-31, på bakgrunn av at 2. etg. i ein avgrensa periode skulle nyttast til anna formål enn barnehage. Aktuelt areal som skal bruksendrast til barnehageareal har vore utleigd som kontor med eigen tilkomst til/frå terreng. Bygningen har totalt to etasjar.

Søkjar argumenterer blant anna med at barn med funksjonshemming vil få eit fullverdig tilbod i 1. etg. Det er heller ikkje planar om å auke barnetalet i barnehagen, og det ligg difor ikkje til rette for ei slik investering som heis medfører.

Søknaden har vore til uttale hos fylkesmannen, fylkeskommunen og Norges Handikapforbund. Alle tre rår kommunen i frå å gje dispensasjon, med vising til mellom anna at eit unntak frå heiskravet vil kunne verke diskriminerande.

Saka går til uttale hjå fellestrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (FEM) to dagar før møtet i teknisk utval. Det vert lagt til grunn at uttalen frå FEM vert elektronisk formidla til medlemmane i teknisk utval før møtet eller framlagt i møtet.

Vurderingar og konklusjon:

Administrasjonen vurderer saka slik at eit unntak frå krav om heis i denne bygningen vil kunne verke ekskluderande og diskriminerande i høve dei ulike funksjonsnivå som både born og tilsette i barnehagen kan ha. Ein dispensasjon vil difor kunne vesentleg tilsidesette omsyna som ligg til grunn for heiskravet. Utvalet vurderer dermed fordelane ved å gje dispensasjon til å ikkje vere klart større enn ulempene, jf. dispensasjonsreglane i plan- og bygningslova § 19-2. Eit avslag på søknaden er også i samsvar med uttalane frå fylkesmannen, fylkeskommunen og Norges Handikapforbund.

Administrasjonen meiner at når arealet i 2. etg. no skal takast i bruk til barnehage, ligg det difor føre eit heiskrav som må stettast, noko som søkjar burde vere inneforstått med, jf. saka frå 2002.

Folkehelse- og miljøkonsekvensar: Ein dispensasjon vil kunne verke diskriminerande.

Økonomiske konsekvensar: Ikkje for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen endringar.

Vedlegg:

- 1 Søknad om dispensasjon frå heiskravet
- 2 Situasjonsplan, Sætra barnehage
- 3 Plan 2. etasjen
- 4 Teikningar, eksisterande situasjon
- 6 Dispensasjon frå heiskrav i barnehage - TEK17
- 7 Uttalelse vedrørende bruksendring barnehage
- 7 Bruksendring tilleggsareal Sætra barnehage - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan
- 8 Moment til vurdering

Arne Runar Vik
Kommunalsjef teknisk

Anita Sundnes
Leiar plan- og bygningsavd.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ULSTEIN KOMMUNE
TEKNISK ETAT v/ Arild Støylen

6065 ULSTEINVIK

06.02.2019

**VEDRØRENDE SØKNAD OM BRUKSENDRING FRA KONTOR TIL TILLEGGSAREAL
BARNEHAGE FOR GNR 7 BNR 741 I ULSTEIN KOMMUNE.**

Sætra Barnehage as søker om bruksendring for deler av 2.etasjen i bygget på oyernevnte gnr/bnr. Arealet ble først godkjent til kontorarealer, senere – sommeren 2014 – godkjent som leke- og oppholdsareal for barnehagen. I september 2018 ble det oppdaget at siste godkjenning manglet en formell bruksendringssøknad, derfor denne søknad.

Det søkes videre om dispensasjon fra kravet om heis.

Bruksendringa for 2.etasje, gir oss 57,5m² mer leke- og oppholdsareal.

Det tiltakshaver ønsker er at barna skal få gå opp til 2.etasje inne i bygget og bruke dette arealet som på alle måter er tilrettelagt for barna.

Tiltakshaver har ingen planar om å utvide barnetallet no, men siden tiltakshaver får så pass mye tilleggsareal, vil en at det også blir vurdert en eventuell økning på 5 barn. Godkjent barnetall blir da 49 barn for Sætra barnehage, en økning som vi kan vurdere for framtida.

I tida som har gått etter første godkjenning, har vi hatt 1 barn med multihandikap, og en voksen med sterk bevegelseshemming. Begge var avhengige av å bruke rullestol.

Barnet brukte areala i 1. etasje sammen med de andre barna, og den voksne hadde sin arbeidsplass i 2.etasje. Dette fungerte meget godt.

Medarbeidere med funksjonshemming er meget sjelden i en barnehage. En kan kun tenke seg at dette eventuelt kan være en administrasjonsmedarbeider, og følgelig ligger arbeidsplassen i 2.etasje med god tilgang for menneske med funksjonshemminger.

Barn med funksjonshemming ville naturlig blitt organisert med et fullverdige tilbud i 1. etasje.

Vi søker derfor om dispensasjon for kravet om heis, for å få bruke dette gode arealet, som er ei kvalitetsøkning for barnehagen. Siden en ikke har til hensikt å utnytte økningen av areal tilsvarende i barnetall, ligger det heller ikke til rette for en investering i den størrelsesorden det her blir snakk om for å kunne etablere en heis.

Dersom noe er uklart ta kontakt med undertegnede.

Med vennlig hilsen
Conplan as



Idar Moldskred
- daglig leder -





Situasjonsplan Sætra barnehage

Dato: 15.02.2019


Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N







FASADE MOT SØRØST




FASADE MOT SØRVEST


ANMELDELSESTEGNINGER FOR ONGLASÆTRA BARNEHAGE ER UTARBEIDET
PÅ GRUNNLAG AV TEGNINGER FRA SIV. ARK. LIV MØLLER-CHRISTENSEN.

REV. INDEKS:	ANT.:	ENDRINGEN ØJELDER:	SIGN.:	DATO:
A	ANT.:	DIV. ENDRINGER	MM	30.09.02
TILTAKSHAVER:		STATUS:	ANMELDELSE STEGNINGER	
BYGGEFIRMA: BOLIGSENTERET AS PB 14 6067 ULSTEINVIK		PROSJEKT:	BARNEHAGE I ONGLASÆTRA	
		TEGNINGEN VISER:	FASADER	
GR.FL: 300,6 m ²	BRA: 509,5 m ²	BA: m ²	BYA: m ²	MÅLESTOKK: 1:100
				G. NR:
		PB 161 7223 MELHUS Tlf. 72856900 www.norgeshus.no		BR. NR:
		PROSJEKTNR.:	TEGNING. NR.:	REV.:
		02-236	IC-23	

TEGNINGEN ER BESKYTTET ETTER LOV OM OPPHAVSRETT OG SKAL IKKE BENYTTES UTEN VÅR TILLATELSE





FASADE MOT NORDVEST




FASADE MOT NORDØST

ANMELDELSESTEGNINGER FOR ONGLASÆTRA BARNEHAGE ER UTARBEIDET
PÅ GRUNNLAG AV TEGNINGER FRA SIV. ARK. LIV MØLLER-CHRISTENSEN.


REV. INDEKS:	ANT.:	ENDRINGEN OJELDER:	SIGN.:	DATO:
A	ANT.:	DIV. ENDRINGER	MM	30.09.02
TILTAKSHAVER:		STATUS: ANMELDELSESTEGNINGER	TEGN AV: MM	DATO: 19.09.02
BYGGEFIRMA: BOLIGSENTERET AS PB 14 6067 ULSTEINVIK		PROSJEKT: BARNEHAGE I ONGLASÆTRA	KONTR. AV:	DATO:
		TEGNINGEN VISER: FASADER	GODKJ. AV:	DATO:
GR.FL: 300,6 m ²	BRA: 509,5 m ²	BA: m ²	BYA: m ²	MÅLESTOKK: 1:100
				G. NR:
		PB 161 7223 MELHUS Tlf: 72856900 www.norgeshus.no		BR. NR: Alle mål i millimeter
		PROSJEKTNR.: 02-236	TEGNING NR.: IC-22	REV.:

TEGNINGEN ER BESKYTTET ETTER LOV OM OPPHAVSRETT OG SKAL IKKE BENYTTES UTEN VÅR TILLATELSE



24 JUL 2003

Ark. kode P
Ark. kode S
Kass. år



TEGNINGER FOR ONGLASÆTRA BARNEHAGE ER UTARBEIDET PÅ GRUNNLAG AV TEGNINGER FRA SIV. ARK. LIV MØLLER-CHRISTENSEN.

REV. INDEKS:	ANT.:	ENDRINGEN GJELDER:	SIGN.:	DATO.:
TILTAKSHAVER:		STATUS: SOM BYGD TEGNING	TEGN AV: MM	DATO: 24.07.03
BYGGEFIRMA: BOLIGSENTERET AS PB 14 6067 ULSTEINVIK		PROSJEKT: BARNEHAGE I ONGLASÆTRA	KONTR. AV:	DATO:
		TEGNINGEN VISER: PLAN 2. ETASJE	GODKJ. AV:	DATO:
		GR.FL: 300,6 m ²	BRA: 509,5 m ²	BA: m ²
			BYA: m ²	MÅLESTOKK: 1:100
		G. NR:		Alle mål i millimeter
		BR. NR:		
		PROSJEKTNR.: 02-236		TEGNING. NR.: IC-51
		PB 161 7223 MELHUS Tlf 72856900 www.norgeshus.no		REV.:

TEGNINGEN ER BESKYTTET ETTER LOV OM OPPHAVSRETT OG SKAL IKKE BENYTTES UTEN VÅR TILLATELSE



Ulstein kommune
Pb. 143
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Ulstein kommune

Dispensasjon frå heiskrav i barnehage - TEK17

Fylkesmannen har mottatt sak for uttale som gjeld søknad om dispensasjon frå krav til heis i byggteknisk forskrift § 12-3 i samband med søknad om bruksendring for deler av 2. etasje frå kontor til tilleggsareal barnehage.

Kommunen er lokal barnehagemynde. Kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane drivast i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 8. Fylkesmannen vurderer at kommunen som barnehagemynde sjølv må vurdere om barnehagen skal få innvilga søknaden.

På generelt grunnlag vil vi likevel minne om at det stillast mange krav i lovverket til barnehagen sine lokale og uteområde. Det følgjer av barnehagelova § 10 at kommunen er godkjenningssmynde. Det er litt uklart for oss om kommunen som barnehagemynde har godkjent barnehagen på nytt etter barnehagelova § 10, som følgje av arealutvidinga. Ifølgje forarbeida skal kommunen ved godkjenninga gjere ei konkret vurdering av om barnehagen er eigna med omsyn til dei krava som kjem av §§ 1 og 2 om barnehagen sitt føremål og innhald. Barnehagen sine fysiske rammer, dvs. lokale og uteområde, må vere eigna for barnehagedrift. Etter § 2 skal barnehagen blant anna gi barn høve til lek, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgjevnader. Dette stiller mange og varierte krav til barnehagen sine lokale og uteområde. Som nemnt i merknadene til § 2 tredje ledd, må lokala, inventar og uteområde utformast på ein måte som tar omsyn til små barn sine behov for kroppslege utfordringar og som fremjar lek, læring og omsorg. Etter § 2 fjerde ledd skal barnehagen ta omsyn til barna sine ulike funksjonsnivå, og tilgjenge for alle må vere eit viktig omsyn ved utforminga av barnehagen. Vidare må bemanningsplanen vise at drifta vil bli forsvarleg og at barnehagetilbodet kan oppfylle lova og rammeplanen sine krav til innhaldet i barnehagen.

I tillegg følger det av barnehagelova § 19 g at kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna barnehagetilbod.

Det kan også tenkast at likestillings- og diskrimineringslova kan ha relevans i denne saka.

Konklusjon

Ut frå momenta ovanfor rår vi ifrå at ein dispenserer frå heiskravet i TEK17.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlarar

Oppvekst og utdanning: Eli Bævre, tlf.: 71 25 85 38

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

05.mars 2019

Uttalelse vedrørende søknad om dispensasjon fra heiskrav i barnehage Gnr 7 bnr 741 - Sætra barnehage

Norges Handikapforbund Nord Vest har sett søknaden om dispensasjon fra heiskravet i byggteknisk forskrif (TEK17) for Sætra barnehage.

For det første så er det urovekkende å se begrunnelsene som blir lagt frem i søknaden. Det skrives at medarbeidere med funksjonshemming er meget sjeldent i en barnehage. Jeg lurer på grunnlaget for å si dette? I en barnehage som strekker seg over 2 etasjer uten heis, så vil man selvsagt stenge ute mange fra å kunne jobbe der. Men det er barnehagens ansvar.

Tiltakshaver skriver også at barn med funksjonshemming vil naturligvis få organisert ett fullverdig tilbud i 1.etasje. Tiltakshaver skriver samtidig at han ønsker at barna skal få gå opp i 2.etasje og bruke dette arealet, som på alle måter er tilrettelagt for barn. Dette er motstridende, og her vil skje en klar ekskludering av barn med funksjonshemming.

Tiltakshaver ser ut til å glemme at alle barn er barn, og at barn vil leke sammen. Det er barnehagens ansvar at barn ikke blir ekskludert, og det vil de bli her. Barn ser ikke funksjonsnedsettelse som en hindring så lenge voksne legger opp til en god inkludering.

Vi i Norges Handikapforbund vil ikke godta denne ekskluderingen av barn med funksjonshemming. Barn er barn og alle skal få delta på lik linje.

Med vennlig hilsen
Norges Handikapforbund

Nelly Torvik,
Regionkontorleder, NHF Nord Vest



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ulstein kommune
Postboks 143
6067 Ulsteinvik

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2018/1398	15.02.2019	24624/2019/DISPENSASJON/1516	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	13.03.2019

Ulstein kommune - bruksendring tilleggsareal Sætra barnehage gbnr 7/741 - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan krav om universell utforming

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Universell utforming

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav om innvendig heis i bygg, jf. TEK17. Kravet kjem som følgje av at ein no skal nytte 2. etasje som tilleggsareal til barnehagedrifta i 1. etasje. Opphavelege teikningar visar relativt store rom i både 1. og 2. etasje. Vedlagt teikning for 2. etasje viser inndeling i fleire små rom. Det er ikkje lagt ved korleis ein eventuelt heis er tenkt plassert innanfor bygget.

Den grunnleggande intensjonen bak universell utforming er at samfunnet vårt skal kunne bli nytta av alle, uavhengig av våre eventuelle funksjonsevner. I denne samanhengen gjeld dette oppvekstmiljøet for unge under skulealder. Eventuelt bruk av 2. etasje til barnehage vil medføre at enkelte ikkje kjem seg mellom dei ulike avdelingane ut av bygget. Delar av tidsrommet barnehagen er i bruk vil barna vere innandørs. Delar av året vil været ikkje gjere det enkelt å ferdast utandørs mellom etasjane, særskilt ikkje for dei som ikkje kan gå trapp.

Konklusjon

Eit eventuelt unntak frå krav om heis vil kunne verke diskriminerande. Vi vil derfor ikkje kunne tilrå at kommunen gir dispensasjon frå TEK17.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Perny Austnes[perny@vikemarkabarnehage.no]

Sendt: 29.04.2019 14:31:25

Til: Arild Støylen

Kopi: Sætra Barnehage

Tittel: disp heis

Hei! Når du lagar tilråding i saka, meiner eg det er viktig å understreke at

- Eit barn med rørslehemmingar kan ha eit fullverdig tilbod i 1. etasje i Sætra barnehage
- Eit barn med rørslehemmingar kan ha eit fullverdig tilbod i 2. etasje i Sætra barnehage
- Det er kun ein kombinasjon av 1 og 2 som ikkje er mulig å gjennomfør utan heis, og ein slik kombinasjon er heller ikkje tilrådeleg verken praktisk eller pedagogisk.

Kanskje noko å ta med i vurderinga dersom ein skal bruke sunn fornuft i denne saka.

Mvh

Perny Austnes

Dagleg leiar

Tlf 99531400

BARNEHAGE



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Svein Arne Orvik

Arkivsak: 2019/711

Løpenr.: 7056/2019

Utvaksaksnr.	Utval	Møtedato
19/19	Ungdomsrådet Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne Levekårsutvalet Teknisk utval Ulstein formannskap Ulstein kommunestyre	07.05.2019

ÅRSRAPPORT FOR ULSTEIN KOMMUNE 2018

Saka gjeld:

Årsrapporten er rådmannens samla rapport til dei politiske organa om den kommunale drifta i 2018. Rådmannen rår til at rapporten vert godkjent.

Tilråding frå rådmannen:

Årsrapporten for 2018 vert godkjent slik han ligg føre.

Saksfakta:

Årsrapporten gjer greie for drifta av Ulstein kommune i 2018. Rapporten tek føre seg drifta i etatane og avdelingane og har eigne kapittel om økonomi og organisasjon.

Vurderingar og konklusjon:

Den vedlagde årsrapporten vert lagt fram for politisk behandling.

Det vert lagt fram ei eiga sak om årsrekneskapen for 2018.

Vedlegg:

1 Årsrapport 2018

Verner Larsen
rådmann

Svein Arne Orvik
leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



ULSTEIN KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2018



Ulstein er i vekst, med nye utfordringar og positive endringar for innbyggjarar og regionalt næringsliv. Ulsteinsamfunnet si forankring ligg i vår kulturelle tradisjon og identitet, tufta på kjerneverdiane mangfald, rausheit, omsorg og nyskaping.

Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Framsidedfoto: Odd Kåre Wiik


Baksidedfoto: Matias Myklebust / NRK

INNHALD

Innleiing ved rådmannen	S. 6
Ordføreren har ordet.	S. 8
ETATSVISE OVERSIKTER	S. 13
Sentraladministrasjonen	S. 14
Helse- og omsorgsetaten	S. 16
Oppvekst- og kulturetaten	S. 18
Teknisk etat	S. 20
ORGANISASJON OG ØKONOMI	S. 23
Våre tilsette	S. 24
Avviksrapportering	S. 24
Heiltid-deltid	S. 25
Diskriminering	S. 25
Sjukefråvær	S. 26
Lærlingar	S. 26
Medarbeidarundersøking	S. 27
Arbeid med kontroll av verksemda	S. 27
Dei tilsette har ordet	S. 28
Driftsresultat	S. 30
Samanstilling av hovudtal over tid	S. 32
Investeringsrekneskapan	S. 33
Balanse	S. 34
Fond	S. 35
Pensjonsmidlar	S. 35
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	S. 36
Nøkkeltal konsern	S. 37
Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	S. 38
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	S. 39
Finansforvaltning	S. 40
Lån	S. 42
Renter	S. 43
AVDELINGSVISE OVERSIKTER	S. 44
Organisasjonskart Ulstein kommune	S. 45
Økonomiavdelinga	S. 46
Personalavdelinga	S. 46
Servicetorg og dokumentssenter	S. 47
Demokrati og kommunikasjon	S. 47
Helse og omsorg	S. 50–51
Helsestasjonstenesta	S. 54
Legetenesta	S. 54
Nav	S. 55
Barnevern	S. 55
Haddal skule	S. 56
Hasund skule	S. 56
Ulstein skule	S. 57
Ulsteinvik barneskule	S. 57
Ulstein ungdomsskule	S. 60
Sundgotmarka barnehage	S. 60
Pedagogisk-psykologisk teneste	S. 61
Ulstein kulturskule	S. 61
Inkludering og mangfald	S. 64
Kulturavdelinga	S. 64
Plan- og bygningsavdelinga	S. 65
Anleggs- og driftsavdelinga	S. 65
Hareid og Ulstein brannvesen	S. 66
Folkehelseprofil 2019	S. 67



Foto: Svein Arne Orvik



Dei tilsette på helsestasjonen fekk HMS-prisen for 2018



Eg starta som ny medarbeidar på helsestasjonen i august og har blitt så godt mottatt! Eg vil derfor berømme det gode arbeidsmiljøet blant alle tilsette på helsestasjonen og for måten dei tek imot nye på. På tross av at det har vore omrokking på arbeidsoppgåver, stor arbeidsbelastning på nokre, og fleire nytilsette på same tid, har dei evna å gi meg ei kjensle av å vere velkommen og sett. Dei har alltid tid til å svare på spørsmål og stiller opp og hjelper til dersom det trengst. Eg har verkeleg ei oppleving av at vi jobbar saman sjølv om kvardagen ber preg av sjølvstendig arbeid, og det er tydeleg at folk har omsorg for kvarandre.

Torbjørn Dimmen Åmås, helsesjukepleiar
– uttale då ho nominerte kollegaene sine til HMS-prisen



Takk for ein framifrå innsats

Det er best å starte med konklusjonen: Kommunen har fått eit betydeleg betre rekneskapsresultat enn det ein kunne frykte, og organisasjonen har gjort ein svært god jobb på dette området.

SAMSKAPING FOR BETRE LØYSINGAR

I 2018 har kommunen også hatt viktige satsingsområde som demokrati og innbyggardialog. Skal vi få til dialog må det vere fleire partar. Skal dialog føre til utvikling, må der vere ulike meiningar. Medverknad – deltaking frå innbyggerane, er nøkkelen. Prosjektet om innbyggardialog og lokaldemokrati, arbeidet med arealdelen av kommuneplanen med bruk av Cityplanner og 3D-visualisering og aktiv bruk av folkemøte, er døme på dette. Dette har eksempelvis gitt oss svært mange innspel i planprosessen. 180 tilbakemeldingar på spørsmål om turvegar er eit godt døme, og nærmast for eit tidskifte å rekne når det er snakk om dialog i plansamheng i Ulstein kommune. Teknologi opnar nye dører.

SAMSKAPING FOR BETRE LØYSINGAR

Vi trur på dialogen. Det ligg i kjerneverdiane våre om nyskaping, rausheit og mangfald. Prosjekt der vi får til dette, vert betre. Vi får betre løysingar og nye bruksområde. Biblioteket på Ulstein Arena er eit heilt konkret og godt døme på det. Det å finne andre og nye aktørar vi kan samskape med om nye løysingar, er heilt nødvendig for å utvikle lokalsamfunnet og tenesteproduksjonen vår. Samskaping betyr deling av makt og påverknad i byte for betre løysingar og eit betre lokalsamfunn. Skal vi ta samskaping på alvor, vil det utfordre grensene våre. Samskaping kan bety løysingar på andre sine premissar. Er vi klar for det? Evner vi å invitere utfordrande krefter inn i dialogen? Veit vi korleis vi kan få andre i tale?

Ulstein Arena fekk Statens pris for byggkvalitet i 2018 i konkurranse med 182 andre bygg. Prisen vert delt ut til forbildebygg som bidrar til å heve og fornye byggkvaliteten lokalt og nasjonalt. Vi skal vere stolte over det vi har fått til. Bygget glir inn i bybildet og vil vere med på å forme utviklinga av sentrum. Ulstein Arena skapar nye møteplasser. Det gjer noko med oss som innbyggerar, og med byen vår framover. Andre ser kva denne kommunen får til, og den nasjonale Bylivskonferansen som vart arrangert i Ulsteinvik i oktober er eit prov på det.

«Fire steg på ein ny veg» er innovasjonsstrategien vår. Innovasjon

kokar ned til å skape nye løysingar som er nyttige, og som vert sette i verk – eller nyttiggjort. Vegene framover er små steg og stadige forsøk. Nokre av dei vil lukkast, andre ikkje. Det er desse endringane på nye ting som gir grunnlaget for effektive og gode tenester dei neste ti–femten åra.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

FN sine verdsmål for berekraftig utvikling kom inn i arbeidet med økonomiplanen for 2019–2022. Arbeidet med å konkretisere desse måla, og gjere dei om til tiltak og oppgåver for kommunen sitt arbeid, må halde fram i 2019. Målsettingane må få større plass i kommunen sine overordna planar og i konkrete tiltak.

«Lysning i horisonten» var overskrifta for rådmannen sin kommentar i årsrapporten for 2017. Det kunne kanskje stått som overskrift på årsrapporten også? Mange piler har peika i rett retning i 2018. Arbeidsløysa har gått ned til 3,5 % i desember 2018. Aktiviteten på verfta og rekrutteringa er på veg opp. Kommunen sine skatteinntekter hadde eit forsiktig oppsving i 2018, og kommunen kom ut med inntekter litt over budsjettet. Hovudforklaringa til inntektsauken ligg likevel ikkje lokalt. Det er den gjennomsnittlege skatteinntekta i Noreg som aukar, og som trekkjer alle kommunane, også Ulstein, opp. I 2018 enda vi på 99,9 % av landssnittet (sjå figur side 9). I 2014 var nivået for kommunen 118,7 %. Retninga er likevel positiv, men Kommune-Noreg generelt leverer nok betre resultat enn Ulstein kommune fordi næringslivet i andre delar av landet går svært bra.

Konsulentselskapet Agenda Kaupang utarbeidde ei økonomi-analyse av kommunen i januar 2019 som grunnlag for eit innsparingsprosjekt. Rapporten var basert på økonomital for 2017 og vurderingar i Kommunebarometeret for 2018. I Kommunebarometeret hadde Ulstein ein 73. plass i landet. Agenda Kaupang samanliknar oss med Herøy, Sula og Giske i nærområdet og tre andre kommunar med svært lave driftskostnader: Hole, Gjerdrum og Songdalen. Agenda Kaupang sin konklusjon er at Ulstein kommune har gode tenester og låge driftsutgifter. Kommunen si utfordring er finanssida, der vi har lågt driftsresultat, mindre fondsmidlar enn anbefalt og høg netto lånegjeld.



Foto: Svein Arne Orvik



Statens pris for byggkvalitet

EFFEKTIV DRIFT MED GOD KVALITET


Med høg lånegjeld framover vil ca. 10 % av inntektene til kommunen gå til renter og avdrag. Då snakkar vi om konsern-inntekter, altså Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF samla. Denne utviklinga vil flate ut, og det var ikkje auke i kommunen si lånegjeld i 2018. Det er likevel svært viktig at vi held fram med effektiv drift med god kvalitet.

Nokre gonger er marginane på vår side. Nokre gonger treff ballen stolpen og sprett i mål, andre gonger utanfor. Skiljet er lite, men resultatata svært forskjellige. I år er marginane på vår side og utviklinga på nokre viktige postar har gått i vår favør. Resultatet på skatt ligg over budsjettet, refusjonen for ressurskrevjande brukarar ligg over budsjettet og der er ekstra inntekter på flyktningområdet. Dette gir omlag 9,5 mill. kr i mindreforbruk – og overskot etter at vi har rydda opp etterslep på barnehageområdet med 9,4 mill. kr.

Det er all grunn til å takke organisasjonen for ein framifrå innsats. Det er utfordrande å levere gode tenester og spare på same tid. Kommunen har vore dyktig og har svært mange dyktige og høgt motiverte medarbeidarar, godt samspel mellom politisk side og administrasjonen og ein svært tenleg infrastruktur. Kommunen har rykte på seg for å få realisert ting – og er langt framme i skoa. Det er eit renommé vi skal arbeide hardt for å halde på.

VERNER LARSEN
rådmann

Netto renter og avdrag i % av brutto driftsinntekt (konsern)





Når ein dett er det inga betre råd enn å reise seg

Sitatet i overskrifta er henta frå Ivar Aasen, som samla mange gode ordtak. Eit anna godt ordtak i denne samanhengen er at «ein skal ikkje rose dagen før kvelden er kommen». For vår del betyr det at ein skal vere forsiktig med å slå fast at vi har kome oss heilskinna gjennom den største nedturen vi har vore vitne til sidan eg kom inn i politikken i starten på 90-talet. Likevel er det ting som tyder på at det verste ligg bak oss.

Arbeidsløysa er fallande, bustadbygginga stig og vi har framleis folkevekst. Ulstein kommune leverer eit rekneskap i pluss også i 2018, noko som er smått utruleg med tanke på at vi har landets desidert høgaste gjeld målt i kroner per innbyggjar og inntekter som no ligg heilt på landssnittet. I tillegg har vi i 2018 endeleg fått rydda opp i gamle klagesaker frå dei private barnehagane knytt til tilskot heilt tilbake til 2012, noko som gjer eit stort innhogg i botnlinja. Kjem det av flaks eller dyktigheit?

GOD TENESTEKVALITET

Mykje av svaret fekk vi hausten 2018, då vi fekk presentert økonomianalysen for budsjettåret 2017 frå Agenda Kaupang. Konklusjonen kan kort summerast slik: Ulstein kommune har svake finansar, god tenestekvalitet og låge kostnader. Ein veldriven kommune med lite handlingsrom, for å seie det på ein annan måte. Meir dyktigheit enn flaks, altså, men alderssamansetninga og geografien i kommunen hjelper sjølvsgt.

Dei seinare åra har vi jobba målretta med å finne dei beste og smartaste måtane å levere tenestene våre på. Vi har mellom anna nytta Kommunekompasset som eit verktøy til å jobbe systematisk med å finne beste praksis. Vi har henta inspirasjon frå andre kommunar som har kome lenger enn oss, og vi har samarbeidd med nabokommunane våre om å løyse ein del tenester saman. I mange samanhengar har Ulstein kommune gått i front, spesielt innanfor digitalisering.

INNOVASJONSKULTUR

Det viktigaste grepet er likevel at vi har sett fokus på korleis vi kan skape ein innovasjonskultur der alle våre tilsette får høve til å bidra med sin kunnskap. Målet er å legge til rette for ein idédugnad,

der ein jobbar tverrfagleg og testar ut nye idear i liten skala først. Dersom det vert ein suksess, rullar vi det ut i stor skala, viss ikkje var det forsøket verdt.

Kommunestyret har for første gang vedteke økonomiske handlingsreglar som skal hjelpe dei folkevalde og administrasjonen til å drive økonomisk forsvarleg framover. Mellom anna legg handlingsreglane bindingar på kor store overskot rådmannen pliktar å fremje i sine budsjett, og kor mykje pengar ein kan låne. Vi har også hatt fokus på å redusere renterisikoen vår ved å inngå lengre kontraktar på rentebindingar.

REISE SEG PÅ NYTT

Mot slutten av året vart det klart at det gjekk mot vaktskifte i administrasjonen. Einar Vik Arset, som har vore rådmann sidan 2011, fekk stillinga som kystdirektør, og dermed var hans tenestetid i Ulstein over. Eg vil på vegne av kommunen takke Einar for jobben han har gjort for Ulstein kommune desse åra. Han har vore ein uredde og visjonær rådmann som har vore flink til å få med seg folk, og som har late seg begeistre av andre. Eg ønskjer han lukke til vidare, og ønskjer Verner Larsen velkomen som ny rådmann, ei oppgåve han nok vil aksle på beste vis.


Alt i alt er det grunn til å konkludere med at vi har nytta nedturen vi har vore gjennom til å omstille oss og til å bli ei betre kommune enn vi var då vi gjekk inn i krisa. For oss sunnmøringar er det trass alt ingen annan utveg enn å reise seg på nytt når ein dett.

KNUT ERIK ENGH
ordfører



Foto: Svein Arne Orvik

BRUTTO SKATTEINNGANG PER INNBYGGAR, PROSENT AV LANDSSNITTET (AKKUMULERT)



Figuren ovanfor viser at sidan nedturen i offshorenæringa starta i 2014, har kommunen kvart år mista ca. 20 millionar kroner i skatteinntekter samanlikna med kva vi hadde hatt om vi hadde hatt same nivå på skatteinngang (målt mot resten av landet) som i 2014. I same perioden har utgiftene til renter og avdrag auka med om lag 30 millionar kroner årleg. Det illustrerer kor stor omstillinga kommunen har vore gjennom, er.

Innbyggardialog om vegval til fjells

Kva meiner innbyggerane om å bygge turvegar til Hasundhornet og Osberget? Kva type turvegar føretrekker dei eventuelt?

Dette ønskte vi å finne ut i høyringa om arealdelen av kommuneplanen.

Vi nytta kartverktøyet CityPlanner på nett for å engasjere innbyggerane til å ta del i dialogen. I CityPlanner la vi inn ein 3D-modell av dei aktuelle fjellområda og stilte fleire spørsmål til innbyggerane. Dei kunne også legge inn kommentarar.

Om lag tusen personar var innom 3D-modellen, og ca. 180 gav høyringsinnspel. I tillegg vart saka diskutert på Facebook-sida til kommunen. På dette oppslaget står eit utdrag av kommentarane som kom inn i høyringa.

Supert med nye turstier

Slik eg ser det, er det bra å tilrettelegge for turvegar i område som ligg nær allereie eksisterande vegar, slik det til dømes er gjort på nedsida av vegen frå Gåsneset til Flø, men eg meiner at ein må vere langt meir forsiktig med å gjere inngrep i område der det i dag er naturlandskap.

Syns det har vore veldig positivt at det har vorte laga turvegar som er lett tilgjengeleg, dette er viktig for folkehelsa og gjer fjellet tilgjengeleg for fleire. Samtidig meiner eg at det er viktig å ikkje gjere for store inngrep i naturen, og syns fokuset bør vere på å ferdigstille og samankople dei turvegane som er laga og vedlikehalde desse.

Topp tiltak!

Det er i mine auge feil å avslutte turveg med universell utforming ved Kassen. Rullestolbrukarar m.fl. bør ha same moglegheit som andre til å kome heilt fram til Osberget på best mogleg måte. Eg er ikkje ein av dei og klarer meg såleis fint med ein liten sti sjølv, men ingen veit kva morgondagen bringer ...

Turvegen bør minimaliserast. Minst muleg naturinngrep.

Bra med brei veg for både barnevogner og eldre. Fint om det blir lys langs dei nye gangvegane.

En turvei til Hasundhornet vil gjer det enklare for mange å ferdast der. Der er eit populært turmål for unge og gamle, med den finaste utsikta Ulsteinvik har å by på.

Det øydelegg litt av opplevinga med å gå i turterreng om det blir for mykje veg.

Jeg mener at alle har sin rett til å nytte fjell til rekreasjon og glede. Både funksjonshemmede, eldre og friske. Veldig bra at kommunen satser på dette. Å lage en kjørbær vei opp Hestelegda, som i utgangspunktet er et fantastisk lett tilgjengelig utkikkpunkt både til fjord og fjell for friske mennesker, er samtidig vanskelig/umulig for eldre og funksjonshemmede. Dette mener jeg burde vært på sin plass for lenge siden.

Vi må la borna våre lære seg å gå på stein, myr og torv!

Eg meiner vi har eit ansvar for å bevare naturen, for vår eigen, og komande generasjonar sin del. Med ein gong ein grip inn og gjer menneskeskapte endringar i naturen, mistar ein noko viktig.

Det hadde vore fint med litt meir grus siste delen fram mot Nibben. Kjekt med fine turvegar, supert tiltak!

Fantastisk at Ulstein kommune vil legge til rette for ein universelt utforma turveg til Osberget! For alle rullestolbrukarar og gamle som er dårlege til beins, vil dette vere ei stor gåve ... Turvegar er veldig bra for folkehelsa og dokke he gjort en kjempejobb.

Vil vera eit brutalt inngrep i vakker urøyrnt natur å lage vegar opp i fjellet vårt! Greitt å samle det på ein plass (f.eks. Osberget) men la resten vera urøyrnt slik at ein får den ekte naturopplevinga.

Synes heilt ærleg at de bør bruke pengane på andre ting enn dette, vi har eigentleg nok turstiar no, om folk vil ut er det berre å få på seg fjellsko. Dersom nokre har vanskeleg for dette (rullestol, barnevogn o.l.) har vi fleire turstiar allereie. Vi må tenke på naturen også, det tek tid for naturen å gro tilbake rundt vegen, vi ser dette fortsatt i Bugarden og turstiane der.

Gledar meg

No bør ein bevare litt av naturen slik den er.



Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJON

HELSE OG OMSORG

OPPVEKST OG KULTUR

TEKNISK



RÅDMANN VERNER LARSEN

Sentraladministrasjonen

2018 har vore eit utfordrande år. Omstillingsprosjekt og organisasjonsomlegging ute i einingane kjem fort opp som arbeidsoppgåver i sentraladministrasjonen fordi ressursane i stabseiningane vert involverte. Sentraladministrasjonen er også sterkt involvert i ulike nye prosjekt i alt frå arbeid med heiltidskultur til nytt sak- og arkivsystem. Utviklingsarbeid og innbyggardialog har høg prioritet. Grunna stramme rammer og permisjonar har einingane gått med redusert bemanning og det er ikkje teke inn vikar ved sjukefråvær.

MÅL

- ▶ Gjere det enkelt for innbygarane å få løyse oppgåver, hente informasjon og kome med idear
- ▶ Samfunnsutvikling
- ▶ Sikre god tilgang på godt kvalifiserte søkarar og godt kvalifiserte tilsette
- ▶ Innbygarane medverkar i avgjerdsprosessane
- ▶ Gi innbygarane gode møte med kommunen
- ▶ Stabile, kvalifiserte og motiverte tilsette som yter gode tenester
- ▶ Sunne og aktive innbygarar
- ▶ Teknologi, nye arbeidsmåtar og nye samarbeidsstrukturar skaper gull av gråstein
- ▶ Vi er opne, gjennomsiktige og deler raust
- ▶ Vidareutvikle delingskulturen
- ▶ Vi samskapar mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og iinnbygarar
- ▶ Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekningskraft
- ▶ Vi skal løfte regionen saman med våre naboar.

Aktivitet og resultat 2018

Turistinformasjonen er flytta frå rådhuset til Ulstein Arena. Dette gir utvida opningstid, og Ulstein Arena vert eit naturleg møtepunkt for tilreisande. Der er også parkering for bular.

Omorganiseringa av politisk sekretariat til eining for demokrati og kommunikasjon har vore ein suksess. Der er gjort mange grep for å auke fokuset på politiske saker, og for å auke dialogen mellom kommunen og innbyggjarane. Vi ser mellom anna auka respons og innspel knytt til turstiar og kommuneplanen.

Budsjettmøtet på Ulstein Arena var eit godt grep. Målet var å gi tidleg informasjon til ei brei gruppe slik at rammene for den politiske prosessen i budsjettarbeidet vart betre. Arbeidet med demokrati og innbyggjardialog er viktig og langsiktig.

Val av nytt sak- og arkivsystem vart tatt i 2018. Det er Acos som er valt som leverandør for kommunane i sjustjerna. Arbeidet med nytt system er svært omfattande. I tillegg kjem arbeidet med rydding i det gamle systemet. Midt i arbeidet har vi hatt utskifting av personar i arkiv og servicetorg. Det er positivt å sjå korleis personar på ulike plassar i organisasjonen går inn i eit så stort prosjekt og gir gode bidrag. Prosjektet er godt organisert interkommunalt. Slike prosjekt medfører eit betydeleg meirarbeid og eg skulle ynskje at kommunen kunne frikjøpa ressursar i større grad enn det vi gjer no. Nytt system vil legge grunnlaget for utvida digitale tenester.

SSIKT er på plass på Reiten og med det er IT-avdelinga for Ulstein kommune flytta ut av rådhuset. Mange av dei endringane vi skal gjennomføre er kopla til teknologi. Vi har tidlegare hatt gevinstar med å ha IT-avdelinga nær oss. No har vi ikkje det. Det vi får, er gevinsten ved eit meir slagkraftig IT-miljø med samordna ressursar, men vi må endre litt på arbeidsmåtar i organisasjonen.

Der er litt bevegelse i det interkommunale samarbeidet. Sande koplar seg på samarbeidet i Nav mellom Hareid og Ulstein. Der er dialog og starta utgreiing om samarbeid på området for brannvern. Der er samarbeid mellom Herøy, Vanylven og Ulstein om samfunnsplanleggar og der er samarbeid innanfor skatteinnkrevjing. I tillegg vender Sande seg mot det interkommunale barnevernsamarbeidet med base i Volda.

Når det gjelder tettstadsutvikling, er nok pristildelinga til Ulstein Arena og den nasjonale Bylivskonferansen i oktober det som har vist att. Det er også positivt at



Ulstein rådhus, arbeidsplass og – i 2018 – innspelingsstad for Heimebane på NRK. Foto: NRK

Ulstein næringslag har fått til sitt arbeid gjennom året og skapt aktivitet i Ulsteinvik. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen har gått føre seg gjennom 2018 og det er gjort førebuingar til arbeidet med områdeplanen for sentrum.

Det er tilsett ny servicetorgleiar og der er skifte i oppgåvefordeling på arkivsidea. Dette er område der vi tidlegare har hatt personar med lang erfaring, og vi merkar når desse går ut. Samtidig er dette område i sterk utvikling. Der er også oppgaver som vert flytta ut. Eksempelvis er no Vanylven kommune sentralbord for Ulstein og fleire andre kommunar i sjustjerna. Dette er ei spennande utvikling, og omlegginga har gått greitt.

Arbeidet med nye reglar for personvern (GDPR) er svært omfattande. Det har vore eit godt samarbeid mellom kommunane i

sjustjerna og det er utarbeidd ei felles personvernhandbok. Vidare er det gjennomført ein del felles opplæring. Leiaren i servicetorget er peika ut som kommunen sitt personvernombod. Kommunen har vore svært aktivt i det interkommunale arbeidet. Spesielt har ei gruppe med juristar frå dei sju kommunane vore ein viktig ressurs. Eit område som har gitt store utfordringar, er databehandlaravtalar med leverandørane våre. SSIKT har tilsett ein ressurs på engasjement som arbeider med dette.

ØKONOMI

Mindreforbruket på sentraladministrasjonen kjem i hovudsak av pensjonsoppgjeret (vel 1 mill. kr) og eit positivt avvik på tilleggs-løyvingar som følge av lønnsoppgjeret i 2018 (vel 2 mill. kr. I tillegg løyvde kommunestyret jula 2017 1,1 mill. kr ekstra på tilleggs-løyvingar i 2018, og det vart løyvd 1 mill. kr til livssynsøytralt seremonirom som ikkje vart nytta i 2018.

SJUKEFRÅVÆR

Der er ein auke i sjukefråværet på ein prosent til 7,06 % i 2018. Området omfattar også sjukefråvær knytt til lærlingar. Der er noko langtidssjukmelding som slår prosentvis sterkt ut i små miljø. I høve til rapporterte tal for andre tertial 2018 går tala ved årsslutt litt ned. Grunnlaget for tala er også noko endra i og med at IT-avdelinga er ute av talgrunnlaget.

ÅRSVERK	TILSETTE		
20,62	22		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	30,1	31,8	31,0
Budsjett	42,1	43,17	36,1
Avvik	12,0	11,9	5,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	4,62	6,0	6,76



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

For å ha berekraftige tenester må vi tenkje nytt og innovativt, noko vi er gode på i helse og omsorg. Det positive og gode samarbeidet mellom dei ulike kommunale tenestene har hatt stort fokus også dette året. Kommuneoverlegen har ansvar for eit månadleg møte med legetenesta i samarbeid med kommunalsjefen der ulike aktørar gjer sine tenester kjende. Elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene har vorte vidareutvikla. Dette fungerer no godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp.

MÅL

- ▶ Vi lærer og tenkjer nytt
- ▶ Gode pasientforløp
- ▶ Rett kompetanse
- ▶ Brukarmedverknad / gode tenester
- ▶ Alle skal ha tilbod om tilpassa bustad
- ▶ Leve til eg døyr / mat og måltid / aktivitet
- ▶ Venleg samfunn for alle
- ▶ Tidleg innsats for barn og unge
- ▶ God integrering
- ▶ Felles møteplassar på tvers av generasjonar

Aktivitet og resultat 2018

INNOVASJON, NYTENKING OG RETT KOMPETANSE

Vi har lagt stor vekt på innovasjon for å utnytte ressursane på ein ny måte. Dette handlar om betre kvalitet på tenestene, rettare bruk av personalet, betre arbeidsmiljø og optimal utnytting av etaten sin økonomi. Alle avdelingar har bidrege til dette. I 2018 har vi vidareutvikla satsinga på kvardagsrehabilitering som no er ein naturleg del av tenestetilbodet. Det er etablert ei kommunal velferdsteknologigruppe som blant anna har delteke i «Velferdsteknologiens ABC». Ulstein er som ein del av 7-stjerna med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet og vertskommune for prosjektet. Kompetansen i og erfaringa med bruk av ulike velferdsteknologiske løysingar er styrka. Alle avdelingane er avhengige av tiltak som bidreg til å ivareta og vidareutvikle kompetanse. Erfaringane frå forbetringsteamet skal ha ringverknader også for kompetanseutviklinga i dei andre avdelingane.

GODE PASIENTFORLØP, BRUKAR-MEDVERKNAD OG BETRE TENESTER

Satsinga på innovasjon skal bidra til betre pasientforløp. Etaten har eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta gjennom faste samarbeidsforum og i konkrete saker. Vi har etablert eit internt forbetringsteam som har arbeidd for å implementere nye rutinar for pasientforløp. Ordninga fører til betre kvalitet, tettare oppfølging, betre internkontroll og høgare pasientsikkerheit. Satsinga på kvardagsrehabilitering er ei styrking av brukarmedverknad med fokus på «Kva er viktig for deg?».

ALLE SKAL HA TILBOD OM TILPASSA BUSTAD

Talet på bustadar tilpassa eldre har stetta behovet til no. Kommunen står framfor auke i talet på eldre, og det er behov for fleire omsorgsbustadar. Dette må vi greie ut nærare i året som kjem. I 2018 vart eit tilbod om tilpassa bustadar til menneske

med psykisk helse-/rusproblem ferdigstilt og teke i bruk. Etaten sitt butilbod til unge brukarar med særskilte behov har vorte utvikla vidare.

MAT, MÅLTID OG AKTIVITET

Vi ynskjer at brukarane våra skal leve heile livet og oppleve meistring. God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet har eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst, mellom anna ved å velje råvarer og rettar som speglar årstida.

VENLEG SAMFUNN FOR ALLE

Ulstein kommune er eit demensvennleg samfunn og har tilsett demenskoordinator. Tidleg oppdaging av demens og tilrettelegging av gode tenester er viktig.

TIDLEG INNSATS FOR BARN OG UNGE

Vi har høgt fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid til alle fødande og småbarnsfamiliar og gir tilbod om oppfølging til alle barn frå fødsel til og med vidaregåande skule. Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldrerettleiingsprogram for tidleg oppdaging og tidleg innsats ved problem hos barn eller i samspelet mellom foreldre og barn.

INTEGRERING OG MØTEPLASSAR

Også i år har vi lagt vekt på at generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar saman, mellom anna samarbeider vi nært med Almejordet barnehage og småskulen. Vi gir praksiserfaring til personar som treng yrkeserfaring og språktrening. I 2018 gjennomførte Nav fleire prosjekt der målet har vore deltaking og integrering. Med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet vart det tilsett tre jobbspesialistar som gir bistand til menneske med psykiske helseutfordringar som hindrar arbeidsdeltaking. I samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og

Nav vart det starta ei klasse ved Ulstein vidaregåande skule som gir tilrettelagt undervisning for framandspråklege i helsefag. Mulegheitene for klasser i andre fag vert no greidd ut.

ØKONOMI

Helse og omsorgsetaten har samla et positivt driftsresultat på ca. 1,2 mill. kr. Etaten vart i løpet av driftsåret tilført ekstraordinære midlar på tilsaman om lag 8 mill. kr. Bakgrunnen for dette var at det har vore konstatert over fleire år at budsjettet har vore urealistisk. Det beløpet som etaten vart tilført, har fungert som kompensasjon for innsparingstiltak som synt seg ikkje mogleg å gjennomføre. Ein har håp om at det ved framtidige budsjett kan takast utgangspunkt i dei ressursar etaten har hatt til disposisjon i 2018 da dette speglar det faktiske utgiftsnivået og at det meste av utgiftene er personalkostnader.

SJUKEFRÅVÆR

Etaten har også i år hatt eit vedvarande fokus på arbeidsmiljø og oppfølging av sjukmeldte. Samtidig har dette vore eit svært utfordrande år, både for personalet og for alt leiande personell. Når vi no konstaterer at sjukemeldingane ligg på same nivå som dei siste åra (9,59 %), ser vi dette som eit tilfredstillande resultat.

ÅRSVERK	TILSETTE		
183,5	269		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	160,0	169,4	172,3
Budsjett	152,0	158,4	173,5
Avvik	-8,0	-11,0	1,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	9	9,58	9,59



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

I oppvekst- og kulturetaten var 2018 mykje prega av mål om innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet. Det har vore relativt høgt tempo i delar av endringsarbeidet. Dette har vore krevjande for einingane som har stått i det til dagleg. Likevel ser ein at endringane gjer at ein kan utføre mykje av arbeidet på nye måtar som gir ønskt endring og utvikling.

MÅL

- ▶ Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ God samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- ▶ God brukarmedverknad i tenestene
- ▶ Rom for alle
- ▶ Eit samfunn der det er lov å gjere feil, – og vi lærer av dei
- ▶ Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar

Aktivitet og resultat 2018

BARNEHAGE

Våren 2018 vart «Barnehageplan 2018–2024» vedteken av kommunestyret. Planen gir føring for kapasitet, innhald og kvalitet på området.

Alle med rett til barnehageplass fekk oppfylt retten i 2018, og alle barnehagane har fylt opp plassane. Det har vore ei utfordring å skaffe plass til søkjarar utanom hovudopptaket, og det har ført til uheldig ventetid for nokon. Størst press låg på sentrumskrinsen.

Det vart i 2018 gjort eit omfattande arbeid med handsaming av klagesaker knytt til tilskot til private barnehagar for åra 2012–2017, men det lukkast ikkje å slutføre sakene innan utgangen av året.

SKULE

Ved alle skulane har det vore arbeid målretta med læringsmiljø og arbeidsmiljø, der ein særleg har lagt vekt på å utvikle ein kultur for læring. Det er innført innsatsteam mot mobbing ved skulane, med skulering/kompetanseheving frå Læringsmiljøsentret sentralt.

Skulane i Ulstein har også dette året nådd gode resultat på nasjonale prøver, der ein jamt over ligg på nivå med eller over resultat i fylket.

Satsinga på teknologiskulen har vore vidareutvikla dette året. Det er utarbeidd eigen lokal plan for programmering i grunnskulen, og vidareføring med utstyr 1:1 er nesten fullført. Ulstein kommune søkte Utdanningsdirektoratet om midlar til programmeringsutstyr, og fekk tildelt 0,5 mill. kr.

Gjennom avtale med Høgskulen i Volda om pilotering av vidareutdanning i IKT for pedagogisk personale, vart første runde fullført med totalt oppnådde 1325 studiepoeng, der om lag 1/3 av dette vart gjennomført i 2018.

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

2018 var første heile driftsår for den nye interkommunale tenesta der Ulstein er vertskommune. Avdelinga har arbeidd mykje



Foto: Svein Arne Orvik

med organisasjonsutvikling både i barnehage og skule, med mål om at einingane skal utvikle seg vidare med trygge og inkluderande læringsmiljø.

INKLUDERING OG MANGFALD (IMU)

Ulstein kompetansesenter vart i august innlemma i IMU saman med flyktningkontoret, med ein felles leiar. Dette har resultert i eit tettare samarbeid der ein har fått betre bruk av ressursar og større måloppnåing. I 2018 var det 57 % av dei som avslutta introduksjonsprogrammet som gjekk over i arbeid eller utdanning (i 2017 var talet 45,8). Avdelinga har utført målretta og godt arbeid med dette.

KULTUR

Ulstein Arena har hatt sitt første heile driftsår, og det har vore høge besøkstal på heile huset. Det er stor vekst i utlån og besøk ved biblioteket, og det same gjeld aktiviteten i Klivrehallen og Idrettshallen. Utbygginga av turvegane i Ulsteinfjella har hatt stort fokus, og vart fullført i 2018.

ØKONOMI

Oppvekst- og kulturetaten har samla sett eit overforbruk på 11,2 mill. kr i 2018. Hovudårsakene til meirforbruket er etterbetaling av tilskot til private barnehagar for perioden 2012–2017 på kr 9,4 mill. meir enn budsjettert, samt inntektssvikt og høgare kostnader enn budsjettert knytt til kulturområdet på 2,7 mill. kr. Grunnskule står med eit overforbruk på 1,7 mill. kr. Inntekter utover budsjettert på flyktningområdet verkar positivt inn på sluttresultatet for etaten.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er høgare enn målsettinga på inntil 5 %, fleire avdelingar har eit sjukefråvær på 10 % eller meir. Det vert arbeidd med heiltidskultur i eit pilotprosjekt, og det er grunn til å tru at ei vidareføring til alle avdelingar vil vere positivt også for arbeidsnærvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
243	289		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	206,6	218,1	247,7
Budsjett	204,7	217,3	236,5
Avvik	-1,9	-0,8	-11,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	6,19	7,11	8,20



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

2018 var første året med eigedomsskatt. Teknisk etat har stått for innføring og levert grunnlag for innkrevjing av denne skatten – eit omfattande arbeid. Bustadfeltet Legehaugane vart klargjort. Det vart gjennomført skjønn for grunnerverv på Skeide i regi av Sunnmøre tingrett. Resultatet er anka til lagmannsretten frå både kommunen og private partar. Prosjektet «Digitalt førsteval» er starta opp. Det har elles vore gjort eit omfattande arbeid med arealdelen til kommuneplanen, felles brannvern med Hareid kommune vart sett i verk og det er gjennomført fleire prosjekt innanfor vassforsyning, avløp og gang- og sykkelveggar.

MÅL

- ▶ Effektive og gode planprosessar
- ▶ Ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse
- ▶ Fortette i sentrum
- ▶ Drive innovasjon i tenesteproduksjon
- ▶ Enkel og god kommunikasjon for gåande, syklande og køyrande
- ▶ Verne om miljøet
- ▶ Universell utforming og folkehelse skal vere i fokus
- ▶ Legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet
- ▶ Ha eit trafikktrygt vegnett
- ▶ Betre digital kompetanse
- ▶ Utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper
- ▶ Brei medverknad i planprosessar
- ▶ Ha attraktive møteplassar
- ▶ Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i

Aktivitet og resultat 2018



Foto: Svein Arne Orvik

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

Arealplan: Den mest omfattande saka var arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Det vart utarbeidd planframlegg som gjekk til andre gongs offentleg ettersyn. Det har vore omfattande involvering og medverknad i denne planprosessen. Alle motsegner fann si avklaring bortsett frå spørsmålet om gravplass.

Tre reguleringsplanar er godkjende. Kapasiteten på handsaming av bygge- og delesaker har vorte redusert. Ventetida for sakshandsaming gjekk difor noko opp.

ANLEGG- OG DRIFSAVDELINGA

Det er ikkje registrert avvik i vassforsyninga. Drift og utbygging i samsvar med godkjent hovudplan og budsjettmessige løyvingar. Det er etablert nye hovudvassleidningar i Hasundvegen, i gangvegane på Dimna og Skeide. Gangveg langs fylkesveg 26 på Dimna vart ferdigstilt, og arbeid med gangveg frå Halseneset mot Skeide kom i gang.

Ny hovudplan for avløp vart godkjent. Det har vore normal drift av kommunale vegar. Det vart mykje meir strøing enn vanleg tidleg på året – med tilhøyrande kostnad.

Dette førte til mindre fornying av faste dekke. Vi har investert i ny kostemaskin og vassverkbil.

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

Eininga vart etablert 1. januar 2018. Det første driftsåret har generelt gått bra. Der har vore vakanse i stillinga som leiar for førebyggjande avdeling halve året. Det vert avventa med nyttilsetting i høve oppstarta prosjekt om brannvernssamarbeid med fleire kommunar på Søre Sunnmøre.

Av større beredskapsmessige hendingar kan vi nemne åtte bygningsbrannar der fem var i Hareid kommune og tre i Ulstein. Øvingsplanen er gjennomført i samsvar med årsplanen.

Det er utført tilsyn i 48 av i alt 75 særskilde brannobjekt. Det er utført i alt 3 665 feieoppdrag av ulike kategoriar i kommunane Hareid, Herøy, Ulstein og Vanylven. På grunn av vakanse og permisjon i delar av året, ligg ein noko etter målsetjingane, spesielt når det gjeld tilsyn av fyringsanlegg.

ØKONOMI

Samla sett har teknisk etat eit overforbruk på om lag 0,6 mill. kr i 2018. Hovudårsakene til avviket er at det vinteren 2018 var glattare og meir isete enn «i manns minne», dvs. stort behov for strøing og tilhøyrande behov for kosting på våren. Dessutan hadde det bygt seg opp eit stort etterslep på vedlikehaldet av veglyst pga. problem hjå entreprenør. Difor vart utgiftene til veg- og gatelyst høgare enn budsjettert i 2018, spesielt i siste tertial. Dessutan var straumprisen i 2018 høgare enn på mange år.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er litt høgare enn målsetjinga om 98 % nærvær, men samla sett om lag som dei føregående åra.

ÅRSVERK	TILSETTE		
22,7	58		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	27,6	27,4	28,5
Budsjett	26,1	26,8	27,9
Avvik	-1,5	-0,6	-0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	4	3,82	3,73



Organisasjon og økonomi

ORGANISASJON

DRIFTSRESULTAT

INVESTERINGSREKNESKAP

BALANSE

FOND

KONSERNET ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

NØKKELTAL KONSERN

INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF

FINANSFORVALTNING

LÅN

Våre tilsette

I alt 676 personar var tilsett i Ulstein kommune ved utgangen av 2018. Desse er fordelt på 78 % kvinner og 22 % menn.

Til høgre syner vi fordelinga av kvinner og menn inndelt etter sektor. Under står tilsette fordelt på alder.

TILSETTE FORDELT PÅ ALDER	
Under 20 år	0,47 %
20–29 år	10,2 %
30–39 år	19,78 %
40–49 år	24,26 %
50–59 år	27,66 %
60–69 år	4,17 %

SEKTOR	TAL		PROSENTDEL	
	KVINNER	MENN	KVINNER	MENN
I ALT	526	150	78	22
Sentraladministrasjonen	17	6	74	26
Oppvekst	205	40	84	16
Skuleadministrasjon	3	2	60	40
PP-teneste	20	1	95	5
Grunnskule	154	31	83	17
Barnehagar	18	0	100	0
Øvrig oppvekst	10	6	63	38
Helse og omsorg	256	31	89	11
Administrasjon	11	3	79	21
Alm.helsevern	15	3	83	17
Alders- og sjukeheim	62	4	94	6
PU	27	9	75	25
Heimehjelp/sjukepleie	133	9	94	6
Sosialhjelp	6	3	67	33
Andre verksemder	2	0	100	
Kultur	16	8	67	33
Teknisk sektor*	30	61	33	67
Anna	2	4	33	67

* Ulstein kommune og UEKF

Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. I 2018 har vi hatt ekstra fokus på avviksrapportering både i leiarsamling og i samhandling med tillitsvalte og verneombod. Vi må likevel ta høgde for at det truleg er underrapportering på

avvik. Vidare er det framleis ulik terskel for å rapportere. Avvik på HMS og vald og trugsmål er tema i AMU. Det vert heile tida arbeidd for at dette skal vere eit system for kontinuerleg forbetring.

AVVIK/AVDELING	TENESTEKVALITET	HMS	TRUGSLAR OG VALD	INFORMASJONS-SIKKERHEIT	SUM AVVIK
Helse og omsorgsetaten	170 (206)	36 (30)	224 (189)	6 (3)	436 (428)
Oppvekst og kulturetaten	11 (7)	6 (9)	32 (42)	2 (6)	51 (64)
Teknisk etat	2 (2)	1	-	1	4 (2)
Sentral-administrasjonen	4	-	-	2 (4)	6 (4)
UEKF	2 (1)	6 (5)	-	- (1)	8(7)
SUM AVVIK	189 (216)	49 (44)	256 (231)	11 (14)	505 (505)

Tal frå 2017 i parentes.

Heiltid–deltid



Leiarar, tilsette og tillitsvalde deltek i prosjektet om heiltidskultur. Foto: Svein Arne Orvik

Gjennom heile 2018 har vi lagt ned ein stor innsats i å etablere ein heiltidskultur i Ulstein kommune. Dette er eit prosjekt i regi av KS der Ulstein og Ørsta er pilotkommunar. I Ulstein er det særleg Sone 3 i omsorgsetaten og Ulsteinvik barneskule som har vore aktive inn i dette prosjektet ved å delta i opplæring, kartlegging og også presentere prosjektet regionalt og fylkeskommunalt. Tillitsvalte både lokalt og fylkeskommunalt er viktige medspelarar i dette arbeidet. Prosjektet går over 3 år og skal ferdigstillast i 2020. I prosjektperioden vert det jobba med felles forståing for korleis arbeidstidsordningar påverkar kvalitet i tenestene, kompetanse, arbeidsmiljø, tryggleik og kontinuitet. Ulstein kommune har ein veg å gå før vi kan slå fast at vi har ein sterk heiltidskultur.

Diskriminering

Diskrimineringslova sitt føremål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Ulstein kommune arbeider for å fremje lova sine føremål innan vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og vern mot trakassering.

I leiande stillingar med økonomi og personalansvar, har vi 16 kvinner og 9 menn.

SEKTOR	HEILTID/ DELTID	PROSENTVIS DEL AV TILSETTE	STILLINGSSTORLEIK PER TILSETT
Alle			73 %
	Heiltid	43 %	
	Deltid	57 %	
Administrasjon			86 %
	Heiltid	72 %	
	Deltid	28 %	
Undervisning			82 %
	Heiltid	52 %	
	Deltid	48 %	
Barnehage			84 %
	Heiltid	30 %	
	Deltid	70 %	
Helse/pleie/omsorg			68 %
	Heiltid	29 %	
	Deltid	71 %	
Samferdsel og teknikk			39 %*
	Heiltid	25 %	
	Deltid	75 %	

* I brannvesenet er det mange deltidsstillingar med låg stillingsprosent. Desse er del av brannberedskapen og har stort sett heile stillingar hjå annan arbeidsgivar i tillegg.

Trass klare målsetjingar om likelønn, er vi framleis ikkje heilt i mål på dette.


Ulstein kommune har som mål å vere ein arbeidsplass som legg til rette for tilsette med redusert funksjonsevne. Vi har heile tida minst åtte personar på ulike ordningar for arbeidstrening, språkpraksis eller tilrettelagt arbeid i samarbeid med Nav.

Sjukefråvær

Ulstein kommune har ei målsetjing om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7 %. Utviklinga i sjukefråværet har diverre ikkje vore positiv dei siste to åra. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om årsakssamanhengar, men vi har grunn til å tru at store omstillingsprosessar har ført til auka fråvær i nokre av einingane våre. Vi har eit godt samarbeid med Nav via eigen kontaktperson. Samhandling og engasjement frå bedriftshelsetenesta er også

god. Vi har likevel ein veg å gå når det gjeld implementering av metode for oppfølging av sjukmelde, førebygging og systematisk HMS-arbeid. Om vi lukkast med å etablere ein heiltidskultur og også får fleire heile stillingar, vil dette statistisk sett kunne gi positiv effekt på sjukefråværet. Vi ser dette arbeidet i samheng med arbeidsmiljø, likestilling, nærvær og kvalitet.

UTVIKLING I SJUKEFRÅVÆRET FOR ULSTEIN KOMMUNE



Lærlingar

I starten av 2018 var det 18 lærlingar som hadde kontrakt med Ulstein kommune via Opplæringskontoret Søre Sunnmøre. Ved utgangen av året, var talet på lærlingar 14. Lærlingane i Ulstein kommune har vore fordelte på barne- og ungdomsarbeidarfaget, helsearbeidarfaget, institusjonskokk og logistikkfaget. Alle lærlingane som gikk opp til fagprøve fekk bestått. Ingen kontraktar vart heva i løpet av året. Både opplæringskontoret og fagleiarane i kommunen har jobba godt med tilrettelegging og oppfølging for å sikre at lærlingane kjem i mål med fagprøva. Samarbeidet med opplæringskontoret er svært godt. I 2018 har Opplæringskontoret gjennomført eit prosjekt med å legge inn digitale læreplanar til alle. Dette gjer arbeidet lettare både for lærlingane og for dei som skal følge opp.

I tillegg til ordinære lærlingar, har Ulstein kommune engasjert seg i to andre regionale/fylkeskommunale prosjekt som skal gi tilbod om læreplass og sikre mangfald og integrering:

- ▶ **Menn i helse:** Eit samarbeidsprosjekt mellom Nav, kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen, KS og Helsedirektoratet der målet er å rekruttere fleire menn til ein sektor som har behov for fleire hender i framtida. Målgruppa er menn i alderen 25–55 med rett til ytingar frå Nav. Dei får eit komprimert utdanningsløp fram til fagbrev som helsefagarbeidar. I Ulstein kommune starta vi med 4 kandidatar. Etter ein innleiande fase, har vi no 2 menn som er i ordinært opplæringsløp gjennom dette prosjektet.
- ▶ **Gloppen-modellen:** Etter modell frå prosjekt i Gloppen kommune, har Ulstein kommune vore vertskommune for tilrettelagt fagopplæring i helsefag. Opplæringa, som er treårig, er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal Fylkeskommune, Nav og kommunane på Søre Sunnmøre. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet har løyvd prosjektmidlar til tiltaket, og 15 personar med innvandrarbakgrunn deltek i opplæringa. Målet er at fleire skal fullføre utdanning og kome i ordinært arbeid, i tillegg til å sikre tilgang på faglært arbeidskraft no og framover.

Medarbeidarundersøking

Ulstein kommune nyttar medarbeidarundersøkinga 10-faktor som er utarbeidd av professor Linda Lai i samarbeid med KS. Undersøkinga er forskingsbasert og legg vekt på å måle faktorar vi kan arbeide målretta med. Samla svarprosent i 2018 var 59,5 %. Både resultat og svarprosent skil seg mellom dei ulike avdelingane i kommunen. Denne undersøkinga vart nytta også i 2016. Tabellen under viser resultatet for Ulstein kommune samanlikna med landssnittet for norske kommunar

som har gjennomført undersøkinga. Skalaen går frå 1 til 5 der 5 er beste resultat. Vi er generelt nøgde med at resultatet viser at både Ulstein og norske kommunar gjennomgåande har eit godt arbeidsmiljø.

Undersøkinga med kommentarar gir eit godt grunnlag for dialog og samhandling mellom leiar, verneombod, tillitsvalte og personalgruppa samla.

FAKTOR	NAMN	ULSTEIN 2018	ULSTEIN 2016	NOREG 2018	SKILDRING
1	Indre motivasjon	4,1	4,2	4,3	Motivasjonen for oppgåvene i seg sjølve, det vil seie om oppgåvene vert opplevde som ei drivkraft og som spennande og stimulerande. Også kalt indre jobbmotivasjon.
2	Meistringstru	4,2	4,2	4,3	Meistringstrua speglar den tiltrua kvar enkelt medarbeidar har til eigen kompetanse og mulegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.
3	Autonomi	4,1	4,1	4,2	Oppleringa medarbeidarane har av høvet til å jobbe sjølvstendig og gjere egne vurderingar i jobben, basert på eigen kompetanse og innan ei definert jobbrolle.
4	Bruk av kompetanse	4,1	4,1	4,2	Oppleringa medarbeidarane har av å få brukt eigen jobbrelevant kompetanse på ein god måte i sin noverande jobb.
5	Meistringsorientert leiing	3,8	3,8	4,0	Leiing som vektlegg at den enkelte medarbeidaren skal få utvikle seg og bli best muleg ut frå sine egne føresetnader, slik at medarbeidaren opplever meistring og yter sitt beste.
6	Rolleklarleik	4,2	4,1	4,3	Høg rolleklarleik inneber at forventningane til den jobben medarbeidaren skal gjere er tydeleg definerte og kommuniserte.
7	Relevant kompetanseutvikling	3,4	3,5	3,7	Relevant kompetanseutvikling er avgjerande for at medarbeidarane heile tida er best muleg rusta til å utføre oppgåvene sine med høg kvalitet, og er avgjerande for kvaliteten på tenestene som vert leverte, uansett kva type teneste vi snakkar om.
8	Fleksibilitetsvilje	4,4	4,4	4,5	Kor villige medarbeidarane er til å vere fleksible på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.
9	Meistringsklima	4,0	4,0	4,1	I eit meistringsklima vert medarbeidarane motiverte av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode, framfor å rivalisere om å bli best.
10	Prososial motivasjon	4,6	4,5	4,7	Motivasjon for å gjere noko nyttig og verdifullt for andre, også kalt prososial motivasjon, er ei viktig drivkraft for mange og har ei rekke godt dokumenterte positive effektar.

Arbeid med kontroll av verksemda

Arbeidet med kontroll av verksemda er eit omfattande og kontinuerleg arbeid. Avvikssystemet vårt, Risk Manager, er ein viktig del av denne oppfølginga og avviksmeldingar og lukking av avvik er korrektiv i kontroll og kvalitetsarbeidet. Nytt delegeringsreglement vart vedtatt i slutten av 2017. Arbeidet med innføring av GDPR var ei omfattande oppgåve som er omtalt i kapitlet for stab. Arbeidet med nytt sak- og arkivsystem vart oppstarta i 2018. Dette er viktig tilgangsstyring og skjerming av informasjon. Nytt system vil også gi mykje betre oversikt over informasjon og saker i organisasjonen. Systemet vert sett i drift sommaren 2019.

Oppfølging av forvatningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av tilsyn har og hatt høg prioritet i 2018.

I 2018 vart det vedtatt økonomiske styringsindikatorar for kommunen og det vart lagt fram ei sak om styring av investeringsprosjekt. Saka om investeringsprosjekt vart sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.

Dei tilsette har ordet

Medarbeidarundersøkinga *10-faktor* vart gjennomført hausten 2018. I alt 433 tilsette svarte på undersøkinga elektronisk. I tillegg til å svare på definerte spørsmål, var det høve til å legge til eigen merknad i fritekst. Her deler vi nokre av synspunkta og ønska som kom fram.

Fortsatt fokus på kompetanse-utvikling trur eg blir ein viktig suksessfaktor i tida framover.

Leiarar kan ha nytte av coaching/refleksjon i høve til leiarjobben. Bli «sett» meir som leiar også. Store avdelingar kan vere utfordrande.

Mindre prosjektarbeid, mer forutsigbarhet


Tilbod om fast 100 % stilling

Fin og trygg arbeidsplass med inkluderande medarbeidarar på tvers av avdelingane.

Betre/romslegare undervisningsrom og mulegheiter for å kunne organisere arbeidet i klassa på ulike måtar (meir plass).

Det hadde vore greitt med litt betre økonomi, slik at vi fekk det utstyret vi treng for å gjere ein god jobb. Det hender vi kjøper inn verktøy o.l. sjølve frå vår eiga lomme.

Det jeg savner er mere kursing.



Å bli sett for den jobben jeg/vi gjør.
Respektert og få passelige utfordringer.
Gjerne oftere medarbeidersamtaler.

Jeg trives veldig godt på
den avdelingen jeg jobber.

Ein leiar som er til stades, som gir
rom for delingskultur og samarbeid.
Økonomi til kursing.

Å halde fram som no. Kontakt-
lærer og eg har godt samarbeid.

Meir tid , fleire tilsette
og meir informasjon.

Meir tid til å jobbe med rutinar/reglement/
sortering/struktur og til å gå djupare i IT-
verktøy for å få betre effekt ut av disse.

Oftare høve til å delta på kurs/
kompetanseheving på nasjonalt plan.
Det finst lite kurs lokalt som er retta
mot det eg treng å tileigne meg av ny
kompetanse.

Kompetanseheving.
Bevisstgjerjing av yrkesetikk.

Driftsresultat

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit negativt netto driftsresultat på 73 865, om lag 771.000 svakare enn revidert budsjett. Det negative driftsresultatet må sjåast i samanheng med at rekneskapen for 2018 er belasta vel 9,4 mill. kr på barnehageområdet på grunn av gamle klagesaker. Tek ein omsyn til dette, utgjør netto driftsresultat 1,32 % av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at denne bør vere 1,75 % for norske kommunar. Sjølv om netto driftsresultat er negativt, viser botnlinja eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 97 534. Dette kjem av at det netto er henta inn 869.000 meir frå bundne fond enn budsjettert i 2018.

For andre året på rad fekk Ulstein ein brutto skatteinngang under landssnittet (99,9 %). Tidlegare år har denne vore langt høgare, mellom anna var den 118,7 og 117,4 % i 2014 og 2015. For ein kommune på Ulstein sin storleik, vil ein nedgang på 1 % i høve resten av landet utgjere om lag 1 mill. kr i netto inntektstap. I budsjettet for 2018 vart det lagt til grunn ein skatteinngang på 102 % av landssnittet. Når ein likevel kjem ut med eit positivt avvik på skatt og rammetilskot, kjem dette i hovudsak av at regjeringa i statsbudsjettet for 2018 rekna med ein skattevekst for kommunane på 1,3 %. Den faktiske skatteveksten vart på 3,8 %, og gav ein meirskattevekst for Kommune-Noreg på 4,338 mrd. kr. Gjennom inntektsutjamninga vart Ulstein sin del av denne meirskatteveksten på om lag 4,2 mill. kr. I tillegg gav det første året med eigedomsskatt i Ulstein kommune sin historie eit positivt avvik på vel 618 000 kr.

For overføringar med krav til motytingar (inntekt) er det ei meirinntekt på 16,419 mill. kr. Om lag 9 mill. kr av desse er knytte til helse- og omsorgssektoren, mens 6,9 mill. relaterer seg til oppvekstsektoren. Døme på opphav til desse meirinntektene er

- ▶ høgare refusjon frå fylket til lærlingordninga enn budsjettert
- ▶ auka refusjon frå andre kommunar til grunnskuleopplæring
- ▶ auka refusjon frå staten i samband med vidareutdanning av lærarar
- ▶ auka refusjon frå fylket i samband med IT-satsinga i skulen
- ▶ større refusjonar til flyktning enn budsjettert
- ▶ auka satsing på helsestasjonen og kommunalt rusarbeid
- ▶ auka tilskot etter den statlege ordninga for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

Andre statlege overføringar har ei meirinntekt på 4,738 mill. kr, som hovudsakeleg kjem av større integreringstilskot frå IMDI

enn forventet og ei utbetaling frå Havbruksfondet.

Det negative avviket på lønsutgiftene på 4,591 mill. kr ligg i hovudsak på helse omsorg (6,298 mill. kr), mens det er positive avvik på sentraladministrasjonen og teknisk etat. Det negative avviket på helse og omsorg må likevel sjåast i samanheng med dei positive avvika på overføringar med krav til motyting og andre statlege overføringar (omtalt over). Deler av meirforbruket på løn er dermed kompensert med auka inntekt. Det positive avviket på 2,686 mill. kr på sosiale utgifter kjem av lågare kostnader til pensjon og arbeidsgjevaravgift enn føreset. Amortisering av tidlegare års premieavvik inklusive arbeidsgjevaravgift utgjør 5,148 mill. kr, mot 5,3 mill. kr i revidert budsjett.

Dei negative avvika med omsyn til kjøp av varer og tenester, ligg hovudsakeleg på oppvekst og kultur (19,567 mill. kr), omsorg (5,074 mill. kr) og teknisk etat (3,194 mill. kr). Også dette må sjåast i samanheng med dei positive avvika på overføringar med krav til motyting og andre statlege overføringar (omtalt over), men vel 9,4 mill. kr er belasta barnehageområdet som følge av klagesaker for perioden 2012–17.

Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdrag vert rekna ut frå kommunen sine eignedelar, avskrivning og gjeld. Avdrag på lån har auka dei siste åra i takt med lånegjelda, og utgjorde 20,4 mill. kr i 2018, 665 000 mindre enn budsjettert. Når ein likevel kjem ut med eit negativt resultat av eksterne finanstransaksjonar på 1,434 mill. kr, kjem dette av negativ avkastning på midlar til aktiv forvaltning i 2018 (budsjettert med 1,5 mill. kr i inntekt).

Det rekneskapsmessige overskotet (mindreforbruket) i 2017 på 325 086 kr er sett av til disposisjonsfond, saman med årets budsjetterte avsetning på 379 315 kr.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2018, ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Opphavleg budsjett 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetalingar	-20 651	-19 488	-19 488	1 163	-20 015
Andre sals- og leigeinntekter	-56 700	-57 681	-57 681	-981	-52 971
Overføringar med krav til motyting	-107 675	-60 248	-91 256	16 419	-104 901
Rammetilskot	-205 073	-207 192	-207 192	-2 119	-201 260
Andre statlege overføringar	-34 841	-26 602	-30 102	4 738	-42 228
Andre overføringar	-5 066	-3 300	-3 300	1 766	-257
Innteks- og formuesskatt	-262 420	-255 592	-255 592	6 828	-249 381
Eigedomsskatt verk og bruk	-14 618	-14 000	-14 000	618	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-30	-27	-27	3	-30
Sum driftsinntekter	-707 074	-644 130	-678 638	28 436	-671 044
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	302 470	273 415	297 879	-4 591	292 871
Sosiale utgifter	78 887	82 158	81 573	2 686	75 491
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	67 769	53 874	53 917	-13 853	65 326
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjenesteprod.	204 217	176 022	188 736	-15 482	103 228
Overføringar	39 295	41 046	42 138	2 843	117 543
Avskrivningar	20 948	5 988	20 382	-566	21 977
Fordelte utgifter	-12 165	-11 791	-11 542	623	-11 526
Sum driftsutgifter	701 422	620 711	673 082	-28 339	664 910
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-5 652	-23 418	-5 556	97	-6 135
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-3 715	-3 597	-3 722	-7	-3 482
Gevinst finansielle instrument	-2 092	-1 500	-1 500	592	-3 240
Mottatte avdrag på lån	-55	-70	-70	-15	-47
Sum eksterne finansinntekter	-5 863	-5 167	-5 292	571	-6 769
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og lånekostnader	9 222	11 727	9 297	75	9 675
Tap finansielle instrument	2 634	0	0	-2 634	2 757
Avdrag på lån	20 400	21 065	21 065	665	19 400
Utlån	281	170	170	-111	120
Sum eksterne finansutgifter	32 537	32 962	30 532	-2 005	31 952
Resultat eksterne finansransaksjonar	26 674	27 795	25 240	-1 434	25 182
Motpost avskrivningar	-20 948	-5 988	-20 382	566	-21 977
NETTO DRIFTSRESULTAT	74	-1 611	-697	-771	-2 929
BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk	-325	0	-325	0	-3 222
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	-463
Bruk av bundne fond	-7 734	-793	-793	6 941	-3 358
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	-8 059	-793	-1 119	6 941	-7 044
AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskapen	475	0	475	0	0
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	704	379	704	0	3 222
Avsett til bundne fond	6 709	2 025	637	-6 072	6 425
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetningar	7 888	2 404	1 816	-6 072	9 648
REKNEKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK	-98	0	0	98	-325

Samanstilling av hovudtal over tid

HOVUDTAL, DRIFTSREKNESKAP	2018	2017	2016	2015	2014
Skatt	-277 038	-249 381	-245 408	-257 483	-242 269
Rammetilskot	-205 073	-201 260	-192 365	-167 041	-161 259
Andre driftsinntekter	-224 963	-220 403	-186 464	-165 668	-145 820
Kalk. renter og avskrivning	-20 948	-21 977	-19 731	-18 284	-15 792
Sum driftsinntekter	-728 022	-693 022	-643 969	-608 476	-565 140
Driftsutgifter	701 422	664 910	609 092	572 722	540 742
Sum driftsutgifter	701 422	664 910	609 092	572 722	540 742
Brutto driftsresultat utan avskrivning	-26 600	-28 112	-34 876	-35 754	-24 398
Netto renteutgifter	6 048	5 710	6 978	4 796	5 957
Netto avdrag	20 626	19 473	17 798	15 119	12 272
Netto driftsresultat	74	-2 929	-10 100	-15 839	-6 169
Bruk av netto driftsresultat					
Finansiering av utg. i kapitalrekskapet	475		362	265	2 517
Avsetningar	7 413	9 648	15 959	9 416	19 655
Bruk av avsetningar	-8 059	-7 044	-9 443	-2 328	-16 002
REKNESKAPSMESSIG MEIR- (+)/MINDREFORBRUK (-)	-98	-325	-3 222	-8 486	0



Foto: Svein Arne Orvik

Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2018 gjennomført investeringsprosjekt for 63,3 mill. kr. Dei største investeringsprosjekta var:

- ▶ Vatn og avløp, 21,096 mill. kr
- ▶ Fjernvarme 2,054 mill. kr
- ▶ Gangveg Kleven 9,996 mill. kr
- ▶ Ny kostemaskin 1,699 mill. kr
- ▶ Legehaugane 9,028 mill. kr
- ▶ Gangbru over Haddalelva 1,514 mill. kr
- ▶ Gangvei Skeide 2,363 mill. kr
- ▶ Velferdsteknologi 2,08 mill. kr

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Opphavleg budsjett 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
INNTEKTER					
Sal driftsmidler og fast eiendom	-6 755	0	0	6 755	-185
Andre salsinntekter	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	-120	-150	-210	-90	75
Moms-kompensasjon	-7 536	-6 133	-13 252	-5 715	-2 817
Statlige overføringer	-3 606	0	-2 600	1 006	-666
Andre overføringer	-980	-150	-1 957	-977	-2 000
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-18 997	-6 433	-18 019	978	-5 593
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	54 991	44 856	97 458	42 467	35 632
Kjøp av tenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	13	0	0	-13	0
Overføringer	8 296	6 133	14 012	5 715	2 817
Renteutgifter og omkostningar	0	0	0	0	-11
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum utgifter	63 300	50 989	111 469	48 169	38 438
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	4 482	0	0	-4 482	4 713
Utlån	3 673	6 000	11 884	8 211	15 273
Kjøp av aksjer og andeler	1 472	0	1 472	0	1 310
Dekning av tidlegare års udekkare meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	11 316	0	450	-10 866	752
Avsett til bundne fond	1 647	0	0	-1 647	2 510
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	22 590	6 000	13 806	-8 784	24 557
FINANSIERINGSBEHOV	66 893	50 556	107 256	40 363	57 402
FINANSIERING					
Bruk av lån	-36 953	-40 556	-73 549	-36 596	-42 019
Sal av aksjer og andeler	-11 316	0	0	11 316	0
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	-3 740	0	0	3 740	-4 469
Overført frå driftsrekneskapen	-475	0	-475	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-11 884	-10 000	-33 233	-21 349	-7 884
Bruk av bundne fond	-2 524	0	0	2 524	-3 030
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-66 893	-50 556	-107 256	-40 363	-57 402
UDEKT / UDISPONERT	0	0	0	0	0

Balanse

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE					
	2018	2017	2016	2015	2014
EIGEDELAR					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	505 320 256	498 744 399	487 922 922	464 292 764	436 950 415
Utstyr, maskinar og transportmidlar	49 082 419	27 083 529	23 321 723	29 023 856	20 027 893
Utlån	74 258 500	74 125 840	63 308 941	50 545 652	45 138 166
Aksjar og andelar	67 957 947	78 185 249	76 875 417	75 933 255	57 637 487
Pensjonsmidlar	600 922 810	558 346 839	513 690 637	509 240 580	477 861 272
Sum anleggsmidlar	1 297 541 933	1 236 485 856	1 165 119 640	1 129 036 107	1 037 615 233
Kortsiktige fordringar	64 896 226	61 209 322	55 809 152	53 525 855	52 294 626
Premieavvik	29 748 387	27 782 377	27 503 163	28 728 783	37 494 532
Aksjar og andelar	5 282 472	6 387 285	7 936 298	10 744 721	9 856 590
Sertifikat	0	0	0		0
Obligasjonar	5 111 744	5 065 472	5 007 623		0
Kasse, bankinnskot	120 218 011	128 850 832	136 186 891	90 494 088	63 105 460
Sum omløpsmidlar	225 256 841	229 295 288	232 443 128	183 493 446	162 751 208
SUM EIGEDELAR	1 522 798 774	1 465 781 144	1 397 562 768	1 312 529 553	1 200 366 441
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-36 459 403	-35 755 002	-32 996 070	-20 508 954	-25 771 524
Bundne driftsfond	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843	-6 128 819
Ubundne investeringsfond	-46 056 147	-46 623 352	-53 755 259	-51 610 440	-19 310 440
Bundne investeringsfond	-1 708 075	-2 585 600	-3 106 181	-2 574 076	-1 961 145
Endring i regnskapsprinsipp investering					
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-97 534	-325 086	-3 222 202	-8 487 116	
Rekneskapsmessig meirforbruk					
Udisponert i investeringsregnskapet					
Udekket investering					
Likviditetsreserve					
Kapitalkonto	-66 924 982	-29 857 273	-14 587 496	-11 105 823	230 488
SUM EIGENKAPITAL	-157 988 309	-122 914 194	-112 367 772	-96 470 846	-48 647 034
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktelsar mv.	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858	-619 807 196
Ihendehavarobligasjonslån	0	0		0	0
Sertifikatlån	-357 881 220	-343 725 559	-340 251 381	-287 601 381	-168 410 412
Andre lån	-211 173 181	-209 655 329	-208 278 543	-213 223 687	-254 234 118
Sum langsiktig gjeld	-1 271 719 593	-1 244 128 607	-1 201 086 961	-1 134 516 926	-1 042 451 726
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Kassekredittlån					0
Anna kortsiktig gjeld	-91 669 661	-97 371 085	-83 128 909	-79 531 792	-105 170 596
Premieavvik	-1 421 211	-1 367 258	-979 126	-2 009 989	-4 097 086
Sum kortsiktig gjeld	-93 090 872	-98 738 343	-84 108 035	-81 541 781	-109 267 682
SUM GJELD	-1 364 810 465	-1 342 866 950	-1 285 194 996	-1 216 058 707	-1 151 719 408
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-1 522 798 774	-1 465 781 144	-1 397 562 768	-1 312 529 553	-1 200 366 441
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttat lånemidlar	41 101 593	37 498 975	50 553 768	16 585 593	4 604 955
Andre memoriakonti	2 536 552	2 474 308	1 611 080	1 582 604	16 294 766
Motkonto for memoriakontiene	-43 638 145	-39 973 283	-52 164 848	-18 168 197	-20 899 722
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Fond

Ved inngangen til 2018 hadde Ulstein kommune om lag 47,8 mill. kr i fond som kan nyttast til driftstiltak og 49,2 mill. kr i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Per 31.12.2018 er dette redusert til 47,5 mill. kr i driftsfond og 47,8 mill. kr i investeringsfond.

Fond knytte til avløp har frå og med 2011 hatt ein negativ saldo, jamfør tabellen under. Negative saldo på sjølvkostfond

skal etter regelen dekkjast inn gjennom auka gebyr i løpet av 3–5 år. Dette inneber at dei resterande 397 186 kr av underskotet på 689 257 kr i 2014 må dekkast inn seinast i løpet av 2019. Innanfor vatn har det dei siste åra vore positive saldoar på fondet, men i 2018 har ein redusert dette med om lag 1,3 mill. kr, slik at ein no har ståande 1,511 mill. kr på fond. Status per 31.12.2018 er som følgjer:


	31.12.2018	31.12.2017	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Vatn	1 511 490	2 780 228	2 652 199	2 258 043	710 739	958 978	-174 396	117 158
Avløp	-397 186	-1 418 936	-2 260 493	-2 257 596	-3 280 806	-2 591 549	-996 483	-287 428

Pensjonsmidlar

Framtidige pensjonsforpliktingar er på 702,7 mill. kr, om lag 12 mill. kr meir enn i 2017. Forpliktingane vil mellom anna vere påverka av grunnlagsrenta, lønnsoppgjær og faktisk avkastning til pensjonsleverandør. Grunnlagsrenta vert fastsett ut i frå vurderingar av den sannsynlege, framtidige renteavkastninga av selskapet sine fond. Ein redusert grunnlagsrente inneber ein auke i pensjonspremiene.

Netto premieavvik utgjer ved utgangen av 2018 vel 28,3 mill. kr, vel 1,1 mill. kr meir enn året før. Eit positivt premieavvik inneber at avviket er innbetalt til pensjonsleverandørane, men ikkje belasta rekneskapen ut ifrå gjeldande reglar. Reglane for utgiftsføring av premieavviket er endra fleire gonger, og skal no utgiftsførast over 15, 10 eller 7 år, avhengig av kva år avviket oppstod. I grafen under ser ein korleis det totale premieavviket på 28,3 mill. kr vil bli kostnadsført dei komande 7 åra:

AMORTISERT PENSJONSKOSTNAD ULSTEIN KOMMUNE 2019-2025



Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

I vurderinga av kommunen si økonomiske stilling, må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organiserte i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til Kostra, rapporterer vi Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF som ei eining. Kostra-tala vil difor

ikkje vere påverka av organisasjonsstrukturen. I tabellane under kan ein sjå konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen, samt utvalde nøkkeltal og balansen pr. 31.12.2018. Ulstein eideomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2018, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSLESKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Opphavleg budsjett 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetalingar	-20 651	-19 488	-19 488	1 163	-20 015
Andre sals- og leigeinntekter	-69 576	-70 127	-70 127	-551	-66 653
Overføringar med krav til motyting	-178 261	-130 105	-161 113	17 148	-167 526
Rammetilskot	-205 073	-207 192	-207 192	-2 119	-201 260
Andre statlege overføringar	-34 841	-26 602	-30 102	4 738	-42 228
Andre overføringar	-5 066	-3 300	-3 300	1 766	-257
Inntekts- og formuesskatt	-262 420	-255 592	-255 592	6 828	-249 381
Eigedomsskatt verk og bruk	-14 618	-14 000	-14 000	618	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-30	-27	-27	3	-30
Sum driftsinntekter	-790 536	-726 433	-760 941	29 595	-747 351
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	317 864	288 089	312 554	-5 310	307 185
Sosiale utgifter	83 397	86 843	86 258	2 862	79 511
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	81 909	66 182	66 225	-15 684	83 102
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjenesteprod.	204 839	176 424	189 138	-15 702	103 407
Overføringar	41 499	42 526	43 617	2 118	120 752
Avskrivningar	53 852	5 988	53 286	-566	44 781
Fordelte utgifter	-12 879	-12 302	-12 053	826	-12 358
Sum driftsutgifter	770 481	653 750	739 025	-31 456	726 379
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 054	-72 683	-21 916	-1 862	-20 972
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-3 910	-4 097	-4 222	-312	-3 985
Gevinst finansielle instrument	-2 092	-1 500	-1 500	592	-3 240
Mottatte avdrag på lån	-55	-70	-70	-15	-47
Sum eksterne finansinntekter	-6 057	-5 667	-5 792	265	-7 272
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter og lånekostnadar	26 852	33 658	27 828	976	30 056
Tap finansielle instrument	2 634	0	0	-2 634	0
Avdrag på lån	46 859	43 665	47 065	205	37 102
Utlån	281	170	170	-111	120
Sum eksterne finansutgifter	76 626	77 493	75 063	-1 563	67 278
Resultat eksterne finanstransaksjonar	70 569	71 826	69 271	-1 298	60 006
Motpost avskrivningar	-53 852	-5 988	-53 286	566	-44 781
NETTO DRIFTSRESULTAT	-3 338	-6 845	-5 931	-2 593	-5 748
BRUK AV AVSETNINGAR					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk	-1 984	0	-1 984	0	-3 222
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	-463
Bruk av bundne fond	-7 734	-793	-793	6 941	-3 358
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsetningar	-9 718	-793	-2 777	6 941	-7 044
AVSETNINGAR					
Overført til investeringsrekneskapen	475	0	475	0	0
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	5 775	5 613	7 597	1 822	4 382
Avsett til bundne fond	6 709	2 025	637	-6 072	6 425
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetningar	12 958	7 638	8 708	-4 250	10 808
REKNEKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK	-98	0	0	98	-1 984

Nøkkeltal konsern

NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2018	2017
Skatt	-277 038	-249 381
Driftsutgifter	770 481	726 379
Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot	-308 424	-296 709
Brutto driftsresultat	-20 054	-20 972
Netto driftsresultat	-3 338	-5 748
Renter og avdrag	73 992	67 278
Investeringar	105 137	223 033
Lån	-1 489 323	-1 497 861
Bruk av lån	-46 791	177 589
Kasse,postgiro, bank	124 140	144 557
Kortsiktig gjeld	-110 506	-117 342
Langsiktig gjeld	-2 191 988	-2 188 609
Innbyggjarar	8 609	8 555
Eigenkapital	-457 431	-404 858
Anleggsmidlar	2 524 316	2 455 591
NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2018	2017
Skattedekningsgrad	35,96 %	34,33 %
Etatsinntektene si dekningsgrad	40,03 %	40,85 %
Brutto resultatgrad	2,54 %	2,81 %
Netto resultatgrad, Ulstein	0,42 %	0,77 %
Rente og avdragsbelastning	367,56 %	320,80 %
Lånefinansieringsgrad	44,50 %	79,62 %
Likviditetsgrad 1	2,13	2,17
Gjeldsgrad	5,03	5,70
Langsiktig gjeldsandel	79,4 %	80,7 %
Lånegjeld pr. innbyggjar	kr 173	kr 175

- ▶ **Skattedekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.
- ▶ **Etatsinntektene si dekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.
- ▶ **Brutto resultatgrad** viser kor myke brutto resultat utgjør av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Netto resultatgrad** viser kor myke netto resultat utgjør av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Rente og avdragsbelastning** viser kor mykje renter og avdrag utgjør av brutto resultat.
- ▶ **Lånefinansieringsgrad** viser kor mykje som er tatt opp i lån til å finansiere det som er investert i året.
- ▶ **Likviditetsgrad 1** er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og viser kommunen sin evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.
- ▶ **Gjeldsgrad** er forholdet mellom eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit uttrykk for i kva grad kommunen er rusta til å tåle tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad, til meir solid er kommunen.
- ▶ **Langsiktig gjeldsandel** viser kor stor del av egedelane som er finansiert av langsiktig gjeld.

Investering, Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP UEKF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2018	Opphavleg budsjett 2018	Regulert budsjett 2018	Avvik 2018	Rekneskap 2017
INNTEKTER					
Sal driftsmidler og fast eiendom	-8 905	0	0	8 905	-185
Andre salsinntekter	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	-10 033	-5 519	-5 579	4 454	-37 593
Moms-kompensasjon	-7 536	-6 133	-13 252	-5 715	-2 817
Statlige overføringer	-7 096	-21 312	-19 856	-12 760	-12 686
Andre overføringer	-6 863	-10 150	-12 717	-5 854	-5 000
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0	0
Sum inntekter	-40 433	-43 114	-51 404	-10 971	-58 281
UTGIFTER					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	88 954	93 942	134 383	45 429	184 956
Kjøp av tenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	13	0	0	-13	0
Overføringer	16 131	9 502	17 381	1 250	36 416
Renteutgifter og omkostninger	40	0	0	-40	1 661
Fordeelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum utgifter	105 137	103 445	151 764	46 627	223 033
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR					
Avdrag på lån	4 482	0	0	-4 482	4 713
Utlån	3 673	6 000	11 884	8 211	15 273
Kjøp av aksjer og andeler	1 554	0	1 472	-82	1 379
Dekning av tidlegare års udekkede meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	11 316	0	450	-10 866	752
Avsett til bundne fond	1 647	0	0	-1 647	6 102
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksjonar	22 672	6 000	13 806	-8 866	28 220
FINANSIERINGSBEHOV	87 376	66 330	114 166	26 790	192 971
FINANSIERING					
Bruk av lån	-46 791	-48 230	-71 908	-25 118	-177 589
Sal av aksjer og andeler	-11 316	0	0	11 316	0
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	-3 740	0	0	3 740	-4 469
Overført frå driftsrekneskapen	-475	0	-475	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-12 299	-10 000	-33 683	-21 383	-7 884
Bruk av bundne fond	-2 524	-8 100	-8 100	-5 576	-3 030
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERING	-77 146	-66 330	-114 166	-37 020	-192 971
UDEKT / UDISPONERT	10 230	0	0	-10 230	0

Når vi tek med investeringane i eideomsselskapet, som utgjør om lag 41,8 mill. kr, har vi i 2018 105,1 mill. kr i investeringar. Dei største investeringane i eideomsselskapet i 2018 er:

- ▶ Ulstein Arena 32,7 mill. kr
- ▶ Rop-bustadar Ulshaug 6,65 mill. kr
- ▶ Ombygging Reiten, Snoezelen og SSIKT 0,86 mill. kr


Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eideomsselskap KF

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF					
	2018	2017	2016	2015	2014
EIENDELER					
(A) ANLEGGSMIDLAR					
Faste eigedomar og anlegg	1 634 174 644	1 716 431 435	1 544 288 069	1 408 461 222	1 270 926 777
Utstyr, maskinar og transportmidlar	146 439 011	28 020 510	24 392 345	30 066 818	20 807 244
Utlån	74 258 500	74 125 840	63 308 941	50 545 652	45 138 166
Aksjar og andelar	68 521 244	78 666 494	77 287 168	76 281 677	57 938 224
Pensjonsmidlar	600 922 810	558 346 839	513 690 637	509 240 580	477 861 272
Sum anleggsmidlar	2 524 316 209	2 455 591 118	2 222 967 160	2 074 595 949	1 872 671 683
Kortsiktige fordringar	71 325 442	71 425 296	63 914 816	63 227 842	58 829 940
Premieavvik	29 748 387	27 782 377	27 503 163	28 728 783	37 494 532
Aksjar og andelar	5 282 472	6 387 285	7 936 298	10 744 721	9 856 590
Sertifikat	0	-			0
Obligasjonar	5 111 744	5 065 472	5 007 623		0
Kasse, bankinnskott	124 140 225	144 557 004	228 348 103	263 936 654	265 661 716
Sum omløpsmidlar	235 608 270	255 217 434	332 710 003	366 637 999	371 842 778
SUM EIGEDELAR	2 759 924 479	2 710 808 553	2 555 677 163	2 441 233 949	2 244 514 461
EIGENKAPITAL OG GJELD					
(C) EGENKAPITAL					
Disposisjonsfond	-45 077 630	-39 302 936	-35 384 004	-21 508 049	-26 708 956
Bundne driftsfond	-11 036 575	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843	-6 128 819
Ubundne investeringsfond	-46 487 247	-47 470 146	-54 602 053	-52 457 235	-20 157 235
Bundne investeringsfond	-9 434 703	-10 312 228	-7 239 995	-2 574 076	-3 005 348
Endring i regnskapsprinsipp investering					
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-97 534	-1 983 647	-3 222 202	-8 487 116	-1 401 494
Rekneskapsmessig meirforbruk					
Udisponert i investeringsregnskapet					
Udekket investering	10 230 285				
Likviditetsreserve					
Kapitalkonto	-359 822 248	-298 020 874	-237 645 894	-211 464 055	-117 310 425
SUM EGENKAPITAL	-457 431 245	-404 857 712	-342 794 712	-298 674 968	-170 417 871
(D) GJELD					
Pensjonsforpliktelsar mv.	-702 665 192	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858	-619 807 196
Ihendehavarobligasjonslån	-305 024 000	-305 024 000		0	0
Sertifikatlån	-830 664 438	-840 418 777	-1 245 971 599	-1 064 621 599	-946 939 400
Andre lån	-353 634 093	-352 418 395	-214 431 651	-353 207 973	-396 185 476
Sum langsiktig gjeld	-2 191 987 723	-2 188 608 891	-2 112 960 287	-2 051 521 430	-1 962 932 072
<i>Kortsiktig gjeld</i>					
Kassekredittlån					0
Anna kortsiktig gjeld	-109 084 300	-115 974 691	-98 943 039	-89 027 562	-107 067 432
Premieavvik	-1 421 211	-1 367 258	-979 126	-2 009 989	-4 097 086
Sum kortsiktig gjeld	-110 505 511	-117 341 949	-99 922 165	-91 037 551	-111 164 518
SUM GJELD	-2 302 493 234	-2 305 950 840	-2 212 882 452	-2 142 558 981	-2 074 096 590
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	-2 759 924 478	-2 710 808 552	-2 555 677 163	-2 441 233 949	-2 244 514 461
BALANSEN SIN NETTOSUM	0	0	0	0	0
(E) MEMORIAKONTI					
Unyttet lånemidlar	41 101 593	44 646 479	141 246 852	201 997 367	221 178 645
Andre memoriakonti	2 536 552	2 474 308	1 611 080	1 582 604	16 294 766
Motkonto for memoriakonti	-43 638 145	-47 120 787	-142 857 932	-203 579 971	-237 473 412
SUM MEMORIAKONTI	0	0	0	0	0

Finansforvaltning


Ulstein kommune har i 2018 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2018 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2018 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot låneporteføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida.

Per 31.12.2018 var fordelinga mellom dei finansielle passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF i 2017 og 2018:




UTVIKLING AV LIKVIDE MIDLAR HAR VORE SLIK I 2017 OG 2018

LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN KOMMUNE



LIKVIDITETSUTVIKLING BANKINNSKOT ULSTEIN EIGEDOMSSKAP KF



Likviditetssituasjonen er tilfredsstillende og følger same mønster som i 2017, men foretaket har i takt med utbygginga av Ulstein Arena og tilhørende nedgang i unyttre lånemidlar fått svekka likviditet. Kommunen har elles avgrensa likviditet knytt til fond fordi driftsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket på 28,3 mill. kr når vi vurderer likviditet.

Porteføljen på midlar til aktiv forvaltning har i løpet av 2018 blitt redusert med 297 000 kr til 42,796 mill. kr (sjå tabell under). Nedgangen utover den negative avkastninga på 96 000 kr skuldast forvaltningshonorar til Sydvestor.

FORVALTNING SYDVESTOR	PORTEFØLJE 01.01.2018		AVKASTNING 2018				PORTEFØLJE 31.12.2018	
	KR	PROSENT	KR	PROSENT	BENCH-MARK	AVVIK MOT BENCH-MARK	KR	PROSENT
Aksjeforvaltning	6 386 331	14,8 %	-548 000	-8,65 %	-1,84 %	-6,81 %	5 269 243	12,3 %
Sydvestor Likviditet	8 261 015	19,2 %	98 000	1,14 %	0,54 %	0,60 %	8 726 515	20,4 %
Bankinnskott/rentefond	28 445 414	66,0 %	354 000	1,24 %	0,54 %	0,70 %	28 799 770	67,3 %
Samla portefølje	43 092 760		-96 000				42 795 528	

Lån

Ulstein kommune fekk for første gang på mange år ein nedgang i brutto og netto lånegjeld. Utviklinga i netto lånegjeld (brutto lånegjeld minus lån til vidare utlån og unyttta lånemidlar) går fram av figuren under.

Sjølv om Ulstein har svært høg lånegjeld, er det viktig å vere klar over at ein stor del av den renteutsette gjelda er rentesikra.

Av total lånegjeld på 1,489 mrd. kr ved årsskiftet, er om lag 343 mill. kr knytt til vidare utlån og VAR-sektoren (1,146 mrd. kr er renteutsett). Om ein i tillegg trekker i frå rentebærande likviditet, utgjer netto renteutsett gjeld 1,060 mrd. kr. Av dette igjen er 892 mill. kr (84 %) rentesikra gjennom enten fastrentelån eller rentebytteavtalar.

NETTO LÅNEGJELD, KONSERN (TAL I MILL.KR.)




Foto: Svein Arne Orvik

Renter

PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2017						
VEKTA GJENNOMSNITTSRENTE UK/UEKF	P.T KOMMUNAL-BANKEN	NOREGS BANK (STYRINGSRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
1,62 % / 1,97 %	1,85 %	0,75 %	1,41 %	1,55 %	1,93 %	2,21 %

Vi ser at den vekta gjennomsnittrenta er høgare enn dei korte rentene i marknaden. Årsaken til dette er dei rentebindingane som er gjennomførde. Rentebindingane som er gjorde er i samsvar med kommunen sitt finansreglement og vedtak gjorde i samband med budsjettarbeidet for Ulstein kommune og UEKF.

Det å samanlikne vekta gjennomsnittrenta mot korte renter, gir ikkje eit rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å samanlikne rentebindingstida (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivå på tilsvarende løpetider. Rentebindingstida for dei to låneporteføljane per 31.12.2018 er:

ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	DEL	AKKUMULERT DEL
Under 1 år	352 555 860	0,3	61,75 %	61,75 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	61,75 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	61,75 %
3 til 5 år	71 700 000	3,56	12,56 %	74,30 %
> 5 år	146 727 000	6,22	25,70 %	100,00 %
SUM	570 982 860	2,23	100,00 %	100,00 %

ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDANDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	DEL	AKKUMULERT DEL
Under 1 år	241 698 730	0,42	26,38 %	26,38 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	26,38 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	26,38 %
3 til 5 år	426 710 000	3,96	46,58 %	72,96 %
> 5 år	247 727 000	7,77	27,04 %	100,00 %
SUM	916 135 730	4,06	100,00 %	100,00 %

Avdelingsvise oversikter

ØKONOMIAVDELINGA

PERSONALAVDELINGA

SERVICETORG OG DOKUMENTSENTER

DEMOKRATI OG KOMMUNIKASJON

HELSE OG OMSORG – SONE 1

HELSE OG OMSORG – SONE 2

HELSE OG OMSORG – SONE 3

HELSE OG OMSORG – SONE 4

HELSESTASJONSTENESTA

LEGETENESTA

NAV

BARNEVERN

HADDAL SKULE

HASUND SKULE

ULSTEIN SKULE

ULSTEINVIK BARNESKULE

ULSTEIN UNGDOMSSKULE

SUNDGOTMARKA BARNEHAGE

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE

ULSTEIN KULTURSKULE

INKLUDERING OG MANGFALD

KULTURAVDELINGA

PLAN- OG BYGNINGSAVDELINGA

ANLEGG- OG DRIFTSAVDELINGA

HAREID OG ULSTEIN BRANNVESEN

ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



Rådmann
Verner Larsen



Helse- og omsorgsetaten
Kommunalsjef Marit Botnen



Oppvekst- og kulturetaten
Kommunalsjef Gry Nordal



Teknisk etat
Kommunalsjef Arne Runar Vik

STAB



Økonomiavdelinga
Steinar Nummedal



Personalavdelinga
Kari Riise



Servicetorg og dokumententer
Eli Marte Dalhaug



Demokrati og kommunikasjon
Svein Arne Orvik

HELSE- OG OMSORGSETATEN




Sone 1 heimetenester
Leiar
Heidi Strand



Sone 2 heimetenester
Leiar
Gunn Hofset




Sone 3 institusjon/heimetenester
Leiar
Gunn Sætre




Sone 4 institusjon
Leiar
Gunn Helen Hauge Muren




Helsestasjonstenesta
Leiar
Kristin Meli



Legetenesta
Leiar
Norunn Kirkebø Elde




Nav
Leiar
Anders Hammer




Barnevern
Leiar
Aina Øyehaug Opsvik


OPPVEKST- OG KULTURETATEN



Haddal skule
Leiar
Vibeke Vigestad Berge




Hasund skule
Leiar
Marianne Ulstein Johnston




Ulstein skule
Leiar
Synnøve Haug



Ulsteinvik barneskule
Leiar
Vegard Gurskevik




Ulstein ungdomsskule
Leiar
Leon Romestrånd




Sundgotmarka barnehage
Leiar
Nora Wingsternes



Pedagogisk-psykologisk teneste
Leiar
Ingrid Evebø Haug



Ulstein kulturskule
Leiar
Julianne Hauge



Inkludering og mangfold
Leiar
Lars Erling Bjåstad Hovlid



Kulturavdelinga
Leiar
Leif Ringstad

TEKNISK ETAT



Plan- og bygningsavdelinga
Leiar
Anita Sundnes



Anleggs- og driftsavdelinga
Leiar
Odd Kåre Wiik



Hareid og Ulstein brannvesen
Leiar
Olav Helt Brubakk



Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

2018 vart eit utfordrande år for økonomiavdelinga med tidvis stort arbeidspress grunna sjukdom og fødselspermisjonar. Vi har likevel fleire dyktige og lærevillige tilsette og har fått auka bemanninga noko, så vi har stor tru på at dette på litt sikt skal bli veldig bra.

Av fleire årsaker auka aktivitetsnivået på avdelinga i 2018. Etableringa av felles brannvern, interkommunalt PPT og innføring av eigedomsskatt var sentralt i dette. Hausten 2018 starta arbeidet med ny bankavtale, og ny avtale med Sparebank 1 Søre Sunnmøre vart signert i november 2018. Frå 1.1.2019 vart skatteoppkrevjarfunksjonen overført til Søre Sunnmøre kemnerkontor i Herøy.

Av kapasitetsomsyn fekk vi ikkje køyrt månadsrapportering i ønskeleg grad i 2018. Sjølv om resultatet for 2018 tyder på at vi har klart å halde ei akseptabel styring

på økonomien, er det ei klar målsetting å auke talet på økonomirapporteringar dei komande åra. I tillegg vil vi ha fokus på automatisering av arbeidsprosessar og auka kvalitet på økonomiarbeidet som vert gjort (både eksternt og internt).

ØKONOMI

Det positive avviket kjem av mindre lønskostnader enn budsjettert. Kostnadane til arbeidsgjevarkontrollen (utført av Nordre Sunnmøre kemnerkontor) vart 180 000 kr høgare enn budsjettert.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråvær for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
5	5		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	3,3	3,5	3,6
Budsjett	3,4	3,6	3,5
Avvik	0,1	0,1	-0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	Sjå sentraladministrasjon		

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Held oss oppdaterte og sikrar god kompetanse på lover, regelverk, bruk av digitale verktøy og formidlar dette vidare ut i organisasjonen
- ▶ Sikrar god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod
- ▶ I samspel med AMU, Nav og bedriftshelsetenesta, utarbeider vi rutinar, mål og tiltak for å førebygge og redusere sjukefråvær og skader i heile organisasjonen.



Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

Gjennom heile året har vi arbeidd med prosjekt for etablering av heiltidskultur i Ulstein kommune. I tett samarbeid med KS, Ørsta kommune og tillitsvalte, har vi arrangert og organisert samlingar, kurs, rapportering og deltaking i nettverk. Det er for tidleg å vise til resultat i tal og statistikk for dette prosjektet, men både leiarar, tilsette og tillitsvalte har fått kompetanseheving.

Lønnspolitisk plan med oversikt over lokal praksis i lønnspolitikken, vart revidert i 2018. Arbeidet er gjennomført ved omfattande gjennomgang og høyring frå tillitsvalte og leiarane der det vert lagt vekt på korleis bruke lønnspolitikken for å rekruttere og behalde kompetanse. Resultatet er ein oppdatert plan som viser både overordna målsetjingar og lokal praksis for vurderingar og faste tillegg i lønna.

Medarbeidarundersøkinga «10-faktor» vart gjennomført for heile organisasjonen i 2018. Resultatet viser at Ulstein kommune gjennomgåande er ein god arbeidsplass. Etter presentasjon for leiarar, verneombod, tillitsvalte og tilsette, vert det utarbeidd

ÅRSVERK	TILSETTE		
6	7		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	3,8	4,0	3,8
Budsjett	3,7	3,7	3,9
Avvik	-0,1	-0,3	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	Sjå sentraladministrasjon		

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Held oss oppdaterte på ny teknologi og fagsystem
- ▶ Syter for å vere serviceinnstilte og imøtekomande mot kundar og brukarar av våre tenester
- ▶ Sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- ▶ Gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen syte for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering

avdelingsvise handlingsplanar der det vert gjort tiltak for å styrke arbeidsmiljøet og gi alle høve til å gjere ein god jobb.

Som for resten av organisasjonen har nye krav til personvern (GDPR) ført til at vi har hatt ein gjennomgang og kartlegging av eigen praksis. Rutinar er endra og kunnskapen styrka.

Nedbemanning av Ulstein kompetansesenter og etablering av felles brannvern, har vore arbeidskrevjande prosessar i 2018. Lokale lønnsforhandlingar vart gjennomførde utan brot.

ØKONOMI

Auka kostnader til gåver etter påskjøningsregelementet bidrar til eit negativt avvik i 2018.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråvær for stabseiningane vert rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
5	5		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	3,6	4,1	3,4
Budsjett	3,4	3,4	3,6
Avvik	-0,2	-0,7	0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	Sjå sentraladministrasjon		

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Sikre eit godt, første møte med kommunen
- ▶ Jobbe for raskare svartid og enklare samhandling ved bruk av nye digitale verktøy
- ▶ Kontinuerleg forbetre vår service basert på trendar til nettside og våre besøk i skranken
- ▶ Nytte klart språk for å sikre at vår informasjon famnar om alle
- ▶ Innføre nytt og framtidretta sak- og arkivsystem, og bidra til utvikling av felles rutinar og arbeidsprosessar i det interkommunale samarbeidet



Servicetorg og dokumententer

LEIAR: ELI MARTE DALHAUG

2018 har vore eit år med omorganisering av fleire arbeidsområde og ei endring av personale. Kommunikasjon vart overført til avdeling for demokrati og kommunikasjon i overgangen til året. Arkivleiar gjekk av i slutten av januar og ny einingsleiar vart tilsett i april. I starten av året vart sentralbordfunksjonen overført til Vanylven kommune som vertskommune.

Servicetorget må aktivt rettleie våre innbyggjarar med behov for ekstra støtte og digital hjelp, og dette har vi no fått meir rom for å kunne utføre på ein god måte. Turistinformasjonen var ikkje lenger tenleg å ha på rådhuset og vart flytta til Ulstein Arena under kulturavdelinga rett før sommaren. Intranettsidene til kommunen vart etablert i juni som ein viktig informasjonskanal ut til våre tilsette.

Eit stort arbeid vart lagt ned i arbeidet med ny personopplysningslov (GDPR) som tredde i kraft 20. juli. Personvern er eit viktig og krevjande område, og rolla som personvernombod vart lagt under vår eining.

Hovudfokus siste halvår har vore førebuingar til innføring av nytt sak-/arkivsystem. Ei omfattande rydding og klargjering av vårt elektroniske arkiv vart sett i gong i midten av 2018. Innføringsprosjektet for nytt system (Acos WebSak) starta opp i oktober. Her er vi del av ei interkommunal prosjektgruppe som etablerer felles rutinar og struktur for sju kommunar. Dette er med på å styrke vår faglege kompetanse og gje oss systemeigarskap. Vi vil med dette systemet oppnå våre mål om meir effektive arbeidsprosessar og ei fulldigital saksbehandling. Rydding av historisk papirarkiv har hatt stor framgang dette året, og fleire tilsette har vore involvert i arbeidet for å få utføre avlevering til IKA Møre og Romsdal i Ålesund.

ØKONOMI: Avdelinga har i år hatt eit underforbruk i hovudsak grunna redusert bemanning.

SJUKEFRÅVÆR: Sjå samla kommentar under sentraladministrasjon.



Demokrati og kommunikasjon

LEIAR: SVEIN ARNE ORVIK

Arbeidet med ny nettstad for kommunen var det største tiltaket i 2018. Nettstaden fekk ny struktur og nytt design for å møte behova til brukarane på best mogleg vis. Innhaldet vart laga på nytt i tett samspel med heile organisasjonen. Nettstaden vart til i godt samarbeid med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.

I tillegg til arbeid med møte i folkevalde organ og arbeidsvilkåra til dei folkevalde, la vi spesielt til rette for arbeidsgrupper som har følgd opp reforma «Leve hele livet». Grupper vart peikt ut på initiativ frå fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Prosjektet «Styrka innbyggardialog og lokaldemokrati» prega året. Mellom dei digitale og fysiske dialogtiltaka som vart nytta i 2018, er folkemøte, dialogmøte, dialogstand, open budsjettpresentasjon og mobilisering av innspel om innsparring, friluftsliv, arealbruk, livskvalitet for eldre m.m. Over 700 personar har delteke på ulike dialogarenaer i 2017–2018.

«Strategi for innbyggardialog», «Strategi for nyskaping» og «Plan for krisekommunikasjon» vart laga dette året. Utvida bruk av sosiale medium var elles ei viktig satsing. Vi nytta Facebook til mange føremål: innbyggardialog, informasjon om tenestene, kampanjar, blest om politiske møte m.m. Vi tok i bruk Instagram, som spesielt vart nytta til å gjere arbeidet i tenestene meir synleg og vise glimt frå livet i kommunen. Talet på innbyggjarar som følger kommunen i sosiale medium stig stadig.

ØKONOMI

Hovudforklaringa på avviket er at det vart halde fleire politiske møte enn det var tatt høgd for.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet vart rapportert samla under sentraladministrasjonen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
2	2		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	4,1	4,1	4,5
Budsjett	3,6	4,0	4,4
Avvik	-0,5	-0,1	-0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	Sjå sentraladministrasjon		

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ utviklar nettstaden slik at brukarane finn det dei er ute etter og får gjort det dei skal
- ▶ nyttar sosiale medium for å engasjere innbyggjarane
- ▶ prøver ut nye verktøy for innbyggardialog og samskaping
- ▶ gir dei folkevalde god service
- ▶ profilerer arbeidet og satsingane i kommunen
- ▶ gjennomfører val på ein tillitvekkande måte



Foto: Svein Arne Orvik



Klima og miljø

I 2018 laga vi utkast til ein eigen handlingsplan mot plast og marin forureining. Eit utkast til ny handlingsdel i klimaplanen for kommunen vart også lagt fram. Desse to dokumenta skal vedtakast i 2019. Kommunestyret vedtok dessutan i 2018 å forby sal av heliumballongar frå kommunal grunn. FNs mål for berekraftig utvikling vart i 2018 for første gong innarbeidde i budsjett- og økonomiplanen til kommunen (for åra 2019–2022). Her er elles eit utval av konkrete miljøtiltak i 2018.

- ▶ Hurtigladestasjon og ladestolpar med vekselstraum for elbilar ved Ulstein Arena
- ▶ 14 ladepunkt for elbilar (tenestebilar) ved ulike kommunale bygg
- ▶ Sykkelparkering med tak og veggar ved alle barneskulane og i sentrum
- ▶ Sykkelstativ ved Høddvoll
- ▶ Gang- og sykkelveg frå Hasund skule til Kleven
- ▶ Gang- og sykkelveg frå Halseneset til Skeide (starta opp)
- ▶ Opprensing/mudring av Sauneselva ved Amfi for å lette oppgang av anadrom laksefisk (laks og sjøaure)
- ▶ Innmelding i Sunnmøre Friluftsråd og den tilhøyrande skjergardstenesta. Besøk med ryddeaksjon på Borgarøya.



Helse og omsorg – Sone 1

LEIAR: HEIDI STRAND

Heimesjukepleia har hatt eit godt driftsår med stabilt personale. Ved årslutt var dei nye digitale tryggleiksalarmane ikkje komne i bruk. Velferdsteknologiske løysingar tek tid å implementere. Nye rutinar, sikrings-tiltak og teknologisk infrastruktur må vere på plass.

Vi driv eit prosjekt med eit oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne. Målet er å hjelpe dei der dei er, at dei kan greie seg med hjelp frå høgt kompetent personale og ha stor grad av medverknad.

Kvardagsrehabilitering er no ein integrert del av tenestetilbodet. Ein skal alltid vurdere om det skal settast inn heimtrening ved inntak av nye brukarar og dersom brukaren får funksjonsfall. Erfaringane frå denne satsinga er svært bra. Ca. 50 brukarar fekk tilbodet i 2018.

Vi har hatt eit internt forbedringsteam som har arbeidd for å implementere nye rutinar når det gjeld pasientforløp. Dette inneber nye rutinar når det er nye brukarar eller ved

endringar/funksjonsfall. Det vil bidra til kvalitetsbetring, tettare oppfølging, betre internkontroll og høgare pasientsikkerheit.

Kontorfasilitetane er lite tilfredsstillande. Heimesjukepleia har for få kontor, baserommet er trangt og lite eigna for arbeidslaget. Lokala innfrir ikkje krav til arbeidslokale i høve til storleik og inneklima. Tenesta for psykisk helse og rus har store kontor, men det er gamle leilegheiter som ikkje er eigna til kontorisering.

ØKONOMI

Økonomien har stort sett vore i balanse gjennom året.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråveret har vore moderat i 2018, har gått ned i høve til 2017 og ikkje vore jobberelatert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
49,2	71		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	34,8	40,7	46,3
Budsjett	32,1	37,1	45,9
Avvik	-2,7	-3,7	-0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	12,41	8,09	12,26

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Halde fram med å utvide/utvikle teknologiske løysingar i takt med behovet
- ▶ Omgjering av stillingsheimlar til sjukepleiar/vernepleiar for å kunne møte endra behov
- ▶ Lage trivelege måltid med god ernæring og nydeleg matlukt på husa våra
- ▶ Ved fellesmåltid: tilby to varme måltid per dag, middagen blir flytta til seinare på ettermiddagen
- ▶ Endre og tilpasse turnusane i forhold til endring av måltid
- ▶ Halde fram med å ta godt imot lærlingar, studentar, elevar, språk- og arbeidspraksiskandidatar
- ▶ Halde fram med samarbeid og sambruk av lokalitetar og skape felles møteplassar/arenaer



Helse og omsorg – Sone 2

LEIAR: GUNN HOFSET

Hovudfokuset har vore utvikling av teknologiske løysingar. Det er oppretta ei kommunal velferdsteknologigruppe, Ulstein var vertskommune for 7-stjerna og vart med i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet. Avdelingsleiaren i Halsekerdalen 22 har vore nøkkelperson, satsinga har gitt tidsmessige utfordringar når det gjeld andre oppgåver.

Avdelingane i Halsekerdalen har kome lengst med implementering av velferdsteknologi. Mykje tid har gått med til å sette seg inn i ny teknologi og lovverk, sette opp mottak av alarmer, skrive rutinar og tiltaksplanar. Det har vore utfordrande å finne tid til dette på toppen av det daglege arbeidet. Infrastrukturen har ikkje vore på plass. Wifi-dekninga på bygga våra har vore svært dårleg, men er under utbetring.

Denne teknologien vart teken i bruk i 2018: 4 GPS-ar for å gi brukarar mulegheit til å gå turar på eiga hand. 8 RoomMate, ein tryggleiksalarmer med digitalt tilsyn. 3 sengealarmer. 8 Memoplanner, eit hjelpemiddel som gir bebuaren oversikt over kva som skal skje kvar dag. MillaSays,

ÅRSVERK	TILSETTE		
35,0	52		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	25,2	27,0	27,6
Budsjett	25,2	26,1	27,9
Avvik	0,0	-0,9	0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	7,54	10,72	8,69

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Ta i bruk fleire velferdsteknologiske løysingar, m.a. digitale tryggleiksalarmer, e-lås og ulike smarte digitale hjelpemiddel i heimane
- ▶ Oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne, tilsette psykolog og implementere tilbodet i kommunen. Halde fram med kvardagsrehabilitering som ein integrert del av tenestene i kommunen.
- ▶ God tverrfagleg samhandling og gode pasientforløp – deltaking i nasjonalt program
- ▶ Arbeide for betre kontorfasilitetar innan psykisk helse og rus og heimesjukepleia, og meir hensiktsmessig bruk av Skollebakken. Arbeide for betre bilordningar for dei tilsette.

eit hjelpemiddel for dei som brukar «tegn til tale». 2 døralarmer til ytterdørene på hovudinngangen. 1 Somnify, pust og bevegelsessensor. 10 valdsalarmer til personalet.

Både tilsette og brukarar har vore svært positive til ny teknologi. Personalet er motiverte og har stort pågangsmot. Dei tek godt imot svært mange i språk- og arbeidspraksis. Behovet for avlastning for barn/unge med spesielle behov har auka. Flytting av middag til ettermiddag skjer våren 2019.

ØKONOMI

Avdelingane har mange brukarar som mottek ressurskrevjande tenester og underskotet blir dekt inn av overføringar frå staten i samband med dette.

SJUKEFRÅVÆR

Fleire tilsette har vore langtidsjukmeldte og oppnår maxdato i første halvdel av 2019.

ÅRSVERK	TILSETTE		
29,7	46		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	23,7	24,2	23,7
Budsjett	23,4	23,9	24,4
Avvik	-0,3	-0,2	0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	9,77	10,18	11,02

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Ta i bruk velferdsteknologi; RoomMate
- ▶ Auke sjukepleiardekninga
- ▶ Tilrettelegge gode møteplassar på Alvehaugen for barn og eldre
- ▶ Aktivitetar knytte til musikk og trening for å stimulere, aktivisere og auke livsglede
- ▶ Avdelingane skal ha praksis plassar for minoritetsspråklege som treng språk og arbeidspraksis.



Helse og omsorg – Sone 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

RoomMate er innkjøpt, men enno er ikkje alt teknisk ferdig installert slik at vi kan ta dei i bruk på sjukeheimen og i omsorgsbustadane på Alvehaugen. Vi har også teke i bruk GPS for demente og dagskalender, og det er store forventningar knytt til velferdsteknologiske løysingar som hjelpemiddel i tenesta til brukarane.

Stadig større krav til kva kommunane skal ta ansvar for, har ført til auka behov for sjukepleiefagleg kompetanse og fleire sjukepleiarar. Med fleire sjukepleiarar vil ein vere betre rusta til å takle sårbare bemanningsperiodar i feriane. Avdelingane G og HI har samla auka sin sjukepleiefaglege kompetanse med 55 % stilling i 2018. Dette ved at når ein helsefagarbeidar har slutta, har ein tilsett sjukepleiar. Ressursmessig har ikkje avdelingane auka i 2018. Det var stor aktivitet på korttidsavdelinga i 2018: 111 innleggingar i avdelinga, 72 frå sjukehuset, 25 frå heimen og 14 på KAD-opphald.

Dagsenteret for eldre på Alvehaugen har samarbeid med Almejordet barnehage, barnehagen kjem på besøk og dei har aktivitetar knytt særskilt til lavvoen. Førsteklassingane

har også vore på besøk, og turgruppa på dagsenteret har vore på besøk i Sundgotmarka barnehage. Det har også vore felles aktivitetar mellom barn og eldre knytt til jul og songstunder. Musikkterapeuten har også musikkstunder på dagsenteret, og det er eit svært populært tilbod. Talet på brukarar på dagsenteret har auka utover hausten 2018.

HI-fløya har heile året hatt ein eller fleire personar på språk- eller arbeidspraksis, og for fleire av dei har dette vorte ein innfallsport til helsefagleg utdanning. Vi har også praksisplass for helsefagarbeidarelevar frå den minoritetsspråklege klassa både på G og HI.

ØKONOMI: Budsjettet er i balanse når ein ser vekk frå feilføringar av husleigeinntekter.

SJUKEFRÅVÆR: Stigande sjukefråvær. Ein del av fråværet skuldast belastningslidingar og ein del er ikkje arbeidsrelatert. Jobbar kontinuerleg med å ha god dialog og fokus på tilrettelegging der det er mogeleg.



Helse og omsorg – Sone 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

Det er kjøpt inn RoomMate, men den tekniske biten er førebels ikkje heilt på plass, så vi har enno ikkje fått tatt det i bruk. Dei tilsette er positive til innføring av ulike velferdsteknologiske løysingar.

Avdeling E og F har for det meste hatt ei stabil personalgruppe. Det er fokus på miljøretta arbeid og personsentrert omsorg. Samarbeidet på tvers av avdelingar og profesjonar er betra, og vi har fokus på å utnytte den enkelte sin kompetanse og ressursar. Det har vore fleire samarbeidsmøte med pårørande, og frivillige er inne gjennom aktivitetsvennprosjektet. Vi har hatt inne personar på språk- og arbeidspraksis, i tillegg til elevar og studentar. Det er også ved desse avdelingane dei fleste fagprøvene i helsefag vert tatt.

Natt-teamet har eit stort og samansett ansvarsområde. I 2018 tok natt-teamet også over ansvaret for Hovstølvegen 25. Natt-teamet fungerer og samarbeider godt på tvers i etaten.

Kjøkkenet har stor aktivitet. I tillegg til kost til institusjon, leverer dei dagleg middagar til omsorgsbustader og heimebuande, og omtrent kvar veke lunsjar til diverse arrangement. Elles er dei sterkt medverkande på julebord og krabbefestar som dagplass arrangerer, og lagar til julebord for alle tilsette i helse- og omsorgsetaten. Kjøkkenet har fokus på å nytte råvarer knytt til årstidene. Det er jamleg inne både elevar og personar på språk- og arbeidspraksis.

Vaskeriet har eit stort press på tenestene. Dei arbeider godt med små ressursar.

ØKONOMI

Budsjettet er så godt som i balanse.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet har gått ein del ned. Noko av sjukefråværet kan nok skuldast belastningslidingar, men i hovudsak så er det ikkje arbeidsrelatert sjukefråvær. Vi har fokus på tett dialog, og tilrettelegging i den grad det er muleg.

ÅRSVERK	TILSETTE		
36,3	68		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	27,4	29,5	28,9
Budsjett	27,5	28,4	28,6
Avvik	0,1	-1,2	-0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	9,24	13,99	10,32

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Ta i bruk RoomMate
- ▶ Samarbeide betre på tvers av profesjonar og avdelingar, nytte rett kompetanse på rett plass
- ▶ Tilby daglege aktivitetar, individuell omsorg, gode måltidsopplevingar – fire næringsrike måltid per dag med individuell tilpassing
- ▶ Positive til initiativ og tilbakemeldingar frå både kollegaer, frivillige, pårørande og bebuarar
- ▶ Vere positive til, og vere gode rollemodellar for elevar, studentar og personar i språk og arbeidspraksis



Ulstein ungdomsråd og ordføreren nominerte Ulstein til prisen Årets ungdomskommune. Foto: Annika Brandal



Årets ungdomskommune

Vi vart i 2018 tildelt Møre og Romsdal fylkeskommunes pris for årets ungdomskommune.

VI FEKK PRISEN FORDI KOMMUNEN HAR UTMERKA SEG VED Å

- ▶ legge til rette for medverknad frå ungdom
- ▶ skape gode møtestadar for ungdom
- ▶ legge til rette for eit allsidig fritidstilbod for ungdom
- ▶ på anna vis gjere ein særskilt innsats for ungdom i kommunen



Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjonen har fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid og gir tilbod om oppfølging til alle barn frå fødsel til og med vidaregåande skule. På tross av nasjonale prosjektmidlar til to helsesjukepleiarstillingar er vi enno ikkje oppe på nasjonal minstenorm for bemanning i skulane.

Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldre-rettleiingsprogram. Helsedirektoratet har dei seinare åra lyst ut midlar til bruk i helsestasjon og skulehelsetenesta. Ulstein har sidan 2017 fått over 5 mill. kr fordelt på fleire satsingar. I 2018 var det fem fagpersonar, bl.a. ernæringsfysiolog og fysioterapeut, i prosjektstillingar. Dei ekstra satsingane er:

- ▶ trygg start, eit tverrfagleg tilbod til gravide/familiar.
- ▶ satsinga på vidaregåande skole med auka grunnbemanning
- ▶ generell styrking av tenesta – har spesielt styrka skulehelseteneste og med ekstra fokus på psykisk helse og gruppetilbod. Dette har ført til auka

tilgjenge, tettare og meir målretta samarbeid med andre faggrupper.

- ▶ digitalisering: vi er med i samarbeid om full digitalisering av alle helsestasjonane i sjustjerna

Dei nasjonale midlane gjer at helsestasjonen har høve til kompetanseheving. Helsestasjonen fekk arbeidsmiljøprisen i kommunen. Tittelen helsesøster blei endra til helsesjukepleiar.

ØKONOMI

Det er ikkje leigd inn vikar ved langvarige sjukefråvær. Vi heldt også ei stilling vakant nokre månader.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet er framleis lågt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
11,8	16		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	6,5	7,6	7,4
Budsjett	6,7	7,8	8,2
Avvik	0,2	0,2	0,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	2,62	3,24	3,58

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- ▶ Tilby utoverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, t.d. på skulane
- ▶ Fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- ▶ Fokus på å avdekke/førebyggje vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ Kome tidleg inn og tilby foreldre-støttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- ▶ Opprette tverrfagleg helsestasjon / Trygg start

ÅRSVERK	TILSETTE		
1,2	3		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	11,6	11,5	12,1
Budsjett	11,1	11,4	11,3
Avvik	-0,5	-0,2	-0,8
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	Ikkje med pga. storleik		

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Utvikle godt tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- ▶ Arbeide vidare med framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre for å få ei best mogleg teneste for innbyggjarane
- ▶ Vere ein tydelig medisinskfagleg rådgjevar i saker som påverkar folkehelse innanfor alle samfunnsområde



Legetenesta

LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE

Vi har eit positivt og godt samarbeid mellom tenestene i helse og omsorg og jobbar med å gjere det endå betre. Kommuneoverlegen har ansvar for eit møte med legetenesta per månad i samarbeid med kommunalsjefen. Der har vi invitert andre brukargrupper som helsestasjonen, jordmortenesta, fysioterapitenesta, ergoterapitenesta, frisklivssentralen, omsorgstenesta og folkehelsekoordinatoren. To gongar i året er det møte med alle fysioterapeutar i kommunen. Kommunelegen har også vore på besøk hos veterinærtenesta, som vi har ansvar for.

Elektronisk kommunikasjon mellom tenestene fungerer ganske godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp.

Det er i gong arbeid for å avklare framtidig legevakt på Søre Sunnmøre. Vi har valgt å satse vidare på den felles nattlegevakta i Volda og felles legevaktformidling. I 2019 skal vi spesielt vurdere tilbodet på dag og helg.

Kommunelegen har eit overordna ansvar når det gjeld folkehelse, og har vore rådgivar i miljøretta helsevern i samband med skulebygg, barnehagar, lokale for helse-teneste og overordna planlegging.

Vi jobbar elles med å implementere nye retningslinjer for utdanning av legar og med gode samhandlingsrutinar overfor helseføretaka og i sjustjerna.

ØKONOMI: Kostnadane til legesenteret er auka med ca. 600 000 kr utan at budsjettet er auka tilsvarande.

ÅRSVERK	TILSETTE		
20,7 (5 kommunale)	23		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	11,0	12,3	13,8
Budsjett	11,0	10,8	14,3
Avvik	0,0	-1,5	0,5
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær			

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Tilby tilrettelagde kvalifiserings-tiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- ▶ Styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga. Etablere team av jobbspesialistar.
- ▶ Styrke samarbeidet med næringslivet ytterlegare



Nav

LEIAR: ANDERS HAMMER

I 2018 blei det etablert felles Nav-kontor med Hareid kommune.

Med prosjektmidler frå Helsedirektoratet har vi tilsett tre jobbspesialistar som gir bistand til menneske med psykiske helseutfordringar til å kome i arbeid.

I samarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Nav har vi starta ei klasse ved Ulstein videregående skule som gir tilrettelagt undervisning for framandspråklege i helsefag. Fleire menneske har behov for kvalifisering for å kome i arbeid og vi undersøker mulegheitene for å kome i gang med klasser i andre fag.

Utbetalingar av økonomisk sosialhjelp gjekk opp i 2018, men auken er mindre enn føregående år. Særleg var utviklinga i siste tertial positiv, og forbruket markant lågare enn tidlegare på året.

ØKONOMI: Budsjettet er i balanse.



Barnevern

LEIAR: AINA ØYEHAUG OPSVIK

I 2018 har vi fullført å ta i bruk økonomidelen av fagprogrammet, som gir oversikt over kostnadane ved kvart enkelttiltak. Vi har også innført tenesta elektronisk arkiv, «Svar ut» og digitalisert fagprogrammet.

Dei siste åra har det vore ein markert auke i saker som gjeld vald. Den interkommunale tenesta fekk 109 akutte henvendingar på dagtid i 2018 og var involvert i saker der 37 barn (8 frå Ulstein) var til avhøyr på barnehuset.

Dei sju kommunane på Søre søkte i 2018 om skjønsmidler frå Fylkesmannen for å utgreie og etablere felles vakt og fekk 750 000 kr. Det er bestemt å vurdere samarbeid med Ålesund om vakta før avgjerda vert tatt.

Vi har ført saker om 13 barn i nemnds- og rettssystemet i 2018, av desse vart fleire handsama som samtaleprosess. Ei sak var frå Ulstein og vart behandla som samtaleprosess.

Barnevernstenesta hadde tilsyn frå arbeids-tilsynet i februar 2018 med fokus på vald og

truslar. Det vart gitt pålegg om utbetringar. Desse vart gjort og tilsynet vart lukka.

ØKONOMI

Ulstein har over tid hatt nokre kostnads-krevjande saker både i og utanfor familien. Nokre av dei er no avslutta. Vi har i stor grad gått over frå å kjøpe tiltak frå private aktørar til å nytte eige familieteam. Dette bidrar til at utgiftene har gått ned.

SJUKEFRÅVÆR

Alle fagtilsette har fulle stillingar, men nokre er delvis sjukemelde pga. kroniske sjukdomar. Det vert lagt stor vekt på å følge opp dei sjukemelde og finne gode løysingar for den enkelte. Ein stor del av dei tilsette har barn i førskule- og i skulealder, og vi har ein nokså stor del eigenmeldingar pga. eigen sjukdom eller sjuke barn.

ÅRSVERK	TILSETTE		
34,7	38		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	19,3	16,8	16,0
Budsjett	15,7	18,3	17,3
Avvik	-3,6	1,5	1,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	7,39	7,85	8,38

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Sikre medverknad frå familie og nært nettverk gjennom å tilby nettverksmøte og familieråd til familiane
- ▶ Arbeide for å skape eit godt og trygt arbeidsmiljø ved hjelp av tett samarbeid med tillitsvalde, å gjennomføre 10-faktor, medarbeidersamtalar, personalmøter og kurs med tema vald og trugslar
- ▶ Styrke kompetansen i tenesta med fagdagar, rettleiing i grupper og individuelt og ved deltaking ulike kurs
- ▶ Implementere økonomidelen i fagprogrammet og innføre digitalisering for å effektivisere drifta og få betre økonomikontroll



Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er nærskulen til born i 1. til 7. klasse i Eiksund, Haddal og Garnes og gir grunnskuleopplæring i tråd med opplæringslova. Formålet med grunnopplæringa er å utvikle barn sine kunnskapar, dugleikar og haldningar for å meistre livet og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Skulen har også SFO-tilbod.

Skulen sin visjon har hatt fokus i læring-saktivitetar, utviklingsarbeid, foreldre-skule-samarbeid og på SFO: «Haddal skule har trygge elevar som meistrer og lærer. Vi tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre».

Vi har i 2018 jobba spesielt med læringsmiljø for elevane og arbeidsmiljø for dei tilsette. I dette arbeidet har vi fått bistand frå både PPT og bedriftshelsetenesta på ulike område. Handtering av vald og truslar er eit område der vi ser stor framgang ved færre avvik, og risikovurderinga vår er justert ned i høve risikonivå (konsekvens og sannsyn).

ÅRSVERK	TILSETTE		
27,41	34		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	19,3	19,3	19,0
Budsjett	18,0	19,1	19,6
Avvik	-1,3	-0,2	0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	5,62	5,91	10,91

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Vi arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.
- ▶ Vi gir som ein del av teknologi-skulen i Ulstein kommune, elevane grunnleggande kompetanse i programmering, og legg til rette for kreativitet og skapartrong.
- ▶ Lærarane har teke vidareutdanning innanfor IKT slik at dei får auka kompetanse innan digital opplæring. Denne kompetansehevinga vil vi halde fram med også i 2019–2020.
- ▶ Vurdering for læring: vil arbeider for å utvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.

To år på rad har alle elevane i 5.–7. klasse hatt høve til å delta i elevundersøkinga. Vi er godt nøgde med dei felles resultatane frå elevane i 5.–7. klasse. Vi ønskjer spesielt å heve oss på fokusområda våre: motivasjon, trivsel og meistring.

ØKONOMI

Skulen har eit overforbruk på grunn av tiltak ein har sett inn for å jobbe med arbeids- og læringsmiljøet, og dessutan på grunn av mykje sjukefråvær.

SJUKEFRÅVÆR

Skulen har hatt svært høgt sjukefråvær i 2018. Noko av dette skuldast arbeidsmiljøet, som vi har tatt tak i ved hjelp av både bedriftshelseteneste og PPT.



Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

Hasund skule har om lag 175 elevar og 34 tilsette. Det vert gitt SFO-tilbod til 125 born og skulen har tilbod om særskild norskopplæring for inntil 20 elevar.

Hasund skule vil jobbe for at alle elevar har eit trygt og mobbefritt skulemiljø. Skulen skal ha gode rutinar for å skape eit godt miljø og samstundes ha gode rutinar i dette arbeidet. Vi har gjennomført kompetanseheving for innsatsteam mot mobbing for å førebygge, avdekke og handtere konkrete mobbesaker, og vi har fokus på førebyggjande miljøtiltak. Hausten 2018 gjennomførte Hasund skule «Trivselsveke» for alle elevar med trivsel og elevførebyggjande tiltak på vekeplanen.

Teknologiskulesatsinga har sterkt fokus i skulen sitt arbeid. Vi har ein lærar som har avsett 20 % av stillinga si som ressurslærar innan teknologiskulesatsinga. Ein jobbar systematisk med å bruke dei ulike digitale verktya slik at dei fører til best mogleg læring for elevane. Samstundes vel vi å halde fram med tradisjonell undervisning med papir

ÅRSVERK	TILSETTE		
10,5	14		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	8,8	9,3	9,3
Budsjett	8,3	8,4	8,7
Avvik	-0,5	-0,9	-0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	8,67	8,44	10,67

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Vi har fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skulemiljø, trivsel og læring.
- ▶ Vi nyttar teknologi som verktøy i undervisninga og gir grunnleggande kompetanse i programmering for å auka motivasjon, læring og kreativitet.
- ▶ Vi har gode rutinar for heim-skulesamarbeid og legg til rette for open dialog til beste for eleven si utvikling og trivsel.
- ▶ Vi deltek på «Kompetanseløft», eit organisasjonsutviklingstiltak frå PPT, der skulen kartlegg og jobbar med aktuelle problemstillingar i organisasjonen.

og blyant der det har størst læringsutbytte for den einskilde elev. Vi ser fram til at vi i skuleåret 2018–2019 får 1:1 iPad/Chrome-books til alle elevar.

Hasund skule vil gjere sitt beste for at elevane har ein kultur for læring og eit læringsfellesskap også på tvers av trinn. Mellom elevane skal det vere positivt å vere aktiv og interessert, og det skal ikkje eksistere eit negativt gruppepress mot å gjere sitt beste på skulen.

ØKONOMI

Det er overskot i drifta på grunn av kommunale føringar om innsparing.

SJUKEFRÅVÆR

Langtidsjukefråværet er i hovudsak ikkje arbeidsrelatert. Målet vidare er førebygging av arbeidsrelatert fråvær.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,9	18		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	10,1	10,6	11,8
Budsjett	10,3	10,6	11,1
Avvik	0,2	0,0	-0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	9,36	7,98	9,85

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø
- ▶ Aktiv bruk av innsats-team mot mobbing
- ▶ Teknologiskulesatsing gjennom lærande nettverk for å bygge vidare på utdanninga lærarane har teke ved Høgskulen i Volda
- ▶ Ha fokus på godt læringsutbytte, systematisk oppfølging og kartlegging av grunnleggande dugleikar. Intensiv opplæring for elevar på 1.–4. trinn slik at dei oppnår forventa progresjon i lesing, skriving og rekning
- ▶ Medverknadsprosessar for skulen sine tilsette og god involvering av tillitsvalde, gjennom samarbeidsarenaer som plangruppe, medverknadsutval og skulen sine rådsorgan



Ulstein skule

LEIAR: SYNNØVE HAUG

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har 91 elevar fordelt på 1–7. trinn skuleåret 2018/19. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla elevantal på 25 elevar. Skulen arbeider for at alle elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling i tråd med opplæringslova.

Personalet fortsett å arbeide med teknologi-skulen. Gjennom kompetanseheving i personalet kan kvar lærar vere med på å løfte elevane opp på nye nivå innan bruken av teknologi og programmering. Administrasjonen har lagt til rette for at mykje av felles-/samarbeidstid skal gå med til å ruste lærarane for god pedagogisk bruk av teknologi i undervisninga, noko som er eit felles kommunalt satsingsområde.

Gjennom å arbeide med kartlegging og støtte har lærarane hatt fokus på kvar eleven er no. Dette er viktig for å kunne gå inn med tidleg innsats og slik motivere eleven

til vidare arbeid i skulen. Gode tilbake-meldingar og vurderingar er også med på å skape gode læringsarenaer for elevane.

ØKONOMI

Ulstein skule hadde eit overforbruk i 2018.

SJUKEFRÅVÆR

Ulstein skule har hatt eit stort sjukefråvær. Håpet er å minke sjukefråværet gjennom systematisk arbeid med arbeidsmiljøet og HMS.



Ulsteinvik barneskule

LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKÉVIK

Ulsteinvik barneskule har om lag 440 elevar og nærare 70 tilsette. Det vert gitt SFO-tilbod til 125 born og særskild norskopplæring for inntil 20 elevar.

Vi har arbeidd målretta med skulen sine satsingar. Det er etablert innsatsteam mot mobbing som arbeider for å førebygge, avdekke og handtere læringsmiljø-utfordringar og konkrete mobbesaker. Vi hadde i 2018 miljøveke med temaet «Ver raus» i samarbeid med verdsdagen for psykisk helse.

Teknologiskulesatsinga har sterkt fokus i skulen sitt arbeid. Det er sett av 40 % stilling fordelt på to ressurslærarar. Det vert jobba for å gje elevane god digital opplæring med fokus på variasjon, skaparglede og motivasjon. Det vert jobba med koding og programmering, og skulen stadig tek i bruk nye verkty. Det er i løpet av skuleåret 2018–2019 1:1-dekning med digitale verktøy for alle elevar ved skulen.

Elevane skal få systematisk og grundig opplæring, og vi har særleg fokus på tidleg

innsats. Dette viser igjen i både ressursforvaltning og i systematisk kartlegging av elevane sitt læringsutbytte. Vi hevar kompetansen for å auke grunnleggande dugleikar i lesing, skriving og rekning. Vi vil i løpet av skuleåret 2018–2019 søke godkjenning som dysleksivennleg skule. Dette er resultatet av ei langvarig satsing på fagområdet.

Vi har gode møteplassar og struktur for medverknad for tilsette. Det er lagt vekt på lærande prosessar med god samhandling for eleven sitt beste. Vi delte i heiltidskultursatsinga. Medarbeidarundersøkinga og lågt sjukefråvær gir grunnlag for å seie at skulen har eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

ØKONOMI: Ulsteinvik barneskule har i 2018 eit meirforbruk på 1,6 millionar kroner. Dette skuldast i all hovudsak auka lønskostnadar knytt til nye oppgaver.

SJUKEFRÅVÆR: Ulsteinvik barneskule har i 2018 eit sjukefråvær på 4,41 %. Det er gledeleg at sjukefråværet er så lågt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
53,5	63		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	34,6	36,2	37,5
Budsjett	34,7	34,8	35,9
Avvik	0,1	-1,4	-1,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	5,38	5,32	4,41

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og effektiv handsaming av mobbesaker.
- ▶ Vi har innsatsteam mot mobbing.
- ▶ Teknologiskulen vert hovudsatsingsområde. Vi samarbeider i lærande nettverk for å bygge vidare på utdanninga lærarane har fått.
- ▶ Vi har fokus på godt læringsutbytte og systematisk oppfølging av grunnleggande dugleikar. Vi kartlegg elevane sitt læringsutbytte og følgjer opp elevar med behov. Vi har mål om å verte sertifisert som dysleksivennleg skule.
- ▶ Leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og god involvering av tillitsvalde.

Takk!

På personalfesten 1. februar 2019
vart tilsette med 25 års teneste og
ferske pensjonistar takka av.



Foto: Svein Arne Orvik



25 ÅRS TENESTE

- ▶ Hanne Indregård
- ▶ Turid Mette Dimmen
- ▶ Doris Høybakk

PENSJONISTAR

- ▶ Ajshe Abazi
- ▶ Mildrid Aschehoug
- ▶ Lars Inge Breivik
- ▶ Leif Inge Breivik
- ▶ Mary Runde Breivik
- ▶ Jorunn M.E. Christiansen
- ▶ Arne-Sten Christiansen
- ▶ Johanne Ertesvåg
- ▶ Josefina Teves Flaate
- ▶ Elin-Grethe Haddal
- ▶ Bergljot Hellevik
- ▶ Odd Lykstad
- ▶ Gunhild Marta Myrvåg
- ▶ Randi Ringstad
- ▶ Bjørg M. Ulfstein Skaar
- ▶ Unni Grønmyr Staalesen
- ▶ Evy Hide Vattøy
- ▶ Per Erik Akerjordet
- ▶ Anne M. Aarskog Haddal
- ▶ Oddrun Jensås
- ▶ Tormod Rønning
- ▶ Kirsti Oline Taklo
- ▶ Karsten Ulstein



Ulstein ungdomsskule

LEIAR: LEON ROMESTRAND

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik, har om lag 375 elevar i alderen 13–16 år og 14 klasser. Vi har også norskopplæring for elevar med asyl-, flyktning- og arbeidsinnvandrarbakgrunn. Ulstein ungdomsskule deltek i MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar».

Eleven si sosiale og faglege læring står sterkt forankra i skulekvardagen. Vi startar kvar morgon med tilbod om gratis frukost til alle elevar, og i lunsjen har elevane høve til å kjøpe sunn og heimelaga mat til kostpris. Skulen har i fleire år jobba systematisk med vurdering for læring, og kan for andre året på rad vise til svært gode resultat på nasjonale prøver for 9. trinn i lesing og rekning. Skulen vår ligg som ein av toppane i Møre og Romsdal. Dette gir oss indikatorar på at elevane våre har eit godt læringsutbytte frå 8. til 9. trinn.

MOT-undersøkingar viser at elevane tykkjer at MOT-arbeidet er viktig, og at dei får gode verkty dei kan bruke for

å mestre kvardagen enda betre. Dei to siste åra har også alle lærarane og føresette motteke kompetanseheving i regi av MOT sentralt, og tilbakemeldingane er svært gode! Ulstein ungdomsskule vart kåra til årets MOT-ungdomsskule 2018.

Teknologisatsinga står sterkt ved ungdomsskulen. Suksessfaktorane ligg i kompetente tilsette og ein god utstyrsark. Dette gjer at vi kan auke læringsbytte for elevane våre ytterlegare. Vi har nyleg fått VR-briller, og gler oss til å prøve ut denne teknologien i klasseroma.

Skulen har over lang tid hatt lavt sjukefråvær, og HMS-gruppa ved skulen registrerer eit utviklingsorientert og humørfyllt personale.

ØKONOMI: Skulen har ei god og nøktern drift og kjem ut med positivt avvik.

SJUKEFRÅVÆR: Skulen har over lang tid hatt lågt og stabilt sjukefråvær. HMS-gruppa registrerer eit utviklingsorientert og humørfyllt personale.

ÅRSVERK	TILSETTE		
14,4	17		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	8,9	8,3	8,6
Budsjett	8,4	8,5	8,7
Avvik	-0,5	0,2	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	8,53	11,99	15,08

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Vi har fokus på tydeleg gruppeleing og relasjonsbygging som gir trygt læringsmiljø, trivsel og læring.
- ▶ Autoritativt perspektiv er i fokus.
- ▶ Vi har gode rutinar for samarbeid mellom barnehage og heim, og legg til rette for open dialog til beste for barnet si utvikling og trivsel.
- ▶ Vi vel fokusområde med utgangspunkt i resultat frå ståstadsanalyse, medarbeidarundersøking og brukarundersøking, og utformar standard og indikatorpunkt i tråd med dette.
- ▶ Vi skal gjennomføre tiltak knytte til kompetanseheving og organisasjonsutvikling.



Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

Vi har hatt ein framdriftsplan for arbeidet med autoritativ leiarstil. Gode beskjedar, tydelege overgangar, rutinesituasjonane og barns medverknad har vore fokusområda i 2018. Vi har arbeidd med praksisfortelling og case som personalet har fått kollegaretleiing på. Kvar enkelt medarbeidar har vore følgt opp gjennom oppstartsamtale og sluttsamtale for eiga kompetanseheving på området. Vi har arbeidd saman med PPT.

Vi arbeider for å få til god delingskultur og ein lærande organisasjon. Vi har brukt metodane dialogkafe og kollegaretleiing. Barnehagen tek imot studentar frå Høgskulen i Volda for å halde oss fagleg oppdatert og sikre rekruttering.

Vi har hatt fokus på overgangar når barn byter avdeling, med faste overgangssamtalar mellom dei pedagogisk leiarane. Vi har tidleg oppstartsamtale med nye foreldre for å avklare forventningar. Vi har også nytta ein rutine for overgangen barnehage-skule.

ÅRSVERK	TILSETTE		
44,7	51		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	39,9	39,4	40,6
Budsjett	40,6	40,2	41,2
Avvik	0,7	0,8	0,6
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	4,2	5,48	5,01

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Profesjonelle tilsette med gode elev- og menneskesyn
- ▶ Systematisk arbeid med vurdering for læring for å auke læringsutbyttet til elevane
- ▶ Systematisk arbeid med MOT-programma «Robust ungdom» og «Skulen som samfunnsbyggjar». Ulstein ungdomsskule har lokal plan for godt skulemiljø.
- ▶ Vi har lokalt innsatsteam mot mobbing på skulen
- ▶ Tilsette som har kompetanse i og brukar teknologi som verktoy i undervisninga. Alle elevar har 1:1 Chromebook.

I samband med fagområda kropp, rørse, mat og helse, starta vi opp med eigen kjøkkenhage i Gjerdsbakkane. Barna har vore med på planting av frø, innhausting og matlaging på eiga avdeling.

Halvårsevalueringa i personalgruppa viser at vi er på rett veg med fokusområda. Praksisen kan likevel alltid forbedrast. Kvart steg framover vert støtta og framheva av nærmaste leiar, og vi legg vekt på å feire alle små og store framsteg.

ØKONOMI: Budsjetttrammene er haldne på tross av ekstraavgifter og arbeid med stenging av brakker, avvikling av ferie og open barnehage heile sommaren.

SJUKEFRÅVÆR: Sjukefråværsprosenten er høg, men vi har stort fokus på nærværarbeid. Langtidssjukmelding pregar statistikken. Korttidsfråvær er akseptabelt.

ÅRSVERK	TILSETTE		
18,55	23		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	3,6	3,5	3,4
Budsjett	3,3	3,4	3,7
Avvik	-0,3	-0,1	0,3
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	5,84	5,99	10,32

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ PPT arbeidar med organisasjonsutvikling og kompetanseheving
- ▶ PPT samarbeider tett med alle fire kommunane, held oss oppdaterte og strekker oss etter å arbeide forskings- og kunnskapsbasert
- ▶ PPT arbeider for å implementere det autoritative perspektivet i alle einingane, dette er det mest effektive tiltaket for å førebygge og handtere mobbing.
- ▶ Vi arbeider for at alle skal føle seg sosialt, fysisk, emosjonelt, fagleg og kulturelt inkluderte i skule og barnehage.
- ▶ PPT er på overordna nivå og samarbeider med leiinga i alle einingane i dei fire kommunane.
- ▶ PPT har stort fokus på at brukar-medverknad i samband med utgreiing og sakkunnig vurdering



Pedagogisk-psykologisk teneste

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Kontoret til den interkommunale PP-tenesta ligg i sentrum av Ulsteinvik. Ulstein kommune er vertskommune for PPT i eit samarbeid med Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

PPT samarbeider med til saman 72 barnehagar og skular i dei fire kommunane. Fylkeskommunen, med til saman tre vidaregåande skular, kjøper tenester hjå PPT.

PPT har faste samarbeidsmøte med overordna nivå i alle dei fire kommunane, der vi mellom anna legg planar for vidare samarbeid og satsingar på organisasjonsnivå. Vi er også på overordna nivå og samarbeider tett med leiinga på dei ulike einingane. Vi gjennomfører tiltaksmøte og samarbeider med einingane om å søke bistand frå PPT.

PPT arbeider på individnivå og skriv sakkunnig vurdering der lova krev det, men vi ser også meir etterspørsel etter kompetanseheving i skule og barnehage.

Mange barnehagar og ein skule er med i ei lengre satsing som omhandlar organisasjonsutvikling, der målet mellom anna er å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet, implementere det autoritative perspektivet og utvikle trygge og gode inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule. Dette er lengre satsingar der ein arbeider godt i alle fasane i eit endringsarbeid for å nå mål.

ØKONOMI: PPT har god drift og kjem ut med eit positivt avvik.

SJUKEFRÅVÆR: PPT har eit noko høgt sjukefråvær med nokre av dei tilsette som skuldast alvorleg/kronisk sjukdom, skade og graviditet.



Ulstein kulturskule

LEIAR: JULIANNE HAUGE

Ulstein kulturskule har gode, tilpassa lokale i andre etasje på Reiten. I tillegg har vi undervisning på alle dei fire barneskulane der elevgrunnlaget i faget er stort nok. Vi har i vår kjerneverksemd 399 elevar fordelt på 505 elevplassar innan dans-, musikk- og visuelle kunsthøgskule. Våre pedagogar har sterk fokus på undervisning av kulturfag som legg til rette for meistring. Dette gjeld spesielt i kjerneprogrammet, på alle nivå og ut frå eleven sitt ambisjonsnivå. Vi har eit brennande ønske om å motivere til livslang læring, som kan føre til at våre elevar vert ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv i framtida.

Som dei andre skulane jobbar vi systematisk med satsinga "Vurdering for læring". I 2018 hadde vi fokus på målsetjing og tilbagemeldingar. Vi jobbar her saman med Hareid og Sande, mellom anna om felles fagdagar. Slik er vi med på å skape eit større fagleg nettverk og tilpassar satsinga til vårt skuleslag.

Våre pedagogar og elevar er aktivt med i kulturlivet, både i frivillige lag og organisasjonar og med utstillingar, førestillingar og konsertar. Vi legg til rette for at elevane skal oppleve meistring og positiv sjølvutvikling i det å glede eit publikum. Samstundes som dei utviklar evner til samarbeid og samhandling, til glede for både seg sjølv og andre.

Hausten 2018 vart det søkt og tildelt "Veiledning i kulturskoleutvikling", gjennom Norsk Kulturskoleråd. Det er sett ned ei prosjektgruppe som består av kommunalleiar, rektor og ressurslærar. Dette er eit fellesprosjekt med Sande kulturskule som går over tre semester, fram mot juni 2020.

I november vart det tilsett ny rektor.

ØKONOMI: Overforbruket kjem av høgre lønnsutgifter enn budsjettet.

SJUKEFRÅVÆR: Etter ei tid med langtidsjukmeldingar som ikkje er jobbrelaterte, er sjukefråværet betrakteleg redusert.

ÅRSVERK	TILSETTE		
8,53	19		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	6,5	6,9	7,0
Budsjett	6,6	6,7	6,8
Avvik	0,1	-0,2	-0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	8,53	11,99	4,98

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Underviser i kulturfag i tråd med rammeplan for kulturskolen: «Mangfald og fordjuping»
- ▶ Systematisk arbeid knytt til satsinga Vurdering for læring
- ▶ Kompetanseheving for lærarane saman med andre kulturskular på Søre Sunnmøre
- ▶ Vidareutviklar samarbeidet mellom heim og skule

Den beste MOT-skulen i landet



Ulstein ungdomsskule vart i 2018 prisløna som den beste MOT-ungdomsskulen i landet.

I grunngevinga står det mellom anna at Ulstein får prisen for å ha jobba godt og systematisk med MOT gjennom mange år.

– Denne utmerkinga viser at satsinga på MOT i Ulstein har vore ein suksess. Grunngevinga for prisen, og tilbakemeldingar frå ungdom, viser at det er ei rett satsing, seier Knut Erik Engh, ordførar og MOT-leiar i Ulstein.

Dei tilsette som er MOT-coachar og gjennomfører det haldnings- skapande programmet «Robust ungdom» ved ungdomsskulen, er takksame for at arbeidet vert lagt merke til og verdsett.

– Prisen deler vi med alle ved Ulstein ungdomsskule og i Ulstein. Alle trengst for å skape eit varmt og trygt lokalsamfunn, seier dei.



Foto:

Motsatt side: Jaro Hollan, Slyngstad Aamlid Arkitekter AS

Øvst til venstre: MOT

Øvst til høgre: Bjørn Losvik, Ulstein Sokn

Nedst til venstre: Svein Arne Orvik



Inkludering og mangfald

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Frå august 2018 vart Ulstein kompetansesenter og Inkludering og mangfald i Ulstein samla til éi eining. Nyorganisering av tenestene har vore eit viktig fokusområde. Flyktningtenesta og norskseksjonen har jobba tett saman for å styrke resultatata for introduksjonsprogrammet. Alle deltakarane med mål om arbeid, har fått tilbod om praksisplass. Totalt har ein hatt over 40 praksisplassar. Vi har jobba med å bidra til at busette flyktningar får formalkompetanse. Resultatet er mellom eit tilrettelagt løp for helsefag i samarbeid med Nav og fylkeskommunen. I 2018 gjekk 57,14 % av deltakarane i introduksjonsprogrammet vidare til arbeid eller vidaregåande utdanning. 21,43 % gjekk vidare til grunnskule. Dette er ei markant forbetring frå åra før. Det viktigaste har likevel vore å jobbe for varig tilknytning til arbeidslivet. Hausten 2018 auka elevtalet, mellom anna som følge av fleire bebuarar ved Søre Sunnmøre mottak med rett til norskopplæring.

Våren 2018 vart Ulstein kompetansesenter nedbemanna, mellom anna i teamet som

jobbar med spesialpedagogikk. Hausten 2018 vart det sansemotoriske tilbodet «Snoezelen» vedteke flytta frå tredje til første etasje på Reiten. Det har vorte nytta mykje ressursar til å få tilbodet operativt. Trass i nedbemanning og flytting har teamet jobba godt slik at alle elvane har fått god og tilrettelagt opplæring.

Kommunelogopeden har i 2018 jobba med born og unge frå alle skulane og barnehagane. Ettersom dette er ein redusert resurs, har ein ikkje prioritert personar som har rett på tenesta gjennom Helfo eller Nav.


ØKONOMI: Positivt avvik kjem av større tilskot knytt til enkeltsaker. Tilskotsordninga for flyktningfeltet er slik at ein får store tilskot i dei første åra etter busetting. Mange av kostnadane knytt til dei same sakene kjem i seinare budsjettår.

SJUKEFRÅVÆR: Kompetansesenteret vart ein del av IMU i august 2018. Sjukefråværet er samla fråvær for både IMU og kompetansesenteret.

ÅRSVERK	TILSETTE		
16,2	25		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	12,0	15,1	26,3
Budsjett	11,2	13,3	23,6
Avvik	-0,8	-1,8	-2,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	8,92	2,7	7,42

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Kulturavdelinga skal, så langt dei økonomiske og personalmessige rammene strekk til, vere ein kreativ og aktiv medspelar og tilretteleggar for frivillig sektor.
- ▶ Kulturavdelinga sine einingar Ulsteinbadet, Sjøborg kulturhus og Sjøborg kino, har eit særskilt fokus på attraktivitet, sal/marknadsføring og økonomisk inntening i drifta.
- ▶ Kulturavdelinga arbeider for at innbyggjarane i kommunen utviklar godt samhald, stolt identitet og opplever trivsel og bulyst i kvardagen.
- ▶ Det overordna perspektivet for avdelinga er at Ulstein skal vere ein god stad å vekse opp og ein god stad å leve heile livet.



Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

Avdelinga har bak seg nok eit år med eit mangfald av aktivitetar og prosjekt. Vi opplever stor aktivitetsauke og har på fleire område tilbod for innbyggjarane 360 dagar i året. Samspelet med lag og organisasjonar, privatpersonar og næringsliv, gjer at kultur, idrett, fritid og friluftaktivitetar er i vinden som aldri før.

Måla for arbeidet gjennomsyrrar arbeidet i einingane. Ungdomsklubben Bell hadde i 2018 i snitt ca. 50 ungdommar per opningskveld. Dette er viktig tilbod til uorganisert ungdom, som saman med ungdomsarbeidaren skaper sitt eige fritidstilbod. Sjøborg kino hadde eit gjennomsnittleg godt år med nærmare 30 000 besøkande, eit godt snittbesøk på 36 og 137 titlar. Også i 2018 hadde Sjøborg dei beste besøkstala i fylket (etter storbyane). Dei mange arrangementa på Sjøborg er viktige for både kulturtilbodet, trivselen, bulysta og identitetsskapninga. Ulstein Arena har vorte den store samlings- og møteplassen for kultur, integrering og aktivitet, og gjer Ulstein til ein god stad å vekse opp. Her møtes folk på tvers av alder, kultur og interesser. Besøk-

ÅRSVERK	TILSETTE		
16,3	22		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	-16,2	-21,2	-11,9
Budsjett	-12,7	-12,6	-9,0
Avvik	3,5	8,7	2,9
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	15,53	5,51	10,82

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Styrke introduksjonsprogrammet gjennom kvalifiserande tiltak som sikrar at fleire går over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter introduksjonsprogrammet
- ▶ Jobbe for styrka brukarmedverknad og individuell tilpassing av tenestene
- ▶ Betre samhandling og tverrfagleg samarbeid med kommunale tenester og andre instansar
- ▶ Motarbeide utanforskap og bidra til aktiv deltaking i lokalsamfunnet

stala i Ulsteinbadet er totalt på ca. 80 000. Biblioteket har stor vekst i utlån og besøk, og det same gjeld aktiviteten i Klivrehallen og idrettslaga som nyttar Idrettshallen.

Utbygginga av turvegane i fjella vart fullført i 2018. Dette er viktige tiltak for målsettingane om bulyst, trivsel og tilrettelegging for fysisk aktivitet for menneske i alle aldrar. Det var stor aktivitet med søknadar på spelemidlar også i 2018. Vi sendte heile 19 søknadar om tilskot og fem søknadar fekk tildeling. Arbeidet med kulturminneplan vart hausten 2018 teke opp att, og Ulstein Historielag er ein aktiv og viktig samarbeidspartnar.

ØKONOMI: Dei større avvika skuldest i hovudsak for høgt budsjetterte salsinntekter knytt til Ulstein Arena og Sjøborg kulturhus. I tillegg har det ikkje vore avsett midlar i budsjettet for Ulstein Arena til kommunale avgifter.

SJUKEFRÅVÆR: Fråværet skuldest i hovudsak langtidssjukemelding på ei av einingane.

ÅRSVERK	TILSETTE		
6,6	7		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	3,3	2,5	3,4
Budsjett	2,7	3,0	3,3
Avvik	-0,6	0,5	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	3,13	0,61	2,94

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Vi skal vere pådrivarar for fornying og forbedring gjennom digitalisering, og legg til rette for ein kultur prega av innovasjon, nytenking, prøving og feiling.
- ▶ Vi skal ha oppdaterte rutinar og framdriftsplanar som sikrar at vi held fokus på tiltaka gjennom heile året, og at avdelinga har gode planprosessar som sikrar medverknad og berekraftig utvikling.
- ▶ Medarbeidarane skal ha nødvendige faglege og digitale kunnskapar, ferdigheiter og verktøy.
- ▶ Avdelinga sine tenester og arbeidsprosessar skal ta utgangspunkt i behova til brukarane.



Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

Kommuneplanen har vore ute til offentleg ettersyn og klargjort for slutthandsaming. Tre nye reguleringsplanar vart vedtekne og arbeidet med interkommunal kystsoneplan vart starta opp med vedtak av planprogram og oppstartshøyring. I tillegg har ein saman med kommunane på Søre Sunnmøre fått den digitale plankartbasen over på ny plattform og satt opp geosynkronisering mot kartverket sentralt. Alt dette på tross av vakanse i planleggarstilling april–september.

Vi har hatt fokus på innbyggardialog og tok i bruk dialogverktøyet CityPlanner, som er 3D-visualisering, dialog- og beslutningsverktøy i eitt. Dette har vi nytta til å involvere innbyggerane både i kommuneplanen, ved tomtedal, politikarstand, ungdomsgrupper m.m.

Vi har starta opp eit digitaliseringsprosjekt for teknisk sektor, «digitalt førsteval», som både bruk av CityPlanner og geosynkronisering av plandata er ein del av. Innføring av eigedomsskatt vart lagt inn under

avdelinga, og ein av sakshandsamarane på byggesak fekk ansvaret for innføringsprosjektet. Dette medførte redusert kapasitet innanfor byggesak, men med felles innsats og fortsatt til dels lav byggeaktivitet, så gjekk dette bra.

Dei nye tomtene på Legehaugane er målte opp, likeins ein del areal med tanke på grunnkjøp på Skeide.

ØKONOMI: Klarte ikkje budsjettmål for inntekter på byggesak og oppmåling, men oppnådde likevel eit mindre positivt avvik. Dette skyldast i hovudsak vakanse i stillingsheimlar.

SJUKEFRÅVÆR: Sjukefråværet er litt høgare enn målsetjinga om 98 % nærvær. Med få tilsette vil fråvær fort gi utslag på gjennomsnittet, og dermed variere litt frå år til år.



Anleggs- og driftsavdelinga

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

Vatn: Det er totalt levert 1 575 780 m³ reinsa vatn frå fire reinseanlegg. Vassprøver er tekne etter eigen godkjent plan i samsvar med krav i drikkevassforskriftene og frå Mattilsynet. Det er ikkje avvik i vassforsyninga. Drift og utbygging i samsvar med godkjent hovudplan med investering på 10,7 mill. Prosjekta er nye vassleidningar i Hasundvegen, gangveg Dimna og Skeide.

Avløp: Drift og utbygging i samsvar med ny hovudplan. Investering på 6,5 mill. Prosjekta er nye eksterne anlegg i samband med utbyggingar på Legehaugane bustadfelt, samt drift/kontroll og utbetring av utslepplidningane.

Hamn: Langstidsavtale om utbetring av Eiksund ferjekai. Utbetring av kommunal kai på Borgarøya. Opparbeiding av anlegg (park) på Geileneset.

Grøntanlegg: God drift og vedlikehald av kommunale grønntanlegg i eigen regi og med innleigd sommarhjelp.

Veg: Normal drift av kommunale vegar. Dessverre ikkje budsjett til asfalt sidan tilskotsordninga er avslutta. Dette må vi ta omsyn til i komande årsbudsjett. Utbyggingar av eigne gangvegar på Dimna, Skeide og i Haddal (Ringstaddalen/Solsida over elva). Investering i eiga superdekorert (av 3. klasse frå alle barneskulane) kostemaskin til stor glede og nytte.

Maskin/utstyr: Bytta ut bil til vassverket.

Generelt: Stabil, dyktig og røynd bemanning. Ein tilsett pensjonert. Ny medarbeidar tilsett i stillinga. Nytt er det at ein opplever svært stor søknad på ledige stillingar.

ØKONOMI: Avvik skuldast overforbruk på budsjett for veglys og vegvedlikehald.

SJUKEFRÅVÆR: Ein liten auke.

ÅRSVERK	TILSETTE		
10	10		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	16,3	16,6	14,8
Budsjett	15,6	16,4	14,1
Avvik	-0,7	-0,2	-0,7
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	2,71	0,68	2,53

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Legge opp drifta slik at vedtekne rammer samsvarar med utgiftene
- ▶ Gjennomføre investeringsprosjekta innanfor vedtekte budsjett og på ein fagleg god måte
- ▶ Setje av ressursar til å jobbe med planar og utviklingsprosjekt



Hareid og Ulstein brannvesen

LEIAR: OLAV HELT BRUBAKK

I 2018 var det 8 bygningsbrannar, 5 på Hareid og 3 i Ulstein. Vi gav i tillegg bistand til Sande brannvesen ved ein bygningsbrann.

Vi hadde i 2018 210 utrykkingar, 75 for Hareid stasjon og 135 for Ulstein stasjon.

Førebyggjande avdeling gjennomførte 48 tilsyn i 75 særskilte brannobjekt. 12 er utsette til 2020 grunna bra system og at det ikkje har vore avvik.

Vi har også handsama fylgjande saker: innmelding av farlege stoff, 44 søknadar om bålbreining, 7 søknadar om salstadar for fyrverkeri (pyrotekniske varer) og bekymringsmeldingar.

Feiarane har i 2018 utført 3 665 feieoppdrag, fordelt på 550 i Hareid, 1291 i Ulstein, 1033 i Herøy og 791 i Vanylven.

Feiarane har gått 436 tilsyn, alle i Vanylven.

I tillegg har feiarane sjekka ein skorstein etter sotbrann, fresa 5 skorsteinar for beksot, reingjort 5 elstadar, plombert 3 elstadar.

Dei har utført kontroll av nye eldstadar og nokre ekstra feiingar og tilsyn.

ØKONOMI

Utfordringa er at vi greidde å gå i balanse fordi vi hadde vakanse på ei heil stilling i andre halvdel. Utan dette ville vi fått eit underskot. Vi har kjørt eit svært stramt innkjøpsregime, så det er ikkje mogleg å spare ytterlegare midlar.

SJUKEFRÅVÆR

Forklaringa på den store auka er at vi har langtidssjukdom i avdelinga.

ÅRSVERK	TILSETTE		
7,10	39		
NETTO RESULTAT	2016	2017	2018
Rekneskap	6,3	6,8	8,1
Budsjett	6,5	6,4	8,2
Avvik	0,2	-0,4	0,1
SJUKEFRÅVÆR I %	2016	2017	2018
Sjukefråvær	2,18	1,84	8,2

DETTE GJER VI FOR Å NÅ MÅLA

- ▶ Vere bemanna, utstyrt og opplærd til å kunne takle dei utfordringane vi vert ståande overfor og som det er forventa at vi skal kunne handtere, jf. gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak
- ▶ Det førebyggjande arbeidet har fokus på tilsyn med særskilte brannobjekt, informasjonstiltak og arbeid blant utsette grupper (eldre pleietrengjande, personar med nedsett funksjonsevne, personar knytte til rus, og asylsøkjjarar og flyktningar).
- ▶ Beredskap skal fokusere på rask utrykking frå stasjonane og kompetanse i alle ledd.

Folkehelseprofil 2019

Faksimile frå rapport utarbeidd av Folkehelseinstituttet



Folkehelsebarometer for kommunen

I oversikten nedenfor sammenliknes noen nøkkeltall for kommunen og fylket med landstall. I figuren og tallkolonnene tas det hensyn til at kommuner og fylker kan ha ulik alders- og kjønns sammensetning sammenliknet med landet. Klikk på indikatornavnene for å se utvikling over tid i kommunen. I KommuneHelse statistikkbank, <http://khs.fhi.no> finnes flere indikatorer samt utfyllende informasjon om hver enkelt indikator.

Vær oppmerksom på at også «grønne» verdier kan innebære en folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter.

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landet som helhet
- Ikke testet for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet som helhet
- ▬ Variasjonen mellom kommunene i fylket
- De ti beste kommunene i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornavn)	Kommune	Fylke	Norge	Enhet (*)	Folkehelsebarometer for Ulstein	
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	24	21	21	prosent		
	2 Personer som bor alene, 45 år +	22,6	23,8	25,4	prosent		
	3 Andel over 80 år, framskrevet	4,5	5,7	4,9	prosent		
Oppvekst og levekår	4 Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år	84	80	81	prosent		
	5 Lavinntekt (hushold.), 0-17 år (ny def.)	7,6	7,6	9,2	prosent		
	6 Inntektsulikhet, P90/P10	2,7	2,6	2,8	-		
	7 Bor trangt, 0-17 år	11	14	19	prosent		
	8 Barn av enslige forsørgere	10	14	15	prosent		
	9 Stønad til livsopphold, 20-29 år	9,4	9,3	8,5	prosent (a,k)		
	10 Trives på skolen, 10. klasse	89	86	86	prosent (k)		
	11 Blir mobbet, Ungd. 2018	-	8,6	7,6	prosent (a,k)		
	12 Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl.	22	27	24	prosent (k)		
	13 Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl.	15	24	23	prosent (k)		
	14 Frafall i videregående skole	20	19	21	prosent (k)		
	15 Tror på et lykkelig liv, Ungd. 2018	-	69	72	prosent (a,k)		
	Miljø, skader og ulykker	16 Fornøyd m/ lokalmiljø, Ungd. 2018	-	68	70	prosent (a,k)	
		17 Fritidsorganisasjon, Ungd. 2018	-	66	66	prosent (a,k)	
		18 Fornøyd m/ treffsteder, Ungd. 2018	-	46	50	prosent (a,k)	
19 Ensomhet, Ungd. 2018		-	21	20	prosent (a,k)		
20 God drikkevannsforsyning (ny def.)		88	90	91	prosent		
21 Forsyningsgrad, drikkevann		75	90	88	prosent		
22 Skader, behandlet i sykehus		11,5	14,4	13,7	per 1000 (a,k)		
Helserelatert atferd	23 Lite fysisk aktive, Ungd. 2018	-	13	14	prosent (a,k)		
	24 Skjermtid over 4 timer, Ungd. 2018	-	34	31	prosent (a,k)		
	25 Røyking, kvinner	3,5	6,2	6	prosent (a)		
Helsestilstand	26 Forventet levealder, menn	80,4	79,8	79,1	år		
	27 Forventet levealder, kvinner	85,0	84,2	83,3	år		
	28 Utd.forskjeller i forventet levealder	3,5	4	5	år		
	29 Fornøyd med helse, Ungd. 2018	-	67	71	prosent (a,k)		
	30 Psykiske sympt./lid., 15-29 år	152	153	159	per 1000 (a,k)		
	31 Muskel og skjelett	377	343	319	per 1000 (a,k)		
	32 Overvekt og fedme, 17 år	24	26	23	prosent (k)		
	33 Hjerter- og karsykdom	15,6	16,6	17,7	per 1000 (a,k)		
	34 Antibiotikabruk, resepter	419	350	340	per 1000 (a,k)		

Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert og k = kjønnsstandardisert

1. 2018. 2. 2018, i prosent av befolkningen. 3. 2025, beregning basert på middels vekst i fruktbarhet, levealder og netto innflytting. 4. 2017, høyeste fullførte utdanning (av alle med oppgitt utdanning). 5. 2017, barn som bor i husholdninger med inntekt under 60 % av nasjonal median, og brutto finanskapital under 1G. 6. 2017, forholdet mellom inntekten til den personen som befinner seg på 90-prosentilen og den som befinner seg på 10-prosentilen. 7. 2017, trangbodddhet defineres ut ifra antall rom og kvadratmeter i boligen. 8. 2015-2017, 0-17 år, av alle barn det betales barnetrygd for. 9. 2017, omfatter mottakere av uføretrygd, arbeidsavklaringspenger, arbeidsledighetstrygd, overgangsstønad for enslige forsørgere og tiltaksmottakere (individstønad). 10. Skoleåret 2013/14-2017/18. 11. U.skole, opplevd mobbing hver 14. dag eller oftere. 12/13. Skoleåret 2015/16-2017/18. 14. 2015-2017, omfatter elever bosatt i kommunen. 15. U.skole, svarer «ja» på at de tror de kommer til å få et godt og lykkelig liv. 16. U.skole, svært eller litt fornøyd. 17. U.skole, svarer «ja, jeg er med nå». 18. U.skole, svært bra eller nokså bra tilbud. 19. U.skole, ganske mye eller veldig mye plaget. 20. 2017, definert som tilfredsstillende resultater mht. E. coli og stabil drikkevannsløyper. Omfatter vannverk som forsyner minst 50 personer. 21. 2017, andel av totalbefolkningen som er tilknyttet vannverk som forsyner minst 50 personer. 22. 2015-2017, inkludert forgiftninger. 23. U.skole, fysisk aktiv (svett og andpusten) mindre enn én gang i uken. 24. U.skole, daglig utenom skolen. 25. 2013-2017, fødende som oppga at de røykte i begynnelsen av svangerskapet i prosent av alle fødende med røykeopplysninger. 26/27. 2003-2017, beregnet basert på aldersspesifikk dødelighet. 28. 2002-2016, vurdert etter forskjellen i forventet levealder, ved 30 år, mellom de med grunnskole som høyeste utdanning og de med videregående eller høyere utdanning. 29. U.skole, svært eller litt fornøyd. 30. 2015-2017, brukere av primærhelsetjenestene fastlege og legevakt. 31. 2015-2017, 0-74 år, muskel- og skjelettplager og -sykdommer (ekskl. brudd og skader), brukere av primærhelsetjenestene fastlege/legevakt/fysioterapeut/kiropraktor. 32. 2014-2017, KMI som tilsvarende over 25 kg/m2, basert på høyde og vekt oppgitt ved nettbasert sesjon 1. 33. 2015-2017, omfatter innlagte på sykehus og/eller døde. 34. 2017, 0-79 år, utleveringer av antibiotika på resept.

Datakilder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Norsk pasientregister, Ungdata-undersøkelsen fra Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet - Storbunivertitetet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket, Vannverksregisteret, Medisinsk fødselsregister, Hjerter- og karregisteret, Primærhelsetjenestene fastlege/legevakt/fysioterapeut/kiropraktor (KUHR-databasen i Helsedirektoratet) og Reseptregisteret. For mer informasjon, se <http://khs.fhi.no>.



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik
Tlf. 70 01 75 00
www.ulstein.kommune.no

 facebook.com/ulsteinkommune

 instagram.com/ulsteinkommune